

A thick dark grey vertical bar runs down the left side of the page. A red arrow points to the right from this bar, containing the date 19/10/2022.

19/10/2022

Revisjon av kommuneplanens arealdel for Lom kommune 2021- 2030

Samanfatting av uttaler
og innspel ved 2. gongs
offentleg ettersyn og
høyring med
kommentarar frå
plankontoret.

Innhald

I. Samanfatning og kommentarar til uttalene	2
I.1 Lom og Skjåk brannvesen – Brev dat. 20.07.2022 (dok.nr. 80).....	2
I.2 Marit Øyberg og Geir Nilsen – E-post 07.09.2022 (dok.nr. 87).	3
I.3 Statens vegvesen – Brev datert 07.09.2022 (dok.nr. 88).	4
I.4 Emil og Hege Beate Damstuen, Gry Johanne Myren, Heidi Johnsen og Per Nasset – E-post 08.09.2022 (dok.nr. 89).....	4
I.5 Mattilsynet – Brev dat. 06.09.2022 (dok.nr. 90).	6
I.6 Reidun og Arne Galde E-post 13.09.2022 (dok.nr. 91).....	6
I.7 Sameiget Meadalsvegen, brev dat. 06.09.2022 (dok.nr. 92).....	7
I.8 Innlandet fylkeskommune med vedtak i Fylkesutvalet 06.09.2022 (dok.nr. 93).	8
I.9 Geir Ove Skjåk, e-post 15.09.2022 (dok.nr. 94).	20
I.10 Torstein Frisvold, e-post 15.09.2022 (dok.nr. 95).....	20
I.11 Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel og Birdlife Norge, Sel og Ottadalen lokallag, brev 15.09.2022 (dok.nr. 96).....	21
I.12 Setereigarar og beitebrukarar på Nordsetrene, e-post 15.09.2022 (dok.nr. 97).	28
I.13 Styret i Vårdalen statsallmenning, e-post 15.09.2022 (dok.nr. 98).....	29
I.14 Jordvernalliansen i Innlandet, brev 15.09.2022 (dok.nr. 99).....	31
I.15 Statsforvaltaren i Innlandet, brev 15.09.2022 (dok.nr. 100).....	32
I.16 Direktoratet for Mineralforvaltning, brev 15.09.2022 (dok.nr. 101).	37
I.17 Brimi sæter, brev 16.09.2022 (dok.nr. 102).....	38
I.18 Statskog SF, brev 15.09.2022 (dok.nr. 103).	40
I.19 Lom Bonde- og småbrukarlag, e-post 16.09.2022 (dok.nr. 106).	40
I.20 Lom sau- og geitealslag, e-post 16.09.2022 (dok.nr. 107).	41
I.21 Jo Rusten med familie, e-post 16.09.2022 (dok.nr. 108).....	42
I.22 Jehans Storvik jr., e-post 16.09.2022 (dok.nr. 109).....	42
I.23 Vårdalen beitelag, e-post 19.09.2022 (dok.nr. 111).	43
I.24 NVE, brev 22.09.2022 (dok.nr. 115).....	44
I.25 Lom fjellstyre, uttale vedteke i møte 22.09.2022 (dok.nr. 116).....	46
I.26 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, uttale frå møte 13.09.2022 (dok.nr. 117). 50	
2. Samandrag av uttaler til enkelte av utbyggingsområda.	51
2.1 BF14_f: Byggeområde for fritidsbustadar ved Bjønnskardet.	51
2.1 BFT28_f: Fritids og turistformål ved Nordsætrin.	54

1. Samanfatning og kommentarar til uttalene.

Uttalene finn ein i arkivsak 2021/708 i sak arkivsystemet Elements– Kommuneplanen sin arealdel 2021-2030 – Lom kommune.

1.1 Lom og Skjåk brannvesen – Brev dat. 20.07.2022 (dok.nr. 80).

Brannvesenet skriv mellom anna at det mest vesentlege for dei ved etablering av nye områder for bustader, fritidsbustader og næring, er at det vert tilrettelagt med tilfredsstillande mengde sløkkevatn og at det vert teke omsyn til brannvesenets behov for tilkomstveg. Breidde på veg, svingradius og stigningsforhold må ikkje vera til hinder for brannvesenet sine bilar. Dei viser til at sløkkevasskapasiteten skal vera minst 20 l/s for småhusbygning og minst 50 l/s i anna bygning, og at forskriftsfesta krav til utrykkingstid skal ivaretakast.

Byggeområde for bustadar.

Brannvesenet viser til at det er lagt til to nye byggeområde for bustader ved byggefeltet i Frisvollskogen, Frisvollskogen sør og Frisvollskogen vest. Ved eventuell utbygging av desse to byggeområda forutset brannvesenet at det vert tilrettelagt med tilfredsstillande forsyning av sløkkevatn og at det blir teke omsyn til brannvesenets behov for tilkomstveg. Avstanden til brannstasjonen i Lom er om lag 13 km, og utrykkingstid om lag 20 min.

Byggeområde for fritidsbustader

Brannvesenet viser til at det i planforslaget, er det lagt til eit nytt område for fritidsbustader, Bjønnskardet. I planomtala er dette området oppgjeve til 90,7 daa med eit anslag på 48 tomter. Brannvesenet viser til at området ligg i direkte tilknytning til eit enno ikkje utbygd hytteområde på Vågå-sida av kommunegrensa. På Vågå-sida er det 29 regulerte hyttetomter. Ved full utbygging vil dette utgjera eit betydeleg tal på fritidsbustader. Brannvesenet viser til at det er skissert at tilkomstveg og annan infrastruktur kan byggjast ut felles for dei to områda.

Brannvesenet skriv at reguleringsplanen for Bjønnskardet i Vågå kommune legg opp til middels til høg sanitær standard og veg fram til kvar tomt. Dei skriv at det ved utarbeiding av VA plan må takast omsyn til krav om minimum sløkkevasskapasitet jf. byggteknisk forskrift, og at det må leggjast til rette for tilstrekkeleg tal på uttak for sløkkevatn. Utan tilrettelagt trykkvatn vil det vera utfordrande for brannvesenet å skaffe tilstrekkeleg mengde sløkkevatn i dette området. Brannvesenet viser til at området ligg på ein åsrygg utan førekomstar av vatn eller bekkar. Avstand til brannstasjon i Lom er om lag 32 km. Avstand til brannstasjon i Vågå er om lag 15 km. Brannvesenet skriv at ved ei eventuell hending, vil Vågå brannvesen stå for fyrsteinnsatsen sidan dei har kortast køyreveg.

Brannvesenet skriv at dei same merknadane om vassforsyning, kan gjerast for dei allereie regulerte byggeområda for høgstandard fritidsbustader som ikkje er utbygd med veg, vatn og avlaup, Tjønnbakken hytteområde og Galdhøpiggen høvfjellshytter. Om desse blir utbygd, bør vassforsyninga tilfredsstillende krava til sløkkevatn.

Byggeområde for næringsformål

Brannvesenet visar til at det i planforslaget er det vidareført eit enno ikkje regulert næringsområde på Lågkollen. Dei viser til at det er lagt til eit nytt område i tilknytning til dette og at det er og lagt inn eit nytt område ved Frisvollskogen.

Brannvesenet skriv at for områder med konsentrert og omfattande næringsdrift, skal ikkje utrykkingstida ved brann overstige 10 min med mindre det er gjennomført kompensierende tiltak. Dei viser til at byggeområda for næringsformål ved Lågkollen og Frisvollskogen da ikkje oppfyller ikkje kravet til utrykkingstid som gjeld for konsentrert og omfattande næringsdrift. Dei skriv at type verksemd og eventuelle kompensierende tiltak bør vurderast før etablering.

Brannvesenet viser til at kravet til mengde sløkkevatn er høgare i næringsområde enn i område med småhusbygnad, og at sløkkevasskapasiteten skal vera minst 50 l/s i område regulert for næringsbygg.

Kommentarar frå plankontoret:

Ein merker seg det Lom og Skjåk brannvesen skriv.

Når det gjeld forslaga om dei nye bustadområda i Garmo, vil ein kunne sørgje for at kravet til mengde sløkkevatn vil bli innfridd. Utrykkingstid, vil også ligge innafor krava.

Når det gjeld forslaget om nytt område for fritidsbustadar ved Bjønnskardet (BF14_f), er det i konsekvensutgreinga teke høgde for at fritidsbustadane i feltet skal kunne ha innlagt vatn og avlaup, da dette etter erfaring oppstår som ønskje frå hytteeigarane etter kvart uansett. Ein VA-plan og nærare utgreingar av moglege vasskjelder, vil kunne avdekke om det er mogeleg å forsyne eit hyttefelt med forholdsvis høg standard oppe på Bjønnskardsryggen med drikkevatn. Krav til drikkevassforsyning og sløkkevatn vil i det heile vere ein kritisk faktor for mogelegheitene for å etablere eit nytt felt med fritidsbustadar her. Kommuneplanforslaget omfattar som i tidlegare vedteken kommunedelplan for Nordsetrene, også ny trase for veg frå klatreparken, langs Langmyrin til Bjønnskardet. Denne vegen vil vere lettare å halde ope om vinteren enn dagens vegforbinding langs Kleppdalsvegen. Gjennom framtidig reguleringsplanlegging må ein sikre at vegen får en standard som innfrir krava til framkomst mellom anna for brannvesenet sine utrykkingskøyretøy.

Det same vil gjelde etablering av et stort næringsområde vest for Lågkollen (BN01 og BN03_f). Utbygging av næringsbygnad her, vil setje store krav til både drikkevassforsyning og til sløkkevatn. Næringsområdet må truleg helst knytast til det kommunale nettet for vatn og avlaup. Det er 5 km til næraste tilknytning til kommunalt nett både mot Garmo og mot Fossbergom, slik at det utgiftene vil vere store. For å skaffe stabil og sikker vassforsyning og ønska vasstrykk, må det i tillegg byggast høgdebasseng. Krav til vassforsyning og sløkkevatn vil saman med store kostnader til veg og avlaup, vere ein kritisk faktor for mogelegheitene for å etablere eit nytt næringsområde vest for Lågkollen.

For etablering av eit mindre næringsområde ved Frisvollskogen (BN02_f), vil det vere langt enklare å innfri krava til sløkkevatn. Området ligg like sør for Garmo reinseanlegg, og er forholdsvis enkelt å knyte opp mot det kommunale leidningsnettet i området.

1.2 Marit Øyberg og Geir Nilsen – E-post 07.09.2022 (dok.nr. 87).

Marit Øyberg og Geir Nilsen viser til at det på Vågåsidea er det regulert inn fire hyttetomter på deira teig. Dei viser til at det tidlegare vært ønske om ein gjennomføringsveg gjennom dette hyttefeltet. Dei har tidlegare kome med marknader på dette fordi det vil innebere et større inngrep og mykje meir trafikk enn en enkel blindveg som er tenkt til hyttetomtene.

Dei viser til at forslaget til kommuneplanens arealdel viser en tenkt veitrase på Lomssida, og at traseen er lagt berre ti meter frå to av deira innregulerte hyttetomter. Dei viser til at vegen er planlagd på høgdedraget og det er brattlend ned til hyttetomtene. Dei skriv at dette vil være sjenerande i terrenget i tillegg til at det vil forringe tomtene. Etter ei synfaring ser dei ikkje behovet for å legge vegen så tett opp mot kommunegrensa og deira hyttetomter, da terrenget er etter deira mening er betre eigna for å bygge vegen lenger inn på Lomssida.

Kommentarar frå plankontoret:

Ein merker seg det Øyberget og Nilsen skriv. Plankontoret har vore på synfaring, og sett at dei terrengmessige forholda ligg godt til rette for å legge vegen lengre inn på Lomssida. Ein vil derfor endre vegtraseen noko, utan at det vil gå ut over talet på tomter det vil vere potensiale for i området. Ein viser til kartskisse under.



Figur 1: Utsnitt av revidert plankart der også det er skissert potensiale for hyttetomter. Tilkomstvegen som er vist med raud line, er flytta sørover ved tomtene 19 – 38.

1.3 Statens vegvesen – Brev datert 07.09.2022 (dok.nr. 88).

Statens vegvesen (SVV) skriv at endringane etter 1. gongs ettersyn er tydeleggjort på ein ryddig måte i planmaterialet. Dei viser til at endringane mellom anna inneber eit nytt byggeområde for næringsformål, BN02_f, i Frisvollskogen. SVV meiner at føresegna knytt til dette om kva for næring som er tillate, gjev ei god styring av arealbruken. Dei viser til at det er sett krav om reguleringsplan, og skriv at ein her må utgreie kva konsekvensar trafikken vil ha for RV15 på staden.

SVV har elles ingen merknadar ved 2. gongs høyring.

Kommentarar frå plankontoret:

Ein merkar seg det SVV skriv, og tek det til orientering.

1.4 Emil og Hege Beate Damstuen, Gry Johanne Myren, Heidi Johnsen og Per Nettet – E-post 08.09.2022 (dok.nr. 89).

Dei skriv mellom anna at dei er imot ei opning for fleire fritidsbustader i områda BF12_f Nåvårsætervangen, BFT28_f Nordsætrin og BF14_f Bjønnskardet. Dei skriv det er svært lite berekraftig at det kan bli opna for fleire høgstandard hytter i eit område som er såpass spesielt som områda ved Tesse, Nordsætrin og Nåvårsætrin - i ei tid kor store utmarksområde i Noreg og i Gudbrandsdalen er truga av hytteutbygging.

Dei viser til at dei er eigarar av heilårsbustadar langs Tessvegen (på Vågåsida), og at dei har den vegen som vil bli den mest nytta for tilkomst til hytteområda, tett inntil sine eigedomar.

Dei viser til at Tessvegen er ein privat veg, eigd av Eidefoss Vannkraft, og at dei som brukarar er med på å finansiere vedlikehald på denne vegen. Dei skriv at det allereie i dag er på grensa av kva tolmodet deira taklar med auka trafikk langs denne vegen, og at dei ser med stor uro på den auka trafikkmengda som fleire fritidsbustadar vil føre med seg. Både grunna auka støy, men spesielt det aukande talet på farlege trafikksituasjonar og det kostnadskrevjande vedlikehaldet ei slik trafikkauke

fører med seg. Særleg bekymra er dei for trafikksikkerheita med tanke på at dei har ungar som skal nytte vegen som skuleveg framover.

Dei skriv at kulturlandskapet i Tesseområdet er i ei særstilling i landet, då det er svært få slike bevarte seterstular igjen i landet. Dei viser til at det enda er mange som nyttar området til setring. I tillegg går det mykje sau og storfe på utmarksbeite i området. Dei skriv at i deira auge er høgstandards hyttefelt og setring ikkje foreinleg. Dei viser til dei mange oppslaga i lokalavisene dei siste åra som byggjer opp om dei rådande konfliktane mellom fastbuande, setereigarar eller dyr på utmarksbeite og hyttefolk. Dei skriv at dei er redd dette kjem til å eskalere også ved Tesse om det kjem opp fleire fritidsbustadar i området.

Dei meiner at eit eller fleire hyttefelt sannsynlegvis vil gjera området mykje mindre attraktivt som reisemål. Dei skriv at dei sjølve set stor pris på dette kulturlandskapet slik det er i dag, og at dei nesten dagleg nyttar det til turar og rekreasjon. Det kan dei og gå god for at mange tilreisande gjer. Dei skriv dei er overtydde om at hytteutbygging vil øydelegge dette kulturlandskapets særeigenheit. Eit utbygd hyttefelt er endeleg og kan ikkje angrast.

Dei viser til at BF14_f Bjønnskardet ligg nær ferdig regulert område for hyttefelt (Uksfoss-feltet). I meiner det i praksis vil bety ei utviding av eksisterande hyttefelt. Dei skriv at ved ei utbygging vil den naturlege avgrensinga som følger kommunegrensa i dag bli borte, og hyttefelta vil då bli store og arealkrevjande i landskapet.

Dei skriv vidare mellom anna at Lom kommune har i mange år nytt godt av politikken kommunen har ført med å avgrense bygging av fritidsbustader, og dei finn det særst tankevekkande at kommunen endrar kurs i tider kor bakdelen med storstilt hyttebygging har blitt satt meir på dagsorden. Dei viser til at den direkte tilkomsten mellom Tesse-området og Lom noko er avgrensa, så om kommunen håpar på auka handel og oppdrag til næringslivet i Lom, så er det i beste fall ei ønsketenking. Dei meiner at slik vegsituasjonen og avstandane er, er det meir sannsynleg at hyttebyggarane kjem til å nytte butikkane i Vågåmo til handel, og Vågå-bedrifter til byggeverksemd. Dei skriv at erfaringane frå andre hyttekommunar i landet, viser at kommunen ofte blir sittande med større utgifter knytt til auka kommunale oppgåver.

Innsendarane viser til fleire forskingsrapportar og avisartiklar for å underbygge det dei skriv.

Kommentarar frå plankontoret:

Ein merkar seg det innsendarane skriv. Ein har forståing for at dei synast den auka trafikken langs Tessvegen kan vere problematisk for dei som bur langs vegen i dag, og at dei er uroa for framtida. Tessvegen er den kortaste og einaste bomfrie tilkomsten inn til området frå RV15, og er det tilkomsten som dei fleste besøkande til området nyttar. Vegen er smal, men har den fast dekke opp til Tesseosen, og har betre standard enn dei alternative bomvegane inn i området. Med omsyn til trafikktryggleiken, burde vegen vore breidda og opprusta i forhold til dagens trafikk, og med tanke på trafikkauke med grunnlag i eventuell framtidig hyttebygging vil dette vere eit enda meir aktuelt tema.

Innsendarane peikar på dei store kulturlandskapsverdiane i Tesseområdet. Kommunen er fullt klar over desse, og desse verdiane også er sett på å vere av nasjonal verdi, er mellom anna dokumentert ved at området ved Tesse er med i Riksantikvarens plan for sikring av viktig kulturlandskap (KULA). Ved 2. gongs høyring er område BF12_f ved Nåvårsætrin teke ut av planforslaget i likskap med område BF01_f ved Nordsetrin. Dei to hytteområda som står att i Tesseområdet BF14_f ved Bjønnskardet og BFT28_f ved Nordsætrin, er ikkje av dei mest eksponerte i landskapet, og er i hovudsak vidareført fordi dei ligg i noko avstand frå det mest sentrale seterområdet. Utbygging i desse områda vil utløyse meir trafikk i området, og grip slik sett direkte inn i den debatten ei har hatt

om hyttebygging i den seinare tida, og som særdeles har vore knytt til konflikter i område med setring og dyr på utmarksbeite.

Siste del av uttala går meir på diskusjonen om hyttebygging generelt, og diskusjonen om verknadar dette har for kommune og næringsliv. Synspunkta er klåre og står for seg sjølve, og blir ikkje kommentert nærare.

Plankontoret vil gjere ei samla vurdering av forslaga om hyttebygging ved Nordsetrene i saksframlegget ved sluttbehandling av planen.

1.5 Mattilsynet – Brev dat. 06.09.2022 (dok.nr. 90).

Mattilsynet skriv at deira innspel ved 1. gangs høyring, datert 14.09.2021, er ivaretatt i planarbeidet, og at dei ikkje har ytterlegare kommentarar ved denne høyringa.

Kommentarar frå plankontoret:

Ein tek uttala til orientering.

1.6 Reidun og Arne Galde E-post 13.09.2022 (dok.nr. 91).

Reidun og Arne Galde skriv at når det gjeld Galde 128/2 sin eigedom ved campingplassen på Galdesand, ser dei at ein del av dette (ikkje inngjerda) er tiltenkt anna bruk enn jordbruk. Dei skriv at denne delen vil bli lagt til den oppdyrka delen vi har der frå før og nytta til jordbruksproduksjon.

Galde skriv dei vil sende inn krav om kartforretning for nøyaktig fastsetting av grenser mot campingplassen vil bli innsendt.

Kommentarar frå plankontoret:


Arealbruksformåla i plankartet til kommuneplanens arealdel, er i hovudsak basert på dagens bruk av området. Slik arealbruksformåla er lagt, samsvarar det også nokon lunde med korleis grensene er trekt for reguleringsformåla i reguleringsplan for Galdesand med ny Galdhøpigveg frå 1991. Denne planen er ikkje lengre gjeldande.

Når ein ser flybilde teke opp i 2020 saman med matrikkelen, ser ein at campingplassen brukar ein del av det området som er vist i matrikkelen som eigedom til GID 128/2, Uppigard Galde, men som i reguleringsplanen frå 1991 har reguleringsformålet campingplass.

Nå er det å si at eigedomsgrensene i området ved Galdesanden er uklare. Bøverdals samfunnshus med campingplassen, som opphavleg var tomte for Bøverdals Ysteri, og som har GID 126/4, er i det heile ikkje vist på matrikkelkartet. Da Bøverdals Ysteri vart nedlagd i 1952, vart det etter kvart kjøpt av Bøverdals samfunnslag. Dei bygde ysteriet om til samfunnshus og forsamlingslokale. Frå 1970 talet vart verksemda utvida til å omfatte ungdomsherberge og drift av campingplass på Nystugujordet som dei hadde kjøpt (umatrikulert under GID 126/2). I bygdaboka for Lom, band 4, side 294, står det følgjande: "Med tillegg av noko areal frå Uppigard Galde har samfunnslaget både teltplass og plass til utleigehytter".

Kommuneplanen skal i første rekkje speile ønskt arealbruk for dei ulike areala i kommunen. Grensene for dei ulike eigedomane er uklare her, men ein vil inntil vidare oppretthalde planforslaget med same utstrekning av område KBA3 – kombinert formål "samfunnshus og campingplass" som i

kommuneplanforslaget som har vorte lagt ut til høyring. Ein viser til utsnitt av planforslaget under der eigedomsgrensene er særskilt framheva.



Figur 2: Utsnitt av kommuneplanforslaget. Ein ser at KBA3 strekk seg inn på areal som i matrikkelen ligg på GID 128/2.

1.7 Sameiget Meadalsvegen, brev dat. 06.09.2022 (dok.nr. 92).

M99 - Omundjordet- Råstoffutvinning

Styret i Meadalsvegen skriv at dei er heilt samde i at det er viktig å ta vare på rovfuglen som hekkar i området. Dei viser til at grusen som blir knust i dette uttaket er forbehalde til bruk på denne vegen, det er ikkje noko som blir selt vidare. Dei skriv at knusing av grus er ein stor kostnad for Meadalsvegen, og er ikkje noko som er realistisk gjennomført i perioden februar – juni som det står om her. Dei knuser grus om lag kvart tiande år, og håpar det kan vera mogleg å finne ei løysing som gjer at vi kan knuse grus her også i framtida utan å

utarbeide ein reguleringsplan. Dei skriv at kostnaden ved reguleringsplan er såpass dyr, at veglaget truleg ikkje kan ta seg råd til det, men heller kjøpe grus frå nede i bygda. Dette vil medføre større negative konsekvensar for miljøet, ved at ein må frakte grusen mykje lenger.

M100 - Tavelflye i Smådalen - Råstoffutvinning.

Styret i Meadalsvegen viser til at dette uttaket ligg langt inn i fjellet, og er eit viktig uttak for vedlikehald av vegen inn til Smådalssætrene. Dei viser til at dette er ein traktorveg, og det er ikkje mogleg å gruse vegen frå Solhell til Smådalen med noko anna enn traktor. Skal dei køyre grus heilt frå Omundjordet og inn til Smådalen, så vil det bli mykje køyring på ein sårbar veg. Dei skriv at dette vil medføre større negative konsekvensar for miljøet, ved at ein må frakte grusen mykje lenger.

M50 - Illmyrbakkjin i Smådalen - Råstoffutvinning.

Styret i Meadalsvegen viser til at dette er eit grustak som er tatt ut av arealplanen. Meadalsvegen ynskjer å få dette grustaket inn i planen att, med same argument som for M100. Veggen frå Solhell til Smådalen er 13 km, og det er greitt med eitt uttak i kvar ende av denne veggen. Det er langt frå Omundjordet, og mange høgdemøter å køyre grus i traktor frå der og inn i Smådalen.

LNFR-F01 f - Hytter i Svartlia.

Styret i Meadalsvegen skriv at dei ser positivt på at det kan koma eit par hytter med låg standard, og at dette er noko heilt anna enn hyttefeltet som låg inne i 1. gongs høyring.

Dei skriv at dersom det skal godkjennast enkelthytter, så er det viktig å få inn noko om vegrett. Dei viser til at Meadalsvegen ikkje er vinterbrøyt lenger enn til Soleggen per no. Dei skriv at slik som prisane på brøyting går opp, er det også ei sjanse for at det ikkje blir brøyt lenger enn til Graffer om vinteren.

Dei har ikkje teke stilling til om nye hytter skal få kjøpe seg inn i veggen, eller om dei skal kjøpe sesongkort. Dei ber kommunen om å ha kontroll på om vegretten må tinglysast til nr LNFR-F01_f.

Kommentarar frå plankontoret:

Når det gjeld området for råstoffutvinning M99 – Omundjordet – vil det vere vanskeleg å kome utanom kravet om reguleringsplan. Det er berre gjennom ein reguleringsplan ein har moglegheit for å fastsette bindande planføresegner for å styre aktiviteten i uttaket med omsyn til hekkande rovfugl. Ein reguleringsplan vil også vere tenleg for å fastsette bindande reglar i forhold til avslutting av uttaket og istandsetting/tilpassing av området etter inngrepet.

Når det gjeld området for råstoffutvinning M100 – Tavelflye i Smådalen – vil det bli føreslege oppretthalde området som uttak også ved vedtak av planen. Ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, er det ikkje andre som har kommentert dette uttaket.

Når det gjeld området for råstoffutvinning M50 – Illmyrbakkjen – oppmoda Statsforvaltaren sterkt kommunen å vurdere kritisk om M50 ikkje bør takast ut av planen av landskapsomsyn i si uttale til planforslaget ved 1. offentlege ettersyn og høyring, evt. bli omfatta av krav om reguleringsplan. Statsforvaltaren viste til at masseuttaket ligg delvis svært eksponert i høg fjell. Etter møte med veglaget etter 1. høyring, konkluderte plankontoret med å ta området ut, da ein fekk opplyst at det var lite grus att, og at denne dels var av dårleg kvalitet. Ein ønskjer ikkje å revurdere dette no, da ein også ser at behov for grus vil vere avgrensa på ein veg med status som traktorveg. Dersom evt. framhald av uttaket også vil utløyse krav om reguleringsplanlegging, vil ikkje verdien av grusressursen kunne forsvare kostnadane med dette slik plankontoret vurderer det. Ein ønskjer med bakgrunn i dette, ikkje at dette spørsmålet evt. skal danne grunnlag for å utsette prosessen med vedtak av kommuneplanen ytterlegare.

Når det gjeld det veglaget skriv om hyttebygging i Svartlia, tek ein det til orientering. Kommunen vil ikkje involvere seg i spørsmål om vegrett for nye hytter og brøyting av veggen. Det var i si tid ei jordskiftesak der det ble fastsett reglar for Meadalsvegen, og ein reknar med at spørsmåla som reisast kring vegrett/bomavgift kan finne si løysing her.

1.8 Innlandet fylkeskommune med vedtak i Fylkesutvalet 06.09.2022 (dok.nr. 93).

Fylkesutvalet i Innlandet gjorde i møte 06.09.2022 i sak 99/2022 slikt vedtak:

1. Kommunen har jobbet godt med å ivareta hensynet til viktige kulturmiljøer og landskap i planen, og flere av fylkesutvalgets innspill ved 1. gangs høring er imøtekommet. Fylkesutvalget oppfordrer kommunen til å innarbeide resterende innspill til retningslinjer og bestemmelser, slik at viktige kulturminneverdier er sikret for fremtidig opplevelse og bolyst.
2. Fylkesutvalget mener kommunen har gjort et grundig og godt arbeid med konsekvensvurderingene mellom 1. og 2. gangs høring. Dette svarer ut vår merknad til 1. gangs høring, der vi ber om en samlet og ny vurdering for alle uttaksområder, samt et oppdatert kunnskapsgrunnlag knyttet til konsekvenser og behov.
3. Fylkesutvalget anbefaler at uttaksområde M54 Finna ved Lauva tas ut av planen, av hensyn til vassdragsmiljø og naturtypen. I dette tilfellet ble naturtypen kartlagt etter at reguleringsplanen ble vedtatt, og man har fått et økt kunnskapsgrunnlag som bør legges til grunn for en ny vurdering av et eventuelt uttak.
4. Fylkesutvalget anbefaler at området BFT28_f Nordsetrene tas ut av planen, av hensyn til nærliggende kulturmiljø og landskapsbildet.
5. I område BFT28_f Nordsetrene bør totalbelastningen i området vurderes og det må sikres at viktig areal for landbruket ikke båndlegges gjennom økte inngrep og økt aktivitet fra fritidsbebyggelse. For å sikre at landbruket kan videreføre driften på dagens nivå og ha vekstmuligheter, må arealplanlegging sørge for at næringen har sikres gode driftsforhold, og bygge ned potensielle konflikter mellom landbruk og fritidsbebyggelse med tilhørende aktivitet.

Plankontorets kommentarer til fylkesutvalgets vedtak:
 Kommunen tek vedtaka i pkt. 1 og 2 i uttala til orientering.

Når det gjeld vedtaket i pkt. 3 knytt til masseuttaksområde M54 Finna ved Lauva, var det reist motsegn mot dette av NVE og Statsforvaltaren ved den første høyringa. Desse motsegnene er trekt ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren skriv at føresetnaden for å trekkje motsegna, er at kommunen i samråd med nasjonalparkstyresmakta og brukarane av Finndalsvegen, set i gang eit arbeid med å vurdere drifta av uttaket, eller om andre utak/nye uttak på land kan dekke massebehovet knytt til drift og vedlikehald av vegen.

Forvaltningsplanen for Finndalen landskapsvernområde opnar for at ein kan ta masse i M54 til vedlikehald av Finndalsvegen innafor ramane av vedteken reguleringsplan, da etter søknad til vernestyresmakta. Uttaket er da tenkt å dekkje behovet for grus for vedlikehald på ytre del av Finndalsvegen, medan eit anna regulert massetak på Measeterøye (på land) skal dekkje indre del av vegen. Å kunne nytte masse frå dei to lokale uttaksområda i Finndalen for vedlikehald av vegen, er gunstig, da det elles vil bli svært lang inntransport av masser, og som vil medføre auka trafikk og slitasje på lokalveggar og setervegar. Plankontoret vil tilrå eit vedtak i tråd med løysinga som er føreslege av Statsforvaltaren. Ein vil ikkje føreslå å ta ut M54 av kommuneplanen no, men vil i etterkant av kommuneplanvedtaket bidra til ein prosess der kommunen i samarbeid med nasjonalparkstyresmakta og brukarane av vegen, vurderer drifta av uttak M54 nærare, og gjennomfører ei kartlegging av om det er andre/nye uttak på land som kan dekkje massebehovet.

Vedtaket i pkt. 4 og 5 i uttala gjeld område BFT28_f ved Nordsetrene - som i planforslaget er avsett som byggeområde for fritids- og turistformål – og meir generelt vilkåra for landbruket i området ved Nordsetrene. Planforslaget går ut på at det blir opna for bygging av utleiehytter på BFT28_f for å dekkje behovet for meir overnattingsplass for eksisterande reiselivsbedrifter i området. I tillegg til fylkesutvalet, er det mange faglag, organisasjonar, rettshavarar og andre som tilrår at kommunen

tek BFT28_f ut av planforslaget, medan Brimi seter som sto bak det opphavlege forslaget ønskjer at forslaget blir oppretthalde. Plankontoret vil gjere ei samla vurdering av BFT28_f og arealbruken i området ved Nordsetrene i saksframlegget ved sluttbehandling av planen.

Vidare omfattar uttala saksframlegg frå Fylkeskommunedirektøren med hans vurdering.

Fylkeskommunedirektøren skriv mellom anna at han ser positivt på at merknader gitt til fleire byggeområder for fritidsbustadar ved Tesse og Smådalen frå førstegongs høyring er imøtekome i det reviderte planforslaget. Han skriv det er positivt at kommunen gjer det valet å skape føresetnader for langsiktig ivaretaking både av seterdrift og kulturlandskap framfor å disponere eit stort areal til fritidsbustadar. Plankontoret si vurdering er at områda BFT28_f Nordsetrene og BF14_f Bjønnskaret, ikkje har stor negativ påverknad på kulturmiljø og et større landskapsbilde ved Tesse.

Fylkeskommunedirektøren viser vidare til at regjeringa har utarbeidd nye nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken. Han peikar på at dei eksisterande måla, slik dei er formulert i St.meld. nr. 16 (2004–2005) Leve med kulturminner, har løypt ut i 2020. Derfor skal den nye Meld. St. 16 (2019–2020 - Nye mål i kulturmiljøpolitikken — Engasjement, bærekraft og mangfold bli inkludert i punkt 2.2.3 i Planomtalen. Videre bør også Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning 2021–2030 bli inkludert i same punkt 2.2.3.

I saksframlegget har Fylkeskommunedirektøren desse merknadane til forslaget til planføresegner og retningslinjer:

Punkt 2.6 Energiforsyning (PBL § 11-9, nr. 3) eller 3.1.2 Takform, takvinkel og taktekking (PBL § 11-9, nr. 5 og 6):

Fylkeskommunedirektøren viser til at det blir stadig meir aktuelt å installere solcellepanel på kulturminne, særleg dei som brukast som næringsbygg. Han skriv at under dette punktet bør det vere ei retningsline for at for alle tiltak som gjeld installasjon av solcellepanel og solfangarar på verneverdige kulturminne, eller kulturminne i verdifulle kulturlandskap, skal saka sendast kulturarvmyndigheitene til uttale.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek fylkeskommunens merknadar til etterretning. Ein vil føreslå eit tillegg til kulepunkt nr. 3 i planføresegnene pkt. 2.6 slik: "Ved installasjon av solcellepanel og solfangarar på bygg som er verneverdig som kulturminne eller ligg i verdifullt kulturmiljø, skal saka sendast kulturarvmyndigheit til uttale."

Punkt 2.10 Bevaring av bygningsmiljø og kulturminne (PBL § 11-9, nr. 7):

Fylkeskommunedirektøren viser til at eksisterande bygningsmasse er en ressurs i et klimaperspektiv, i tillegg til å være viktig for bomiljøet i kommunen og sosial berekraft. I samsvar med det og hovudmål 1. i kommuneplanens samfunnsdel, meiner han at det i punkt 2.10 vert utarbeidd bestemming knytt til kartlegging av potensialet som ligger i eksisterande bygningsmasse før det planleggast nye byggeprosjekt som inneberer riving. Fylkeskommunedirektøren meiner det vidare bør bli gjeve retningslinjer til at dokumentasjon av klimaomsyn i reguleringsplanar skal inkludere utgreiing av gjenbruk av eksisterande bygningsmasse og gjenbruk av materialar.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek fylkeskommunens merknadar til etterretning. Punktet Fylkeskommunedirektøren viser til i forslaget til kommuneplanens samfunnsdel lyder til opplysning slik: "Det skal vera ein aukande grad av gjenbruk og bruk av miljøvenlege materialar" (pkt. 1.1). Ein vil føreslå ei ny retningsline til planføresegnene pkt. 2.10 slik: "Ved reguleringsplanlegging og ved planlegging av nye byggeprosjekt

som kan innebære riving, skal det gjerast greie for potensialet som ligg i eksisterande bygningsmasse og gjenbruk av materialar."

Punkt 3.6 Byggeområde for fritids- og turistformål:

Fylkeskommunedirektøren skriv at det er positivt at en del av område for fritids- og turistformål BFT24_f i Storhaugen gard har vorte teke ut av byggeområdet. Han viser til at området ligg innafor det verdifulle kulturlandskapet Bøverdalen. Fylkeskommunedirektøren understrekar at kommunen gjennom reguleringsplanen må sikre en skånsam utbygging i hele området, og at planføresegner må sikre omsynet til det heilskaplege landskapsbildet og en minimering av silhuettverknad.

Fylkeskommunedirektøren meiner at forslaget til at område BFT29_f (garasje/lagerbygg med bruksareal inntil BRA= 200 m²) på motsett side av setervegen og Brimi Fjellstugu bør bli revurdert, fordi arealet er ganske stort og vurderast som en uheldig løysing i forbindelse med heilskapleg arealbruk, sikteline mot Tesse og påverknad på landskapet. Fylkeskommunedirektøren meiner det bør utforskast moglegheiter for ei betre løysning, og at det må bli utarbeidd retningslinjer til arealformålet som sikrar at opplevinga av landskapet ikkje blir vesentleg påverka av tiltaket.


Kommentar frå plankontoret:

Det er stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan for områda BFT24_f og BFT25_f på Storhaugen gard. Områda er som det visast til, også omfatta av omsynssone H570_1 for verdifullt kulturlandskap i Bøverdalen. Ved reguleringsplanlegging vil dei omsyna som er knytt til H570_1 og som er nedfelt i planføresegnene kapittel 7.2.3 danne grunnlag og gi føringar for reguleringsplanlegginga for dei to områda.

Plankontoret har vore på ny synfaring i samband med område BFT29_f ved Nordsetrene. Det er i gjeldande kommunedelplan for Nordsetrene avsett eit område E2 for framtidig erverv nord for Brimi Fjellstugu, men område BFT29_f ligg utafor dette og heng heller ikkje saman med tomta til fjellstugu. Lom fjellstyre ha også uttala seg om område BFT29_f, og skriv at dei er positive for tomt til areal for garasje/lagerbygg, men ynskjer at det vert vurdert alternative områder for plassering av eit slik bygg. Plankontoret meiner i utgangspunktet at eit garasje-/lagerbygg burde vere plassert innafor området E2 som er avsett i kommuneplanen. Ved synfaringa var det plassert masser grava ut ved pågåande byggearbeid ved fjellstugu på det området som er føreslege som BFT29_f. Tidlegare var grove ut i terrenget her med ei flate på nivå 2-3 meter lågare enn setervegen (Smørlivegen). Eit garasje-/lagerbygg med saltak vil måtte bli kring 6 meter høgt, og vil stikke opp over eksisterande terreng også om terrengnivået vert senka ned att. Området kring fjellstugu og Nordsetrene er heilt snautt etter beiting og tidlegare vedhogst, slik at nye bygg vil vere godt synlege i landskapet. Dette området er i dag også prega av erosjon og sandflukt. Kor vidt eit nytt bygg slik det er føreslege, vil vere skadeleg for landskapsbildet vil det vere ulike oppfatningar om. Området ved Nordsetrene og Tesse er registrert med spesielle verdier knytt til kultur- og naturlandskap, og er også med i Riksantikvarens plan for sikring av viktig kultur-landskap (KULA). Denne verneplanen og planprosessen kring denne, har vorte møtt med kritikk i kommunane, og det er ikkje gjort noko vedtak av planen. I konsekvensutgreinga (KU) til kommuneplanforslaget har ein skrive: "... bygging av garasje/lagerhus lågt og skjult i terrenget, vil i liten grad endre gå ut over landskapsopplevinga. Arealet har vore nytta til utadørs lagerområde i fleire år, og det kan for landskapsopplevinga vere like så gunstig å få brakt lagringa innadørs." Etter synfaringa og nærare vurderingar, ser ein at ei garasje nok vil ruve meir i terrenget enn ein så for seg ved utarbeiding av KU. Dette er også påpeikt av kulturarv i arealplanmøte som er gjennomført i kommuneplanprosessen.

Det vart i KU ikkje gjort nokon vurderingar av andre lokaliseringar av eit garasje-/lagerbygg enn den som var føreslege av Brimi fjellstugu. På bakgrunn av uttalene som har kome inn, har ein sett på

dette no, og under har ein forsøkt å illustrere plassering av garasje-/lagerbygg slik det er føreslege av Brimi fjellstugu i ein enkel 3D-modell. På 3D-modellen har ein også illustrert to alternative lokaliseringar av garasje-/lagerbygget som er lokalisert innafor område E2 i gjeldande kommunedelplan for Nordsetrene. Delar av dette området er allereie disponert og skilt ut som festegrunn saman med fjellstugu, men det er att kring 17 daa av det opphavlege E2 som er udisponert (i kommuneplanforslaget namnsett som BFT18B).



Figur 3: Illustrasjon i 3D som syner plassering av garasje-/lagerbygg slik det er føreslege av Brimi fjellstugu, og som også viser alternative lokaliseringar av garasje-/lagerbygg innafor område E2 i gjeldande kommunedelplan for Nordsetrene (Alt.lok. 1 og Alt.lok 2).

Plankontoret finn at dei alternative lokaliseringane ikkje vil vere særleg mindre synlege i landskapet enn den omsøkte lokaliteten, men desse vil bli liggande meir samla kring den eksisterande bygnaden på fjellstugu og lengre unna det sentrale seterområdet. Området som fjellstugu har føreslege for garasje-/lagerbygg, BFT29_f, vil kome i eit område som er utan bygningar i dag, slik at verknadane for landskapsbiletet blir meir synlege. Tar ein først høl på eit nytt område, er det også større moglegheiter for at det kan kome fleire ønske om oppføring av bygnad og andre anlegg her på sikt, med større potensiale for påverknad på landskapsbiletet.

Med bakgrunn i dei merknadane som har kome inn, og at det ligg areal som er disponert for byggeformål inntil fjellstugu i nord som er vidareført frå gjeldande kommunedelplan for Nordsetrene, vil plankontoret foreslå å ta område BFT29_f ut av planforslaget.

Fylkeskommunedirektøren skriv at nasjonale kulturinteresser er tilstrekkeleg sikra gjennom føreslegne føresegnar til omsynssone H570_1 verdifullt kulturlandskap Bøverdalen. Han meiner det i tillegg bør bli lagt inn ei føresegn som gjeld forbod mot å sette i verk store tiltak som kan øydelegge eller skade det særprega landskapet innafor omsynssona.

Kommentar frå plankontoret:

Eit forbod mot å setje i verk store tiltak må i tilfelle bli gjeve som ei planføresegn med juridisk bindande verknad. Det vil da vere ein diskusjon om kva som skal definerast som store tiltak. "Store tiltak" vil i utgangspunktet krevje utarbeiding av reguleringsplan, og bør vere heimla i kommuneplan/kommunedelplan. Som oftast vil "store tiltak" krevje planprogram og konsekvensutgreiing. Med den behandlingsmåten som er fastsett i lovverket for "store tiltak" og reglar gjeve i lovverket om medverknad ved ettersyn og høyring ved slike prosessar, finn ikkje


plankontoret å ville foreslå ei særskilt føresegn for "store tiltak", da ho i utgangspunktet meiner at dei retningslinjene som er gjeve til omsynssone H570_1 er omfattande nok.

Fylkeskommunedirektøren viser til at kommunen ønsker å innføre endringar i ordlyden i retningslinjer under punkt 7.2.3 Retningslinjer for omsynssone H570_1; kulturlandskap i Bøverdalen, 3. – 6. strekpunkt. Fylkeskommunedirektørens vurdering er at de føreslegne endringane til retningslinjer d) og e) i gjeldande plan kan ha negative konsekvensar på nasjonal verdifulle landskapet over tid, og foreslår derfor at gjeldande formuleringar vidareførast i det nye planforslaget.

Kommentar frå plankontoret:

Forslaget om endringa av føresegna for omsynsona H570_1 – Verdifullt kulturlandskap i Bøverdalen – kom ved den politiske behandlinga i planutvalet (formannskapet), og er ikkje særleg grunngeve i sakspapira. Bakgrunnen er at omsynssona er svært stor – om lag 120 km². Sona omfattar både Bøverdalen, Leirdalen og delar av Visdalen, og strekk seg frå Fossbergom i aust til Høydalssæter og Bøverton i vest, ei strekning på over 35 km, jf. kartfigur under. Delar av omsynssona er dessutan omfatta av vern etter naturvernlova som Høydalen landskapsområde naturreservat (11,1 km²), der det er forbod mot å setja i verk tiltak som kan endra det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg, og som Høyrokampen naturreservat (9,91 km²), der det er strenge reglar knytt til bevaring av naturmiljøet som set forbod mot dei aller fleste bygge- og anleggstiltak. I tillegg er Bøvra med sideelver (m.a. Leira) verna vassdrag.

Nede i dalane omfattar omsynssona i tillegg til gardsbyggnad og noko spreidd bustad- og hyttebyggnad, tettstadsbyggnad på Galdesanden og på Leirimo. Sona omfattar også regulerte hyttefelt opp langs Galdhøpiggevegen. For kommunen kunne det vere ønskeleg at særleg områda i tettstaden og dei regulerte hyttefelt, kan ha noko lempelegare regelverk.



Figur 4: Området som er omfatta av omsynssone H570_1 – Verdifullt kulturlandskap i Bøverdalen

I gjeldande kommuneplan for Lom frå 2003 ligg det ikkje nokon omsynssone for kulturlandskap i Bøverdalen, da høve til å leggje inn omsynssoner i arealplan kom inn i plan- og bygningslova først i 2008. Punkta d) og e) som fylkeskommunedirektøren viser til, er henta frå føresegner og retningslinjer til kommunedelplanen for Fossbergom vedteken 24.11.2020, som også omfattar ein liten del av omsynsona (0,23 km²). I kommunedelplanen omfattar sona berre LNF areal og gardsbyggnaden på Andberg.

Ved utlegg av nytt planforslag til kommunedelplanens arealdel for resten av kommunen til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn i 2021, var retningslinjene til omsynssona henta frå kommunedelplanen for Fossbergom. Endringa som er føreslege i punkt 4 i retningslinjene til omsynssona ved andre høyring er at kommunen meiner det er tilstrekkeleg for saksbehandlinga at tiltak som vil kunne få vesentlege konsekvensar for kulturlandskapet, skal sendast til uttale regionale eller statlege styresmakter. Det er såleis berre ordet "vesentlege" som er avvikande frå pkt. d) i kommuneplanen for Fossbergom: «Søknadar og meldingar om tiltak som vil kunne få **vesentlege** konsekvensar for kulturlandskapet skal sendast til uttale til aktuelle regionale styresmakter eller statlege sektorstyresmakter.» Forslaget til endring inneberer jo ikkje at kommunen da ikkje vil legge vekt på estetiske krav til nybygg, påbygg og tilbygg og tilpassinga av desse til landskapet, da dette skal ligge til grunn for kommunen sine vedtak. Men kommunen meiner at ein især for søknadar knytt til bygnad og tiltak i tettstadar og områda regulert for fritidsbyggnad, vil saksbehandlinga og krav til dokumentasjon vere unødvendig omfattande og tungvint ved at søknadane må bli sendt til uttale til regionale eller statlege styresmakter – dette utan at utfallet med omsynet til å ivareta kulturlandskapet blir noko annleis. Alternativet for kommunen vil vere å fremme forslag om å ta ut dei delane av omsynssona som omfattar tettstadar og områda regulert for fritidsbyggnad. Ein har kome til at dette truleg vil vere ei dårlegare løysing, da det også desse områda ligg nær opptil og i blanding med gardsbyggnad, slik at det ikkje vil vere nokon enkel oppgåve å trekke grenser som er greie å praktisere. Av omsyn til kulturlandskapet vi det også vere naudsynt at tiltak som vil ha vesentlege verknadar for kulturlandskapet her blir behandla som dispensasjon og sendt til uttale til aktuelle regionale styresmakter eller statlege sektorstyresmakter. Plankontoret vil derfor tilrå å oppretthalde forslaget til punkt 4 i føresegnene til omsynssone H570_1 som ved andre offentleg høyring og ettersyn.

Når det gjeld den retningslina som har bokstav e) i kommunedelplanen for Fossbergom, og som ved teke inn tilsvarande i kommuneplanforslaget ved første offentleg ettersyn og høyring, lød dette slik: «Innafor det verdifulle kulturlandskapsområdet skal det førast ein restriktiv praksis for dispensasjon frå dei estetiske krav til nybygg og tilbygg...». Ved behandlinga av planforslaget i planutvalet vart dette endra, og lagt ut slik til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring: «Innafor det verdifulle kulturlandskapsområdet skal det leggest vekt på estetiske krav til nybygg og tilbygg...». Grunngevinga for endringa er både det same som for det punktet som er omtala oppfor, at omsynssona er svært stor og famnar område med tettstadbyggnad og reguleringsplanar for fritidsbyggnad, men også at kommunen især for desse områda meiner ein ikkje treng å legge opp til ein vesentleg strengare praktisering av estetiske krav til nybygg og tilbygg enn for andre område i kommunen. Det regelverket som er knytt til plassering, og utforming av bygningar, materialbruk og farger som går fram av føresegnene kapittel 3.1 i planforslaget, er etter plankontoret si vurdering å sjå på som ganske strengt i forhold til andre kommunar, og gjennom den dispensasjonspraksisen ein har ført i kommunen har ein greidd å ivareta kulturlandskapet på ein god måte. Plankontoret vil derfor tilrå å oppretthalde forslaget til punkt 5 i føresegnene til omsynssone H570_1 som ved andre offentleg høyring og ettersyn.

Fylkeskommunedirektøren skriv at det er positivt at det ble lagt to nye omsynssoner i planen og med tilhøyrande retningslinjer:

- H570_11 Omsynssone varderekke på Sognefjellet
- Kollavegen 236 SVV NVP - Statleg listeført - Teknisk/Industrielt minne

Fylkeskommunedirektøren meiner at ein bør legge til ei retningslina: «Alle tiltak innanfor omsynssonen skal sendast over til regional kulturarvmyndigheit for uttale» også for Kollavegen (er gjeve for varderekka på Sognefjellet).

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek fylkeskommunens merknadar til etterretning, og tek inn teksten: "Alle tiltak innanfor omsynssonen skal sendast over til regional kulturarvmyndigheit for uttale" som retningsline for omsynssone 570_10 Kollavegen.

Fylkeskommunedirektøren viser til at også vegfar er viktige kulturminne i kommunen, og peikar særskilt på dei særprega vassveitene som er svært sjeldne i nasjonal samanheng. Han viser til at desse er nemnt i handlingsdel for kommunen sin samfunnsplan 2022-2025 som spesielt viktig type kulturminne, men ikkje i arealdelen. Fylkeskommunedirektøren ber om at dei regulerast som omsynssoner c) ifølgje Pbl. § 11-8, og at det vert utarbeidd retningslinjer til bevaring og vidare bruk. Fylkeskommunedirektøren skriv at føreseigna frå gjeldande kommuneplans arealdel frå 2003-2013: «Vassvegar som er i bruk, eller skal takast i bruk att, skal så langt det er råd vedlikehaldast og restaurerast slik at tradisjonelle konstruksjonar og materialar blir nytta», kan med fordel vidareførast i ny plan.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen har starta arbeidet med ein eigen kommunedelplan for kulturminne, og i den samanheng starta ei kartlegging av vassvegar og gamle vegfar. Ein har dessverre ikkje kome langt nok i dette arbeidet til at ein no kan legge desse på inn på plankartet, som da ville danne utgangspunkt for innlegging av omsynssone for bevaring av kulturmiljø. Når det gjeld desse kulturminna må ein derfor vente på en kommunedelplan for kulturminne, før desse kjem på plass med omsynssone på kart.

Ein er samd med fylkeskommunedirektøren at desse kulturminna bør vere omtala i planen. Gamle ferdssvegar er nemnt i retningslinene for kulturlandskapsområdet i Bøverdalen, men denne retningslina bør også gjelde i resten av planområdet. Ein vil foreslå å ta inn følgjande retningslinjer knytt til desse anlegga i kapittel 2.10:

- *Gamle ferdssvegar skal behaldast i størst mogleg grad med dagens lineføring, kurvatur, breidde og kantvegetasjon. Der det av omsyn til trafikkisikkerheit eller framkomst må gjerast tiltak, bør desse gjennomførast så skånsamt som mogleg.*
- *Gamle vassvegar, også dei som ikkje lenger er i bruk, skal takast vare på.*

Ein tek fylkeskommunens merknadar til etterretning og tek i tillegg inn punktet om vassvegar som ligg i gjeldande kommuneplan frå 2003: " Vassvegar som er i bruk, eller skal takast i bruk att, skal så langt det er råd vedlikehaldast og restaurerast slik at tradisjonelle konstruksjonar og materialar blir nytta".

Retningslinjer for SEFRAX-registrerte bygningar:

Fylkeskommunedirektøren viser til at kommunen har ei retningsline knytt til SEFRAX-bygningar i gjeldande kommuneplan: «Ved behandling av byggjesaker og reguleringsplanar/ utbyggingsplanar skal SEFRAX-registrerte bygningar gjevast ei særskilt vurdering. Bygningar av nasjonal verdi bør få eit særskild vern». Fylkeskommunedirektøren skriv at denne bør vidareførast i den nye planen. Han viser

til at SEFRAK-bygningar som ligger utafor det verdifulle kulturlandskapet bør også ivaretakast og sikrast med retningslinjer.

Kommentar frå plankontoret:

Ein tek fylkeskommunens merknadar til etterretning, og tek inn retningslina frå gjeldande plan i den nye kommuneplanens arealdel kap. 2.10.


Punkt 7.3.2. Område som er bandlagt etter lov om kulturminne (H730):

Fylkeskommunedirektøren skriv at det er 6 registreringar av automatisk freda kulturminne som ikkje ligg i plankartet (id 273402, id 273403, id 273404, id 275898, id 276988 og id 276991). Dette er kulturminnelokalitetane som er registrert i 2021 og Fylkeskommunedirektøren ber at kommunen legg desse inn på kartet med bandleggingssone H730.

Fylkeskommunedirektøren skriv at kommuneplanforslaget slik det føreligg kjem arealbruksfigur BA07 i konflikt med ei av desse lokalitetane - fangstanlegg id 273402.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen har no lagt inn dei mangla kulturminna med bandleggingssone H730-582 til H730-587. Endringane på plankartet er vist i figur 5 under.



Figur 5. Utsnitt av plankartet ved Hamrom som viser innlagte kulturminne og endringar av plankartet som skissert under.

Arealbruksfiguren BA07 med arealformål bygnad og anlegg, er avsett som område for drikkevassforsyning for Hamrom bustadfelt. Avgrensinga av arealformålet er henta frå reguleringsplan for Hamrom frå 1998 (planid. 05140018). Det er pr. i dag ikkje etablert noko anlegg for drikkevassforsyning her, men det kan bli aktuelt å hente vatn frå her i framtida dersom ein skal bygge på alle tomtene dei 14 tomtene som ligg i planen. Pr. i dag er 6 tomter utbygd her, og dei har anna vassforsyning (brønn i område BA05). Ein har no justert BA07 slik at den no ikkje kjem i konflikt med bandleggingssone H730_582 (id. 273402). Det var i høyringsutkastet teikna inn tilkomstveg til

BA07 som var lagt inn som ei flate med samferdselsformål. Denne var lagt inn frå reguleringsplanen frå 1998, der den hadde reguleringsformål "spesialområde privat veg". Vegtraseen følger ein eksisterande skogsbilveg som kryssar over kulturminnelokalitet H730_582 (fangstanlegg id. 273402). Om det nokon gong skal etablerast vassforsyningsanlegg innafor område BA07, vil det i driftsfasen berre sporadisk vere behov for biltransport til anlegget. Tilkomsten til eit slikt anlegg kan skje etter eksisterande skogsbilveg, vil ikkje krevje nokon opprusting av vegen, og kan sikrast ved avtale. I planforslaget som leggst fram for vedtak, har ein derfor fjerna arealbruksformålet for samferdsel og lagt arealet ut som LNF som samsvarar med bruken for skogbruksformål.

3.4 Byggeområde for næringsformål.

Fylkeskommunedirektøren viser til at det i planføresegnene står at: «I område BN01 og BN03_f kan det etablerast industri-, handverks- og lagerverksemd. Områda kan ikkje nyttast til detaljhandel, med unntak av plass- og transportkrevjande varehandel.». Han meiner kommunen har gjort en god jobb med å avgrense varehandel innafor næringsområdet. Fylkeskommunedirektøren skriv at han har erfart at det i kan være utfordrande å tillate plass- og transportkrevjande varehandel, utan at det dukkar opp varehandel som kombinerer plasskrevjande varehandel med detaljvarehandel. Eksempel på slike etableringar er Biltema, og slike kombinasjonar kan være med å skape uønskt presedens. Fylkeskommunedirektøren skriv at kommunen bør være merksam på dette ved planforslag.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek merknaden til etterretning. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan ved utbygging av BN01 og BN03, og problemstillinga kring plasskrevjande varehandel må takast opp der.

7.1.2 Støysoner (H220 og H290).

Fylkeskommunedirektøren peikar på at det under punkt for soner knytt støy frå skytebane og vegtrafikk, visast til T-1442/2016. Han minner om at oppdatert retningsline for behandling av støy i arealplanlegging T-1442, 2021 skal ligge til grunn til fordel for eldre versjonar.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek merknaden til etterretning, og har endra teksten i kapitel 7.1.2 i samsvar med denne.

Konsekvensutgreiing av område for råstoffutvinning utan reguleringsplan - kapitel 4.5 Kulturminne og kulturmiljø:

Fylkeskommunedirektøren ønsker ei presisering knytt til automatisk freda kulturminne og tilrår følgjande endring: "Kjente automatisk freda kulturminne er lagt inn på plankartet som bandlagte etter kulturminnelova. Ingen av områda som er utgreidd som område for råstoffutvinning, er i direkte konflikt med kjente freda kulturminne eller kulturmiljø. Det er ikkje gjort arkeologiske registreringar innanfor områda og det må takast atterhald om at det derfor kan finnast uregistrerte automatisk freda kulturminne som ikkje er kjente."

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek merknaden til etterretning, og har endra teksten i kapitel 4.5 i KU for råstoffutvinning utan reguleringsplan.

Konsekvensutgreiing - kapitel 4.5 Kulturminne og kulturmiljø:

Fylkeskommunedirektøren ønsker ei presisering knytt til automatisk freda kulturminne og tilrår følgjande endring: "Kjente automatisk freda kulturminne er lagt inn på plankartet som bandlagte etter kulturminnelova. Ein har under hele planarbeidet vektlagt å unngå og røyre ved kjente og freda kulturminne og kulturmiljø. Det er likevel ikkje gjort arkeologiske registreringar innanfor alle områda og det må takast atterhald om at det kan vera ikke-registrerte automatisk freda kulturminne innanfor

områda. Ved BB06_f, BN01 & BN03_f og BIS01_f er det observert objekt på LIDAR som sannsynlegvis er automatisk freda kullgroper/fangstanlegg."

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek merknaden til etterretning, og har endra teksten i kapitel 4.5 i Konsekvensutgreiinga.

For område BB06_f - Frisvollskogen sør - som er avsett for utviding av Frisvollskogen bustadfelt, er det krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging. Området må sjekkast ut i forhold til LIDAR-observasjonen og evt. kulturminne i reguleringsplan-prosessen.

For område BN01 og BN03_f - Byggeområde for næringsformål på Lågkollen - er det det krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging. Områda må sjekkast ut i forhold til LIDAR-observasjonen og evt. kulturminne i reguleringsplan-prosessen.

For område BIS01_f - Skytebaneanlegg for leirdueskyting i Lia - er det det krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging. Området må sjekkast ut i forhold til LIDAR-observasjonen og evt. kulturminne i reguleringsplan-prosessen.

Konsekvensutgreiing for massetaksområde i vassdrag med reguleringsplan- kapitel 4.5 Kulturminne og kulturmiljø:

Fylkeskommunedirektøren ønsker ei presisering knytt til automatisk freda kulturminne og tilrår følgjande endring: " Kjente automatisk freda kulturminne er lagt inn på plankartet som bandlagte etter kulturminnelova. Ingen av dei konsekvensutgreia uttaka i verna vassdrag, rårer kjende freda kulturminne eller kulturmiljø. Det er likevel ikkje gjort arkeologiske registreringar innanfor områda og det må takast atterhald om at det derfor kan finnast uregistrerte automatisk freda kulturminne som ikkje er kjente.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek merknaden til etterretning, og har endra teksten i kapitel 4.5 i KU for massetaksområde i vassdrag med reguleringsplan.

Vassdrag:

Fylkeskommunedirektøren viser til at han ved 1. gangs høyring oppfordra fylkesutvalet sterkt om at kommunen tok en gjennomgang og ei ny vurdering av de masseuttaksområda i vassdrag som ikkje har reguleringsplan, med fokus på behov, konfliktnivå og kunnskapsgrunnlag. Det ble også peikt på dei masseuttaksområda som har reguleringsplan, i forhold til kunnskapsgrunnlag og avbøtande bestemmingar.

Fylkeskommunedirektøren skriv at kommunen til 2. gangs høyring har utarbeidd ei konsekvensvurdering for alle masseuttaksområder i vassdrag, både dei med og dei utan reguleringsplan. For Finna og Bøvre, som er verna vassdrag, vert det føreslege å vidareføre totalt fem uttaksområder. Fylkeskommunedirektøren viser til at uttaksområde i Finna ligger innafor naturtypen «Odden», som er av type kroksjøar, flaumdammar og meanderande elveparti med verdi svært viktig – A.

Fylkeskommunedirektøren oppsummerar planforslaget som var til 2. høyring slik:

- M18 Bøvre ved Galdebygde - Foreslått tatt ut
- M104 Otta ved Geitøye - Foreslått tatt ut
- M106 Otta ved Liabrue - Foreslått tatt ut
- M108 Otta ved Yttervikje - Foreslått tatt ut
- MS10 Tessemagasinet - Foreslått tatt ut
- M105 Otta ved Vulu, Garmo - Sete krav om utarbeiding av reguleringsplan

- M109 Tesse ved Ilva - Sete krav om utarbeiding av reguleringsplan
- M31, M110, M111 og M112 Bøvre ved Medalen - Har reguleringsplan, foreslått vidareført
- M32 Bøvre ved Borgasanden - Har reguleringsplan, foreslått vidareført
- M102 Bøvre ved Kvandalsvoll - Har reguleringsplan, foreslått vidareført
- M24 Leira ved Liasanden - Har reguleringsplan, foreslått vidareført
- M101 Bøvre ved Prestsæter - Har reguleringsplan, foreslått vidareført
- M54 Finna ved Lauva - Har reguleringsplan, foreslått vidareført

Fylkeskommunedirektøren skriv han meiner kommunen har gjort et grundig og godt arbeid med konsekvensutgreiingane mellom 1. og 2. gangs høyring. Dette svarer ut vår merknad til 1. gongs høyring, der vi ber om ei samla og ny vurdering for alle uttaksområder, samt eit oppdatert kunnskapsgrunnlag knytt til konsekvensar og behov. Det er også tatt ut områder der behovet har opphøyrd eller der dei negative konsekvensane var større enn de positive.

Fylkeskommunedirektøren skriv han har forståing for at det er ønske og behov om å fortsatt ta ut masse i vassdrag som er så masseførande som Bøvre og Finna. Han tilrår likevel at uttaksområde M54 Finna ved Lauva tas ut av planen, av omsyn til vassdragsmiljø og naturtypen. I dette tilfellet vart naturtypen kartlagt etter at reguleringsplanen ble vedtatt, og ein har fått et økt kunnskapsgrunnlag som bør leggest til grunn for en ny vurdering av eit eventuelt uttak.

Reguleringsplanane for resterande uttak i Bøvre vart vedteke i 1998. Det er varierende i kor stor grad de inneheld avbøtande bestemmingar for å sikre omsynet til fisk og anna vassdragsmiljø, og vi anbefaler at det sjåast på behovet for dette sidan dei no ønskast vidareført i kommuneplanen. Dette kan eks. være bestemmingar som regulerer tidsrom for uttak, eller at uttak skal skje på tørt land.

Kommentarar frå plankontoret:

Kommunen merker seg det fylkeskommunedirektøren skriv. Når det gjeld uttaksområdet M54 Finna ved Lauva, vart fylkeskommunedirektørens innstilling om å ta dette ut av kommuneplanforslaget, vedteke av Fylkesutvalet i Innlandet 06.09.2022. Det vises til plankontorets kommentarar til fylkesutvalets vedtak framføre.

Kommunen har forståing for at det fylkeskommunedirektøren skriv om at bør gjerast ein gjennomgang for masseuttaksområda som er omfatta av reguleringsplanar i Bøvre der ein ser på avbøtande tiltak og regelverk for å sikre omsynet til fisk anna vassdragsmiljø i etterkant av kommuneplanvedtaket.

Fylkeskommunedirektøren sin konklusjon:

Fylkeskommunedirektøren skriv han meiner kommunen Lom kommune har gjort en god jobb med sikring av nyare tids kulturminne, men at det er synd at kommunen ikkje har ferdigstilla Kommunedelplan for kulturminne enno. Han viser til at kommunen har fått midlar til dette arbeidet og bør sørge for at kulturminneplanen vedtakast seinast i løpet av 2023. Det er like viktig å sjå kulturarv i samanheng med samfunnsplanen, slik at det kan utarbeidast strategiar for korleis kommunens kulturarv kan bli et viktig element i samfunnsutviklinga i kommunen.

Fylkeskommunedirektøren skriv at kommunen har gjort et grundig og godt arbeid med konsekvensutgreiingane mellom 1. og 2. gangs høyring. Fylkeskommunedirektøren meiner kommunen vil få et godt styringsdokument gjennom ny arealdel, men skulle gjerne sett at samfunnsdelen var ferdigstilla før arealdelen slik at føringane ein viser til i arealdelen samsvarer med ny samfunnsdel.

Kommentarar frå plankontoret:

Kommunen merker seg det fylkeskommunedirektøren skriv. Kommunen har starta arbeidet med ein eigen kommunedelplan for kulturminne. Ein har kome langt med ei kartlegging av vassvegar og gamle vegfar, men har dessverre ikkje fått starta arbeidet med eit plandokument eller eit plankart for temaet kulturminne.

Når det gjeld forholdet til kommuneplanen sin samfunnsdel, er det no lagt opp til at desse ferdigstillast og skal opp til behandling for planvedtak samstundes. Det mogleggjer at ein i stor grad har moglegheit for å samordne dei to plandokumenta.

1.9 Geir Ove Skjåk, e-post 15.09.2022 (dok.nr. 94).

Geir Ove Skjåk er eigar av gardsbruket Bjørke, GID 74/4 m.fl., og uttalar seg om gang- og sykkelveg Ekre-Skjåk grense - GSV02. han skriv at han både sykklar og går ein del langs riksvegen, og at han slik sett ikkje er totalt motstandar av gang og sykkelveg. Men han skriv at han på generelt grunnlag meiner at Vegvesenet sine krav til standard (breidde/grøft) legg beslag på for mykje areal.

Skjåk skriv at det på mange måtar avgrensa moglegheiter for gang- og sykkelveg da vegen er "innelåst". Han skriv at han sjølv har interesser i form av dyrka mark på nedsida, og god og sikker vassåre på oversida. Han skriv at det likevel verkar hakket meir fornuftig å ha gang- og sykkelvegen på oversida. På nedsida blir det ein del skremmande store fyllingar, og truleg vil det gå med meir dyrka areal enn rekna i 1. planforslaget. Han viser til at det er fordi nokre ville få ein for bratt gardsveg, slik at den måtte leggest heilt om - og over dyrka mark.

Skjåk skriv at ein ved å halde seg på oversida så slepp ein problematikken med kryssing av gåande/syklende.

Kommentarar frå plankontoret:

Samferdselsdepartementet har opna for at kommunar og fylkeskommunar kan bygge gang- og sykkelveg med enklare standard om dei ønskjer det. På riksvegane derimot har Statens vegvesen klare krav til standard – dvs. det er Vegnormal N100 Veg- og gateutforming som gjeld. Dette gjev forholdsvis lite rom for å avgrense breidda av inngrepet, men bygging av støttemurar på utsette stadar der det er liten avstand til bygnad og for å spare dyrka mark, kan vere aktuelle tiltak. Det må bli utarbeidd reguleringsplan før bygging av gang- og sykkelveg, og grunneigarar og kommunen kan spela inn forslag aktuelle tiltak der. Kommunen ønskjer at tiltaket blir gjennomført med minst mogleg belastning og ulemper for dei råka eigedomane. Det ønskjer nok vegvesenet likeins, men ofte vil bygging av støttemurar og liknande føre til auke i bygge- og anleggskostnader.

Det var for å avgrense verknadane av tiltaket, at kommune føreslo å legge gang- og sykkelvegen på oversida av riksvegen på strekninga for GSV02 ved 2. offentlege ettersyn og høyring, og ikkje på nordsida som i planforslaget ved den første høyringa. Det vil ikkje medføre at færre vert råka, men slik topografien er i området, vurderte plankontoret at vil det vere noko enklare og avgrense breidda av inngrepet på oversida av vegen.

1.10 Torstein Frisvold, e-post 15.09.2022 (dok.nr. 95).

Torstein Frisvold er eigar av gardsbruket Frisvollmoen, GID 74/4 m.fl.

Frisvold viser til at han som grunneigar til areal der det er føreslege utviding av gravplassen i Garmo, BOP2, ikkje har vore kontakta. Han skriv at sjølv om kyrkjegarden vart utvida inn på deira grunn ved

førre utviding, er det ikkje sjølvsagt at dei ved eit nytt behov ynskjer ei utviding vidare i same retning. Han ber om at dersom ei ny framtidig utviding også må skje på hans grunn, ber han om å bli involvert i ei vurdering av plassering. Frisvold ber om at dette ikkje blir teke inn i arealplanen no.

Frisvold viser til at næringsareal BNO2_f er plassert på areal med produktiv skog av høg bonitet, og er også klassifisert som dyrkbar jord. Han ønskjer at dette arealet fortsatt skal vera ein del av gardens produksjonsgrunnlag, og ber derfor om at dette ikkje blir teke inn i planen.

Kommentarar frå plankontoret:

Proessen med kommuneplanen har gått over mange år, og det er noko uklårt for plankontoret når forslaget om og frå kven forslaget om utviding av gravplassen, kom. I konsekvensutgreiinga er det skrive at det over tid vil vere behov for meir areal for utviding av gravplassen i tilknytning til Garmo kyrkje. Plankontoret tilrår at forslaget om BUG02_f vert oppretthalde, men at det vert sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før gjennomføring av tiltaket.

Når det gjeld forslaget om nytt område for næringsformål BNO2_f sør for Garmo reinseanlegg, meiner plankontoret at det vil vere vanskeleg å gjennomføre ei slik utbygging mot grunneigars ønske og medverknad. Plankontoret vil tilrå å ta forslaget om BNO2_f ut av planforslaget.

1.11 Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel og Birdlife Norge, Sel og Ottadalen lokallag, brev 15.09.2022 (dok.nr. 96).

Lokallaga av Naturvernforbundet (NVF) og Birdlife (BF) har ei omfattande uttale, der dei innleiingsvis skriv at uttala i hovudsak er mynta på dei to forslagene til hyttefelt ved Tesse ved Nordsetrene (BFT28) og Bjønnskardet (BF14). Ein har referert det ein meiner er mest sentral i uttala under.

Naturvernforbundet og Birdlife skriv at dei seier klart nei til de føreslegne hyttefeltene ved Tesse, og med hovudgrunngeving av at hyttefeltene:

- vil truge viktige naturverdiar
- ikkje er foreinleg med god arealforvaltning basert på klima- og miljøomsyn og mål for klima- og energi
- er tenkt plassert i et verdifullt kulturlandskap med høg konfliktgrad

NVF og BF skriv mellom anna at talet på fritidsbustadar i Norge nærmar seg nå omkring 500.000, og at Innlandet her ligg på topp. Dei viser til at ein stor del av desse er høgstandardbustadar med innlagt straum, og at mange må køyre svært langt for å komme til fritidsbustadane. NVF og BF peikar vidare på at bruken av snøskutarar og motorisert preparering av skiløyper er aukande, og at dette medfører et stort forbruk av energi og utslepp av klimagassar, noko som i sin tur legg eit ytterlegere press på naturen. NVF og BF skriv at nedbygging og øydelegging av naturareal er den viktigaste drivaren bak tap av naturmangfald og de mange artene som er truga med utrydding. Dei skriv at ein må ta inn over seg at naturareal som byggast ned er tapt for framtida, både areala og i sin ytste konsekvens artane som hadde sitt livsrom her.

NVF og BF skriv at noverande kommunepolitikarar har et stort ansvar for å forvalte naturverdiane på vegne av komande generasjonar, og ikkje ta irreversible val på vegne av desse. Dei meiner at eventuell framtidig hytteutbygging i dalføret, bør skje som ei fortetting av eksisterande utbygde områder, der man ikkje byggast ned ytterlegare natur- og friluftsområde.

NVF og BF meiner at Lom kommune har hatt en restriktiv og god politikk med omsyn til hyttebygging, og dei ber kommunen om å utarbeide ein heilskapleg plan for hyttebygging og turisme i Lom. Dei meiner ein slik plan bør være på plass FØR ein vurderer å opne konkrete naturområde for hyttebygging. Dei viser til at Lom har 63 ledige tomter til fritidsbustadar, og meiner det bør være tid og mogelegheit for ein brei debatt og vurdering av korleis kommunen vil stelle seg til temaet fritidsbustadar, der ein også ser ut over kommunegrensene.

NVF og BF stillar spørsmål om kva for naturfagleg kunnskapsgrunnlag administrasjonen har gjort sine vurderingar ut frå, sida ein konkluderer med å tilrå hyttefelt ved Tesse? Dei meiner ein openbart ikkje har teke inn over seg at hyttefelta som ein har føreslege, vil generere trafikk og aktivitet langt ut over det avsette arealet som byggast ned, og at summen av konsekvensar for naturmiljø og naturmangfald må vurderast til klart negativt for begge areala som vert føreslege for hyttebygging ved Tesse. NVF og BF skriv vidare mellom anna at det er trafikken og aktiviteten ut frå hyttefelta som er det alvorlegaste problemet i denne saka, i tillegg til tap av naturareal. Dei anslår at ein generelt må rekne med en aktivitetsradius ut frå hyttefelt på minst 5 km sommarstid, og lengre på vinteren. NVF og BF meiner derfor at det må gjerast ei utgreiing av samla og reelle konsekvensar etter Lov om naturmangfald FØR kommunen eventuelt foreslår å avsette konkrete naturområde til hyttefelt.

NVF og BF skriv at når det gjeld fuglelivet, er det særleg den lokale bestanden av orrfugl og lirype i skogområda og Langmyra dei er uroa for. Dei viser til at orrfuglen har sine spel- og oppvekstområde i furuskogen mellom dei føreslegne hyttefelta, og at lirypa har den same furuskogen en kjærkommen vinterbiotop som gir le og mat, spesielt når det blåser og snør som verst. Av andre fugleslag Birdlife lokalt (tidlegare Norsk Ornitologisk Forening) har observert nær dei planlagde utbyggingsområda, nemner dei jaktfalk, tårnfalk, varslar, lavskrike, dvergfalk og jordugle. Dei viser til at Birdlife Norge lokalt har bygd fugleobservasjonstårn ved Tesseosen, og at det her hekker det mange fuglearter, blant dem sårbare og truga arter. NVF og BF viser til om lag 120 ulike fugleartene er observert i området, og at av dei står kring 25 artar oppført på den norske raudlista. Mellom desse nemner dei hekkefuglar som horndykkar og storspove, der sistnemnde har status sterkt truga.

NVF og BF peikar på at elgen har eit viktig trekk frå Tesseosen inn i furuskogen, og beiter i hele området mellom og i dei føreslegne hyttefelta. Dei meiner at hyttefelt ved Tesse, garantert vil forstyrre, og i verste fall presse elgen bort frå gamle trekkveggar og beiteområde.

NVF og BF skriv at det føreslegne hyttefeltet BF14 i Bjønnskardet på vel 90 dekar og med opptil 48 hyttetomter, vil vere negativt for arter som elg og orrfugl, og innebere et forsterka press på disse artene ettersom det allereie er bygga mange hytter her, på Vågåsida. NVF og BF skriv at for det føreslegne hyttefeltet BFT28 (utleiehytter) på om lag 24 dekar mellom Osvegen og Tessevegen, er hovudproblemet plasseringa av et hyttefelt med sannsynleg stort belegg (langt høgare enn for private hytter) midt i dette opne natur/kulturlandskapet. Dei peikar på at eit høgt belegg vil gi stor trafikk og aktivitet året rundt ut frå desse hyttene, og meiner det vil utgjere ei direkte forstyring og trussel mot ville fuglar og dyr. NVF og BF åtvarar også mot lysforureining frå dei to hyttefelta.

NVF og BF peiker på at området også er eit viktig friluftsområde for lokalbefolkninga, og at eit hyttefelt i skoglia mot Bjønnskaret vil gjere at lokalbefolkninga vil tape det som i dag er et overvegande fredeleg og bygdenært friluft- og rekreasjonsområde. Dei meiner at utbygging vil føre til at dette spesielle og fine natur- og seterområdet, i stor grad vil bli endra, og privatisert for hytteeigarar. NVF og BF stillar spørsmålet - skal legges til rette for hyttefolk eller for lokalbefolkninga som bor og verkar i bygda hele året?

NVF og BF viser til at Tesse-området allereie har stor turisttrafikk til turist-bedriftene Brimi seter, Brimi fjellstugu, klatreparken og Vianvang. Dei meiner ferdsel og aktivitet tilknytt turistnæringa her

er så omfattande at ei auke vil føre til at området sine kvalitetar og attraktivitet vert forringa. Dei skriv at dei er kjent med at det er lokale turistbedrifter som har foreslått hyttefelt ved Tesse, noko som undrar dei, da det dei meiner det vel nettopp er naturen, kultur- og seterlandskapet/livet som er berebjelken og det største aktiva for marknadsføring for desse bedriftene. NVF og BF oppfordrar det etablerte næringslivet ved Tesse til å «ha magemål», og heller bidra til å verne om dette unike landskapet.

NVF og BF peikar på at Lom kommune foreslår hyttefelt i et kulturhistorisk landskap av nasjonal verdi. Dei viser Riksantikvarens forslag om å registrere landskapet ved Tesse som eit kulturhistorisk område av nasjonal verdi (KULA). Dei skriv at sjølv om Riksantikvarens forslag dessverre møtte motbør blant det folkevalde i både Lom og Vågå kommunar, endrar det uansett ikkje dei faktiske forhold og kva for kvalitetar Tesse-området har i dag. NVF og BF meiner at desse umistelege verdiane bør ein verne om, ikkje øydelegge og privatisere med hyttebygging eller annet som vil forringe natur og kulturlandskap. Naturvernforbundet og Birdlife skriv dei er overtydd om at utbygging av hyttefelt ved Tesse, vil ha direkte negative konsekvensar for seterdrift/landbruk/beitenæring, og med det også påvirke negativt dette særprega natur- og kulturlandskapet. NVF og BF viser til og refererer til uttalene frå Innlandet fylkeskommune og frå Lom fjellstyre ved den første offentlege høyringa, som støtte for sitt syn.

NVF og BF peikar på at klimarekneskap bør inngå i en heilskapleg plan for fritidsbygning i Lom kommune, der ein som minimum vurderer verknadane av hogst av skog/verneskog, graving i myr, nedbygging eller opphøyr bruk av beitemark, ressurs-/energikrevjande fritidsbustadar, etablering av infrastruktur som veg, elektrisitet, vatn og kloakk, lading for el-biler og internett. Dei viser til at transport står for halvparten av klimagassutsleppa i fylket, og at dei føreslegne hyttefelt ikkje er tilknytt kollektive trafikktilbod, ei heller etablert infrastruktur. Dei skriv at opparbeiding av infrastruktur for høgstandard fritidsbustadar vil innebære store inngrep i landskapet, samt sterk auke av biltrafikk i området. NVF og BF meiner det er kritikkverdig at klimaperspektivet ikkje er tilstrekkeleg vurdert og talfesta når ein foreslår avsett naturareal til hyttebygging.

Naturvernforbundet og Birdlife konkluderer med å be Lom kommune om å ta ut de to forslagene om hyttefelt, og i staden arbeide for å verne om naturverdiane og kulturlandskapet ved Tesse. Dei skriv at i avveginga av kor vidt ein skal opne opp for hyttefelt, må kommunen sannsynleggjere at fordelane ved slik hyttebygging veger opp for tap av naturareal og naturmangfald, inkludert tap av dyrkbar mark og gode beiteområde som er en viktig naturressurs å verne om for framtida. NVF og BF skriv at ein i ein overordna plan for fritidsbygning, slik som dei etterspør, må ta stilling til både sannsynlege inntekter så vel som framtidige utgifter og andre utfordringar for kommunen. Dei skriv at gevinst for enkelte grunneigarar og selskap ikkje er einstyddande med at kommuneøkonomien faktisk styrkast av hytteetableringar.

Kommentarar frå plankontoret:

I uttala frå lokallaga av Naturvernforbundet (NVF) og Birdlife (BF), kan ein kjenne igjen argument frå den pågåande debatten i media om hyttebygging. Medan Lom kommune har jobba med revidering av kommuneplanane (samfunnsdel og arealdel), har det vore ei vore ein stadig større diskusjon knytt til hyttebygging både i landet som heilheit og i Gudbrandsdalen spesielt. Det har også vore lagt fram fleire forskingsrapportar om den hyttebygginga som har skjedd, og verknadane denne utbygginga har i "hyttekommunane". Diskusjonen og dels også forskinga, har mellom anna dreidd seg om økonomiske verknadar hyttebygginga har for lokalsamfunna, verknadar for seter- og beitebruk, verknadar for natur – og miljø, verknadar for tap av naturmangfald og verknadar for lokal utøving

friluftsliv. Og overordna det heile ligg problemstillinga knytt til klimautfordringa, der det i aukande grad har vore fokusert på energibruk og utslepp av klimagassar som hyttebygginga medfører - mellom anna p.g.a. at reisene til hyttene nesten utelokkande skjer med bil, og at hyttene som vert bygd i dag er store og har høgare standard med stort energi- og straumforbruk.

I Lom kommune har det vore lite hyttebygging. I kommuneplanen sin samfunnsdel som vart vedteken av Lom kommunestyre 27. oktober 2016, var tilrettelegging for fritidsbustadar eit overordna mål i planen. På eit dialogmøte knytt til arbeidet med kommuneplanarbeidet i 2016, spelte kommunestyret sjølv inn område dei ville ha greia ut for eventuell bygging av fritidsbustadar i Meadalen, i Stymme, på Nåvårsetervangen og i området ved Borgakampen-Leirhøe. Forslaga var konsekvensutgreidd, men ingen av desse områda var med i planforslaget no som var lagt ut ved 2. offentlege ettersyn og høyring. I forslaget til revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel for Lom 2021-2033, er heller ikkje tilrettelegging for bygging av fritidsbustadar lengre nemnt som ei målsetting. I forslaget til arealstrategi i denne planen, står det derimot at kommunen skal arbeide for å redusere endringar av arealbruk som vil føre til tap av naturmangfald. Behandlinga av revisjon av kommuneplanens samfunnsdel for Lom 2021-2033, vert behandla parallelt med revisjon av arealdelen, og det er planlagt at dei to planane skal opp til behandling i planutvalet i november og med vedtak i kommunestyret i desember 2022.

Det er som nemnt att to nye områder for hyttebygging i planforslaget som er lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, BF14_f ved Bjønnskardet og BFT28_f mellom Tessvegen og Osvegen ved Nordsætrin (utleiehytter). Lokallaga av Naturvernforbundet (NVF) og Birdlife (BF), meiner kommuneadministrasjonen "openbart" ikkje har teke inn over seg at hyttefelt som ein har føreslege, vil generere trafikk og aktivitet langt ut over det avsette arealet som byggast ned, og at summen av konsekvensar for naturmiljø og naturmangfald derfor må vurderast til klart negativt for begge areala som vert føreslege for hyttebygging ved Tesse. Sjølv om ein ikkje kan sjå bort frå at metodane som nyttast ved konsekvensutgreiingar kanskje ikkje er optimale m.o.t. å famne alle ringverknadane av eit tiltak godt nok, har ein ved konsekvensutgreiingane sjølv sagt teke høgde for at eit nytt hyttefelt vil utløyse trafikk og verknadar ut over det arealet som vert nedbygd.

Sjølv om forslaga om dei to hytteområda er forskjellige frå slik dei først var foreslege, har begge område bakgrunn i forslag frå eksisterande turistbedrifter i området. Det har tradisjonelt blitt sett på som god arealpolitikk å konsentrere ny turistutbygging til eksisterande område, i staden for å ta i bruk meir jomfruelege område. Dei to hyttefelt ved Nordsætrin/Tesse ligg i eit område der det er stor trafikk av turistar og tilreisande, med aktive reiselivsbedrifter på Lomssida og hyttefelt på Vågåsida av kommunegrensa. På Vågåsida er det bygd 32 hytter i Uksfossen og Tesseosen hytteområde, i tillegg til nokre spreidde hytter sør for Tesseosen. Det er i tillegg 7 ubygde tomter i dei nemnde hyttefelt og 28 ledige tomter Bjønnskardet hytteområde på Vågåsida.

Fleire av dei som uttala seg ved høyringane som er blitt gjennomført i samband med kommuneplanarbeidet, meiner at den turisttrafikken som er i området i dag især om sommaren, nærmar seg ei grense for kva området kan tole av trafikk, spesielt sett i forhold til tradisjonell bruk av området for setring og utmarksbeite.

Plankontoret reknar at ein ved dei konsekvensutgreiingar som er gjort, saman med dei innspel og merknadar som har kome inn, har eit godt kunnskapsgrunnlag for å gjere vedtak når det gjeld spørsmålet om hyttefelt ved Tesse skal vere del av kommuneplanens arealdel. I tillegg til avvegingar for og mot av moment knytt til dei konkrete områda, meiner fleire av dei som har uttala seg, at det

også vil vere eit verdival av kva for retning ein ønskjer for utviklinga skal ta i området ved Tesse og Nordsetrene.

I saksutgreiinga ved vedtak om utlegging av kommuneplanens arealdel til 2. gongs offentlege ettersyn og høyring, peika administrasjonssjefen på at ein i kommunen, har tre regulerte hyttefelt som ligg langs Galdhøpiggevegen oppfor Galdesand med 61 ubygde tomter. Dette er tomter som har stått ubygde det siste tiåret eller lengre tilbake i tid. Alle felta er regulert for «høg» standard, dvs. med veg, straum, vatn og avlaup. Dette er for så vidt ikkje å rekne som nokon stor planreserve når ein samanliknar seg med kommunane rundt, men er likevel eit moment i debatten om å opne opp for nye område. Opning for hyttefelt i Tesseområdet vil dessutan kunne ha den verknad at det vil ta enda lengre til før felta ved Galdesanden vil kunne la seg realisere.

Lokallaga av Naturvernforbundet (NVF) og Birdlife (BF) ber kommunen om å utarbeide ein heilskapleg plan for hyttebygging og turisme i Lom. Dei meiner ein slik plan bør være på plass før ein vurderer å opne konkrete naturområde for hyttebygging. Til dette vil plankontoret seie at kommuneplanens arealdel saman med arealstrategien i kommuneplanens samfunnsdel, nettopp skal vere ein heilskapleg plan for utnytting av alt areal i kommunen. Hadde det vore snakk om å legge opp til ei storstilt utbygging av nye hytteområde og reiselivsdestinasjonar i kommunen, kunne ein ha hatt forståing for at det kunne vore større behov for ein eigen temaplan. Plankontoret meiner at omfanget av ny hyttebygging og nyetableringar som det vert lagt opp til i planforslaget ved 2. gongs offentlig ettersyn og høyring, er av forholdsvis avgrensa omfang, og at den behandlinga forslaga får i kommuneplanforslaget, er fullt ut tilfredsstillande og innfrir dei krava som er sett i plan- og bygningslova for å fatte vedtak i saka.

Lokallaga av Naturvernforbundet (NVF) og Birdlife (BF) meiner at eit klimarekneskap bør inngå i ein heilskapleg plan for hyttebygging i Lom. Det er i dag ikkje direkte krav i lov eller forskrift om klimarekneskap for eit kvart tiltak som blir føreslege i kommunanes arealplanlegging. Det finns ulike klimakalkulatorar for å rekne ut klimaavtrykket avgang av ulike typar areal og ved transport.

Når det gjeld verknaden av avgang av areal for forslaget om eit framtidig hyttefelt på Bjønnskardsryggen BF14_f (91 dekar) får ein ved bruk av Miljødirektoratet sin klimakalkulator følgjande oppsett for nettoeffekt av arealbruksendringa over 20 år:

	CO ₂	CH ₄	N ₂ O	Klimagassar i alt	
Utslepp/opptak frå areala utan og endre arealbruk (skog)	-281.4	155.3	11.6	-114.5	tonn CO ₂ -ekvivalentar
Utslepp/opptak frå areala ved å endre arealbruk (hyttefelt)	2775.5	0.0	0.0	2775.5	tonn CO ₂ -ekvivalentar
Arealbruksendringa si klimaeffekt	3056.9	-155.3	-11.6	2890.0	tonn CO ₂ -ekvivalentar

Metoden reknar at heile grunnen vil bli nedbygd. Tala vil bli feilaktige når det er snakk om hyttefeltet på Bjønnskardsryggen, da mykje areal framleis vil vere skoggrunn som friareal mellom tomtene og grøne og dels skogdekte areal på tomtene - som vil binde og ta opp CO₂ også etter utbygging. Legg ein til dømes inn at halve arealet framleis vil vere dekt av skog nokon lunde som i dag, vil CO₂ avtrykket vere kring det halve, rekna til 1429 tonn CO₂-ekvivalentar med klimakalkulatoren.

I tillegg ligg det i kommuneplanforslaget nye veg som skal gå opp frå klatreparken ved Tesseosen opp til hyttefeltet ved Bjønnskardet. Noko av denne er allereie regulert i samband med det regulerte hyttefeltet på Vågåsida. Om lag 5 dekar av veggrunnen som ligg i planen er uproduktiv skog, medan om lag 9 dekar er skog av låg bonitet. En får slikt klimarekneskap for veggrunnen:

	CO ₂	CH ₄	N ₂ O	Klimagassar i alt	
Utslepp/opptak frå areala utan og endre arealbruk	-43.3	23.9	1.8	-17.6	tonn CO ₂ -ekvivalentar
Utslepp/opptak frå areala ved å endre arealbruk	428.3	0.0	0.0	428.3	tonn CO ₂ -ekvivalentar
Arealbruksendringa si klimaeffekt	471.6	-23.9	-1.8	445.9	tonn CO ₂ -ekvivalentar

Når det gjeld veggrunnen vil alt areal måtte reknast som nedbygd, da det ikkje vil vere vegetasjon som lagrar CO₂ etter vegbygginga.

Slår ein saman det arealet som kan reknast som nedbygd av det som er lagt med arealbruksformål byggeområde for fritidsbygning med veggrunnen, utgjer dette at arealbruksendringa med nytt hyttefelt på Bjønnskardsryggen gir ein klimaeffekt på: 1429 tonn CO₂-ekvivalentar + 446 tonn CO₂-ekvivalentar = 1875 tonn CO₂-ekvivalentar.

For feltet med utleiehytter mellom Osvegen og Tessvegen, BFT28_f (24 dekar), vil klimarekneskapet bli slik med omsyn til avgang av areal:

	CO ₂	CH ₄	N ₂ O	Klimagassar i alt	
Utslepp/opptak frå areala utan og endre arealbruk	-73.7	40.9	3.1	-29.7	tonn CO ₂ -ekvivalentar
Utslepp/opptak frå areala ved å endre arealbruk	719.1	0.0	0.0	719.1	tonn CO ₂ -ekvivalentar
Arealbruksendringa si klimaeffekt	792.8	-40.9	-3.1	748.8	tonn CO ₂ -ekvivalentar

For BFT28 kan nok rekne at meir eller mindre heile arealet kan reknast for å bli bygd ned. Det trengs her ikkje å byggast ny veg utanom det avsette arealet, slik at klimaeffekten blir 749 tonn CO₂-ekvivalentar som går fram av tabellen over.

Klimakalkulatoren til Miljødirektoratet er ein enkel reiskap for å bruke for å sjå verknadar av ei arealendring. Miljødirektoratet skriv at ved ei arealbruksendring, vil det vere størst CO₂-utslepp det første året etter endringa, dersom levande biomasse (trær mv.) på arealet vert fjerna. Det reknast som eit umedelbart utslepp. Det vil også vere prosessar i jordsmonnet som vert endra ved endra arealbruk, og desse vil vare ved over noko lengre tid til nedbrytingsprosessar i jorda har stabilisert seg, og som avheng av ei rekkje faktorar. Miljødirektoratet skriv at å ta høgd for alle desse faktorane er utfordrande, og utsleppsfaktorane er i staden tilpassa ei standardperiode på 20 år. Når perioden på 20 år er over, reknar ein at arealet har gått over til sin nye arealkategori.

Nedbygging av natur og produktive areal, vil nesten alltid ha effektar i form av auka klimautslepp. Utsleppa vil variere etter kva for areal ein bygger ned, og arealbruksendringar frå areal med store karbonlagre enten i levande biomasse (t.d. skog), eller organisk jord (myr), vil som regel føre til store utslepp av klimagassar. Ved utbygging av område BF14_f på Bjønnskardsryggen, der skogboniteten er registrert som låg eller som impediment, vil ein frigjere langt mindre mengde klimagassar enn om utbygginga skulle skje der det er høg skogbonitet eller om delar av arealet er myr.

Reiser til hytta utgjer eit ganske vesentleg bidrag til klimautslepp, da reisene oftast skjer med bil og ofte er lange. Hyttefeltet ved Tesse/Nordsetrene ligg langt unna store befolkningssentra, og med avgrensa vegforbindelse til Vestlandet vinterstid kan ein forvente at dei fleste hytteeigarane som ikkje er lokale kjem frå det sentrale Østlandsområdet, både frå Oslo-området og frå byane kring Mjøsa. Ein gjennomsnittleg hytteeigar i feltet ved Bjønnskardet, kan tenkast å ha 500 km køyreveg tur-retur til hytta og kanskje gjennomsnittleg køyring på 42 km kvar dag dei er på hytta. Regnar ein 12 opphald på hytta i året med 1 bil med eit gjennomsnittleg opphald på 4 døgn, vil ein ved bruk av klimakalkulatoren til Miljødirektoratet få eit årleg klimautslepp ved sjølv transporten pr. hytte på 0,9 tonn for ein middels stor dieselbil, 1,0 tonn for ein bensinbil og 0,7 for plug-in hybrid. Overgang til el-bil vil gjere at klimautslepp frå sjølv transporten bli rekna til 0. I tillegg vil ein kanskje ha besøk på hytta nokre helgar som også inneberer transport og klimautslepp.

Klimaeffekten av sjølv opphaldet på hytta, som går ut over det klimautsleppet ein ville hatt om ein var heime, knyter seg i hovudsak til oppvarming av hytta. Dersom oppvarminga av hytta skjer ved ein kombinasjon av vedfyring og elektrisitet, vil klimaeffekten rekna ved bruk av Miljødirektorates klimakalkulator ved eit samla energibehov på 16 000 kWh, vere på om lag 0,3 tonn årleg. Det er her rekna at den delen av oppvarminga som skjer med elektrisitet gjev null klimautslepp.

Om ein blir så mykje klokare av desse tala er ein anna sak. For å ha noko å samanlikne med, er utsleppet frå ei flyreise tur/retur Oslo – New York rekna til 0,424 tonn CO₂ (SAS utsleppskalkulator). Hyttebygging har utvilsamt ein klimaeffekt både ved klimaverknaden av nedbygging av skogsmark/anna produktiv mark som bind CO₂, utslepp frå transport og ved opphaldet på hytta.

"Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning" som trådte i kraft 28.09.2018, pålegg kommunane og fylkeskommunane å innarbeide tiltak og verkemiddel i sin overordna planlegging for å redusere utslepp av klimagassar, der det også tas omsyn til effektiv ressursbruk for samfunnet. Det står i kapittel 3 at dette bør inkludere tiltak mot avskoging, og eventuelt økt opptak av CO₂ i skog og andre landareal, og vidare sikre meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging i tråd med disse retningslinjene. Det har vore vanleg at kommunar og fylkeskommunar da utarbeidar klima- og energiplanar der ein behandlar desse problemstillingane på breitt grunnlag. Eitt samarbeidd klima og energiplanlegging i Nord-Gudbrandsdal var på trappane for nokre år sidan, men det stranda av ulike årsaker. Planstrategien for Lom kommune tilseier at arbeidet med ein kommunedelplan for klima- og energi skal bli starta i 2023, men kapasitetsomsyn kan tale for at dette arbeidet vert utsett til 2024.

Plankontoret vil gjere ei samla vurdering av forslaga om hyttebygging ved Nordsetrene i saksframlegget ved sluttbehandling av planen.

1.12 Setereigarar og beitebrukarar på Nordsetrene, e-post 15.09.2022 (dok.nr. 97).

Uttala er undertekna av Svanhild Lyngved Solheim, Vegard Haugen, Sylfest Ødegård, Tove Mørk Reiersen, Torstein Frisvold, Åsne Dalåmo, Oda Evy Øyen og Geir Ole Lyngved.

Dei viser til at dei representerer dei fleste setereigarane og beitebrukarane på Nordsetrene, og viser til at areala som er føreslege utbygd med hytter BF14_f og BFT28_f, i dag er LNF-område, at og begge ligg i umedelbar nærleik til det mest aktive seter,- og beiteområdet i Lom kommune.

Når det gjeld BF14_f Bjønnskardet, peikar dei på at området rundt Langmyra inkl. BF14_f er eit hyppig brukt beiteområde for kyr og sau på Nordsætra. Nokre store kuflokkar og mykje sau har sine faste beiterundar her, og dei meiner ei utbygging av mange hytter vil øydeleggje for dette. Dei peikar vidare på at dette området er også det einaste med produktiv skog i Vårdalen Statsallmenning på sørsida av Otta elv, og at det har vore aktivt brukt for å ta ut trevirke, og blir framleis brukt til dette. Setereigarane og beitebrukarane skriv at bruken er ein av allmenningsrettane i Vårdalen statsallmenning, og ein gamal særrett som høyrer sætringane til og bør forvaltest som skog- og beiteområde for framtida. Dei peikar på at dersom kommunen går for utbygging i Bjønnskardet, og tomtene som er regulert rett på andre sida i Vågå også blir fullt utbygd, vil det seie at det blir eit stort tal hytter i dette området.

Når det gjeld BFT28_f viser setereigarane og beitebrukarane til at dette vil bli utleiehytter som Brimi Sæter og evt. Brimi Fjellstugu skal disponere. Dei skriv at dette vil generere mykje meir folk i området, parkeringsproblematikk, konflikhtar med omsyn til beitedyr og folketrafiikk. Dei meiner dessutan at ei seter som driv med «småskala turistverksemd» ikkje skal drive med utleie av mange hytter. Dei skriv at då er det ikkje småskala lenger, og at statusen på sætra i så fall må endrast. Setereigarane og beitebrukarane skriv at det er eit tankekors at dersom ei seter får gjennom dette, så må det vera ei moglegheit for at alle andre som har seter òg kan drive på sammen måte. Dei skriv at dette vil ikkje på nokon måte vere berekraftig eller reelt.

Setereigarane og beitebrukarane skriv at landbruket og matproduksjonen har endra seg drastisk dei siste tiåra, og at verdien av utmarksressursar kanskje ikkje er like tydelege i dag som for eksempel 50 år sidan. Dei skriv at det dermed ikkje vil si at dei ikkje er viktige eller at verdien er dalande.

Setereigarane og beitebrukarane skriv at reiselivsaktiviteten på og rundt Nordsetra har auka betrakteleg dei siste åra gjennom Brimi fjellstugu, Brimi klatrepark, Brimisæter og hyttfeltet på andre sida av Nordseterhøa (Uksfossen). Dei skriv at det er ei kjent sak at seter/beitebruk og reiselivsverksemd ikkje nødvendigvis går hand i hand, og at dei ser no at denne aktiviteten byrjar å overstige eit nivå som påverkar bruksutøvinga for dei som setereigarar og beitebrukarar. Dei skriv at bruken av området er stor både med tanke på dyr på beite, fleire aktive setrer, mykje turistar og ikkje minst biltrafiikk. Setereigarane og beitebrukarane peikar på at dyr på utmarksbeite blir forstyrra, vegane blir hardt belasta og at forsøplinga aukar. Dei skriv at ein no vipper på eit balansepunkt at ei utviding av turistverksemdene og eit evt. nytt hytteområde, vil føre til at ein ikkje lenger har kontroll på same måte som i dag og konfliktane som ein kjenner godt frå media i andre hyttekommunar vil gjera seg gjeldande.

Setereigarane og beitebrukarane peikar på at det i konsekvensutgreiingane og i andre plandokument er vurdert kvar det er mest hensiktsmessig å leggje hyttfelt. Dei meiner at det i utgangspunktet ikkje burde vera ein lokaliseringsdebatt om kvar på Nordsetra ein vil ha hyttebygging, men heller ein meir generell debatt om kva vi vil med dei etablerte seterområda og kva som vil vera ein berekraftig areal- og ressursforvaltning for nåtid og framtid. Setereigarane og beitebrukarane skriv dei meiner at

det ikkje er hensiktsmessig å etablere hytteområde og å utvide turistverksemdene på Nordseter, og at dei håpar kommunen og politikarane ser det på same måte.

Setereigarane og beitebrukarane skriv at for at dei skal kunne fortsetja å drive aktiv setring og utmarksbeiting, så må aktivitetsnivået haldast slik det er i dag. Dei skriv det vil vere paradoksalt om seterdrifta bukkar under for ferie og fritidsaktivitet og hyttebygging.

Kommentarar frå plankontoret:

Ein merker seg det setereigarane og beitebrukarane seier om beitedyras bruk av Bjønnskardsryggen. Når det gjeld skogen er denne kartlagt med låg bonitet og som uproduktiv skog på det arealet som er omfatta av arealbruksformålet for framtidig hyttebygging. Ut frå det ein såg på ei synfaring plankontoret hadde i området 12.10.2022, er område prega at det har vore lite hogst, men det var nyleg blinka på trær i vestre del av området.

Når det gjeld område BFT28_f vil det etter all synlegeheit vere rett at utleigehytter vil utløyse meir trafikk og folk enn private hytter vil gjere. Ved utleigehytter vil ein likevel tru at området ikkje vil bli privatisert i like stor grad som i eit felt med private hytter, og at det kanskje vil medføre mindre bortjaging av beitedyr og konflikhtar med omsyn til gjerding og liknande.

Plankontoret merker seg at fleire av dei som uttala seg ved høyringane som er gjennomført i samband med kommuneplanarbeidet, meiner at den turisttrafikken som er i området i dag især om sommaren, nærmar seg ei grense for kva området kan tole av trafikk, spesielt sett i forhold til tradisjonell bruk av området for setring og utmarksbeite.

Plankontoret viser til at det var føreslege område for hyttebygging mellom Brimi fjellstugu og Langmyrene, som etter konsekvensutgreiingane og den 1. høyringa er teke ut av planforslaget. Når område BF14_f kom inn i planforslaget var det mellom anna på bakgrunn av at setereigarane og beitebrukarane i brev i ei uttale forut for den første høyringa den 27.07.2020, skreiv: "Vi er ikkje imot at reiselivsinteressene i området får utvikle seg, men meiner at dersom det skal foregå med så omfattande planar som dette må det skje lenger unna setrene. Statskog har tidlegare festa bort areal til Brimiskogen klatrepark i allmenningsskogen mellom Langmyra og Nordsæterhøa, og på Vågåside av kommunegrensa har private grunneigarar lagt ut hyttefelt. For oss vil det vere lettare å akseptere at vidare utbygging blir vurdert i dette området." Med bakgrunn i denne uttala og oppmodingar frå samfunnsutvalet ved behandling av dyrkingssøknadar i området, såg plankontoret på moglegheiter for å erstatte hytteplanane mellom fjellstugu og Langmyrene med eit hyttefelt lengre unna på Bjønnskardsryggen, som no altså ligg i planforslaget som BF14_f. At setereigarane og beitebrukarane no er motstandarar av eit hytteområde BF14_f på Bjønnskardsryggen, er ein grei sak, men dette forklarar i alle fall korleis dette området kom inn.

Plankontoret vil gjere ei samla vurdering av forslaga om hyttebygging ved Nordsetrene i saksframlegget ved sluttbehandling av planen.

1.13 Styret i Vårdalen statsallmenning, e-post 15.09.2022 (dok.nr. 98).

Styret i Vårdalen statsallmenning viser til at areala som er føreslege utbygd med hytter BF14_f og BFT28_f, i dag er LNF-område ligg i umedelbar nærleik til det mest aktive seter,- og beiteområdet i Lom kommune.


Styret viser til at Vårdalen statsallmenning forvaltar skogen i området, medan Lom fjellstyre forvaltar dei andre bruksrettane. Dei skriv vidare mellom anna at dette er gamle særrettar som ligg til setrane

og kan ikkje utan vidare takast frå rettshavarane. Dei skriv at store delar av det området som BF14_Bjønnskardet dekkjer, er det einaste skogsområdet på sørsida av Ottaelva i Vårdalen statsallmenning der det er registrert produktiv skog. Styret skriv at det ikkje er korrekt som plankontoret seier at dette er registrert som uproduktiv skog, men at arealet er registrert som produktiv skog med låg bonitet. Dei skriv at låg bonitet betyr at tilveksten ikkje vil vera rask, men trevirke i seg sjølv kan ofte vera av god kvalitet då skogen veks seint, og at kvaliteten vil også bli påverka av forvaltninga av skogen. Vårdalen statsallmenning skriv at det framleis blir henta ut tømmer til bygging her og dei stiller seg undrande til kvifor det blir konkludert med at eit hyttefelt her ikkje vil få negative konsekvensar for dei som har bruksrettar.

På bakgrunn av dette krev styret i Vårdalen statsallmenning at BF14_Bjønnskardet blir trekt ut av planforslaget.

Kommentarar frå plankontoret:

I AR5 (som på tidlegare øk.kartverk) er skogen innafor BF14_f kartlagt med låg bonitet (49,8 daa) og som uproduktiv skog (40,9 daa), som skrive i konsekvensutgreiinga for området under punktet Jord og skogbruk. Utan å gjere målingar for å bekrefte dei registreringane som er gjort av skogen i området, har ein ut frå synfaring i området 12.10.2022, grunn til å tru at denne boniteringa stemmer. Området er prega at det har vore lite hogst, men det var blinka på trær i vestre del av området no. Trea i området har generelt mykje kvist og ikkje ideell stammeform, med det er ein god del velta og daude tre. Yngre skog er generelt av betre kvalitet enn den eldre. Ein viser til kartfigur og foto under.



Figur 6: Utsnitt av AR5 som viser skogbonitet i område BF14_f ved Bjønnskardet.



Figur 7: Foto teke under synfaringa 12.10.2022. Ein kan sjå det er blinka på enkelte tre i området.

Plankontoret vil gjere ei samla vurdering av forslaga om hyttebygging ved Nordsetrene i saksframlegget ved sluttbehandling av planen.

1.14 Jordvernalliansen i Innlandet, brev 15.09.2022 (dok.nr. 99).

Jordvernalliansen i Innlandet skriv at dei er danna av ei rekke organisasjonar innan landbruk, miljø og fagbevegelse, og arbeider for bevaring av dyrka mark og matjord, og mot en stadig forverring av norsk sjølvforsyningsgrad og matsikkerheit. Alliansen består mellom anna av LO Innlandet, Naturvernforbundet, Bondelaget, Natur og Ungdom, Bonde- og Småbrukarlaget, Kokkenes Mesterlaug og Bygdeungdomslaget. Dei har gjeve samla høyringsuttale til kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel.

Jordvernalliansen skriv mellom anna det er positivt at Lom kommune i samband med kommuneplanens samfunnsdel har utarbeidd ein eigen arealstrategi i tråd med regjeringas oppfordringar. Dei viser til at arealstrategien ikkje er omfattande, og den kortfatta teksten kan seiast å mangle en analyse av framtidige problemstillingar og handtering av disse. Jordvernalliansen peikar på at den likevel har eit klart mål om at «Lom kommune skal arbeide for at dyrka mark ikkje blir omdisponert til andre føremål». Dei skriv at dersom dette blir gjennomført i praksis i alle saker, er arealstrategien fyllestgjerrande på jordvernområdet, men for å tydeleggjere dette, meiner dei at Lom kommune bør innlemme en nullvisjon for omdisponering av dyrka mark i sin kommuneplan. Jordvernalliansen skriv at dette vil vere i tråd med oppfordringa frå regjeringa i brev av 23. mars 2022.

Jordvernalliansen skriv at kommunane i brevet frå regjeringa vert oppfordra til også å gå gjennom sine allereie vedtekne planer for å finne tidlegare omdisponerte areal som står urørt og som det er mogeleg å tilbakeføre til LNFR-område. I den grad dette ikkje er gjort i kommuneplanens arealdel, anbefaler dei Lom kommune om å gjere ei analyse av resterande areal.

Jordvernalliansen meiner vidare at Lom kommunes høyringsutkast til kommuneplanens arealdel har svært mange gode trekk. Etter konsekvensanalyse og første gangs høyring er fleire areal med dyrka eller dyrkbar mark teke ut av planen. Dette gjeld både områder for bustadbygging og for fritidsbustadar, noko dei roser Lom kommune for.

Jordvernalliansen oppfordrar kommunen om å ta et kritisk blikk på om det er nødvendig å omdisponere 10,5 daa dyrkbar jord i Frisvollskogen nord til næringsformål

Kommentar frå plankontoret:

Spørsmålsstillinga om Lom kommune skal ha "nullvisjon" når det gjeld omdisponering av dyrka mark, må få si behandling i kommuneplanen sin samfunnsdel og eventuelt bli teke inn i arealstrategien der.

I brevet frå landbruks- og matmeisteren og kommunal og distriktsministeren til kommunane og fylkeskommunane 23. mars 2022, oppfordra dei kommunane til å tilbakeføre areal avsett til formål som inneberer omdisponering av dyrka jord. Plankontoret har gått gjennom planforslaget, og finn ikkje at det er areal med dyrka jord i planområdet som ligg med andre formål enn LNF/LNFR.

Når det gjeld område for næring BN02_f ved Frisvollskogen, føreslår plankontoret å ta dette ut av planen. Grunneigar har ikkje har ønske om utbygging her, og ønskjer at dette arealet fortsatt skal vera ein del av garden sitt produksjonsgrunnlag.

1.15 Statsforvaltaren i Innlandet, brev 15.09.2022 (dok.nr. 100).

Statsforvaltaren meiner Lom kommune etter første gongs høyring har arbeidd godt med framlegg til arealdel til andre gongs høyring, med oppfølging av motsegner og nye utgreiingar m.a. vi har etterspurt. Statsforvaltaren skriv at dei konsentrerer si fråsegn ved andre gongs høyring, om avklaring av motsegner ved første gongs høyring.

Statsforvaltaren skriv at dei opprettheld motsegn til område BFT01 Konglehaugen så lenge ikkje realistisk tilkomst til anlegget utan konflikt med nasjonale verdier knytt til naturmangfald og jordvern er avklart.

Statsforvaltaren viser til at kommunen ved andre gongs høyring har teke ut fleire masseuttak både i vassdrag og på land som Statsforvaltaren hadde motsegn til ved første gongs høyring. Dette gjeld M18, Bøvre ved Galdebygde, M104, Otta-Geitøye, M106A Otta-Liabrue, M80 Hovdevegen og M99 Omondjordet. Statsforvaltaren skriv at desse motsegnene dermed er avklart.

Statsforvaltaren skriv at dei etter ei samla vurdering vel å trekke motsegner til M31 Bøvre ved Medalen, M32 Bøvre ved Borgasanden, M102 Bøvre ved Kvandalsvoll, M24 Bøvre ved Liasanden og M101 Bøvre ved Prestsæter samt M54 Finna ved Lauva. Statsforvaltaren ber om at desse uttaksområda blir følgd opp med spesifikke vilkår.

Statsforvaltaren viser til at kommunen har ved andre gongs høyring teke ut framlegg til nytt bustadområde BB03 i Frisvollskogen som utgjorde ca. 50 % av nye areal for bustadbygging her. Dei resterande to områda som nå ligg inne (BB06 og BB07) inneber ei fortetting og delvis utviding av eksisterande bustadområde. Statsforvaltaren skriv at dersom kommuneplanen blir vedteke med slik endring, har ikkje Statsforvaltaren lenger motsegn til planforslaget.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek til etterretning at Statsforvaltaren opprettheld motsegna mot BFT01 Konglehaugen, men er nøgd med at dei andre motsegnene er trekte. Ein viser til nærare kommentarar under dei enkelte punkta i uttala.

Motsegn til BFT01 Konglehaugen.

Statsforvaltaren viser til at kommunen har valde å vidareføre framlegget om fritids- og turistføremål på Konglehaugen, mellom anna med visning til at det er nytt krav om reguleringsplan til framlegget. Statsforvaltaren skriv at motsegna er knytt til at tilkomst til anlegget verkar å måtte gå over anten fulldyrka jord eller langs vatnet med utvald naturtype, slåttemark og utforming lauveng. Dei meiner at tiltaket difor sannsynlegvis vil kome i konflikt med anten nasjonale miljøverdiar og/eller det nasjonale målet om å redusere avgang av dyrka jord. Statsforvaltaren skriv at dei ut frå dette krev at realistisk tilkomst utan slik konflikt blir avklart på overordna nivå (kommuneplanens arealdel), før dei evt. aksepterer slik utbygging her. Statsforvaltaren opprettheld difor motsegna til arealforslaget.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek til etterretning at Statsforvaltaren opprettheld motsegna mot BFT01 Konglehaugen, og plankontoret vil rå til at kommunen trekk forslaget om dette arealbruksformålet her. I utgangspunktet tykkjer kommunen at ideen med etablering av tilleggsnæring knytt til husbåtar på Vågåvatnet er god, men ser at det vil vere svært vanskeleg å opparbeide tilkomst til landanlegget på tiltakshavarar eigen eigedom utan at dette kjem i konflikt med fulldyrka jord og område kartlagt med verdifull naturtype. Dersom tiltakshavarar vil gå vidare med forslaget om husbåtar på Vågåvatnet, må ein eventuelt sjå på om det er mogelege lokaliseringar av landanlegget andre stadar langs Otta/Vågåvatnet som kan vere eigna for eit landanlegg.

Masseuttak/råstoffutvinning i varig verna vassdrag: M31 Bøvre ved Medalen, M32 Bøvre ved Borgasanden, M102 Bøvre ved Kvandalsvoll, M24 Leira ved Liasanden og M101 Bøvre ved Prestsæter.

Statsforvaltaren viser til at dei fremma motsegn til alle nemnde uttaka i Bøvre med sideelvar, som er eit varig verna vassdrag. Dei viser til at dei fem uttaksområda her skal vere omfatta av ein eigen kommunedelplan for sand, stein og grus i 1997, vedtatt reguleringsplan frå 1998 og vidare stadfesta i kommuneplanens arealdel frå 2003.

Statsforvaltaren skriv vidare mellom anna at dei ved første gongs høyring signaliserte at motsegna kunne imøtekomast gjennom ei ny vurdering av konsekvensar ved uttaka i vassdrag. Dei etterlyste ei oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald, konsekvensar av uttaket knytt til korleis uttaka påverkar naturlege prosessar i vassdraget inkludert levevilkår for fisk. Statsforvaltaren forventar også at samla nytteverdi av dei ulike uttaksområda blei synleggjort. Dei skriv at ved den konsekvensutgreiinga som nå er gjennomført og ettersendt tilleggsdokumentasjon om status for fisk og fisket i Bøvre og Finna, er dette nå gjennomført. Statsforvaltaren skriv at dei ser det som viktig at kommunen no kan avslutte arealdelarbeidet. Framfor å gå vidare med ei komplisert, usikker og kanskje tidkrevjande juridisk avklaring har Statsforvaltaren difor kome fram til at dei vil trekkje motsegna til nemnde fem masseuttak, dersom kommunen tek inn følgjande føringar som vilkår for vidare uttak:

- "Uttak av grus skal i perioden 15/9 – 15/6 skje på tørt land. Vidare skal transporten av grus ut av vassdragsbeltet også så langt som mogleg skje på tørt land for å unngå tilslemming frå finstoff på yngel og rogn. Uttak av grus utanom denne perioden kan skje i vassstrengen dersom vassføring tilet det."

Statsforvaltaren legg også vekt på, etter ei ny vurdering, at Bøvre er spesiell med svært høg massetransport.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek til etterretning at Statsforvaltaren, har trekt motsegnene mot dei nemnte massetaka i Bøvre. Når det gjeld vilkåret for å trekkje motsegna som Statsforvaltaren set, vil plankontoret i utgangspunktet tilrå at ein godtek tidsavgrensing for masseuttak i vassstrengen. I gjeldande reguleringsføresegner for uttaka M31 Bøvre ved Medalen, M32 Bøvre ved Borgasanden og M24 Leira ved Liasanden, er det nedfelt at uttak skal berre skje på låge vasstandar, og at den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følgje av tiltaket. Men det er ikkje sett konkrete datoar. I regulerings-føresegnene for M101, Bøvre ved Prestsæter, er det nedfelt at uttak skal berre skje på låge vasstandar i første halvdel av juni og i siste halvdel av august. I reguleringsføresegnene for M102 Bøvre ved Kvandalvoll, er det likeins nedfelt at uttak skal berre skje på låge vasstandar i første halvdel av juni og i siste halvdel av august. I tillegg er det ei setning som set daterer periodane for uttak til 1-15 juni og 15-31. august.

Plankontoret ser at ved å ha konkrete datoar for når uttak kan skje i sjølve vassstrengen som Statsforvaltaren krev, vil bidra til større tryggleik for at fiskeyngel og anna liv i vassdraget ikkje vert skadelidande av uttaka. Plankontoret vil også peike på at ei datofastsetjing for dei uttaka som manglar slik tidfesting, også vil gjere at reglane vert enklare å praktisere og følgje opp.

Plankontoret vil føreslå at ein tek inn vilkåret med datofastsetting som Statsforvaltaren krev, som punkt g) i planføresegnene til kommuneplanen kapitel 3.7 for uttak M24 i Leira. For dei to uttaka i Bøvra oppfor Leirmo, M101, Bøvre ved Prestsæter og M102 Bøvre ved Kvandalvoll, vil kommunen føreslå å behalde dei tidsperiodane som er gjeve i reguleringsplanane ved å ta inn nytt punkt h) i føresegnene: "For uttak M101 og M102 i Bøvre skal uttak av grus berre skje på låg vasstand i perioden 1—15. juni eller 15.-31. august. Vidare skal transporten av grus ut av vassdragsbeltet så langt som mogleg skje på tørt land, for å unngå tilslamming frå finstoff på yngel og rogn."

Når det gjeld uttaka M31 Medalen og M32 Borgasanden foreslår plankontoret å innføre eit krav om revisjon av reguleringsplanane. Plankontoret sin vurdering er at er at den avgrensinga i tidsperiode som Statsforvaltaren har foreslått i sin høyringsuttale i liten grad er tilpassa praktiske mogelegheiter for drift av uttaksområda. Gjennom revisjon av reguleringsplanane vil ein kunne oppnå ein betre prosess og større grad av tilpassing til oppveksttilhøva for den lokale fiskebestanden enn med meir generelle og skjematiske føresegner i kommuneplanens arealdel. M31 Medalen og M32 Borgasanden blir derfor teke inn i føresegnene i punkt 3.7 a) med krav om at det skal vere utarbeidd og innlevert forslag til detaljreguleringsplan innan 2 år etter at ny arealdel til kommuneplanen er vedteken.

M54 Finna ved Lauva.

Statsforvaltaren skriv at deira motsegn til masseuttaksområde i verna vassdrag, også femna om M54 i det varig verna vassdraget Finna. Dei viser til at dette uttaksområdet ligg i tillegg innafor naturtypen Odden i Finndalen, type Kroksjøar, flaumdammar og meanderande elveparti. Naturtypen er verdisett som svært viktig. Statsforvaltaren skriv vidare at uttaket er omfatta av eigen reguleringsplanen vedteke i 1998, og at Finndalen landskapsvernområde blei etablert i 2006 og naturtypen nemnd over blei kartlagt i 2011.

Statsforvaltaren skriv at dei etter ei ny, grundig og samla vurdering, likevel har kome fram til at dei vil trekkje motsegna til dette masseuttaket. Statsforvaltaren skriv at dei då legg avgjerande vekt på at det er ein vedteke reguleringsplan for uttaket frå før landskapsområdet blei oppretta og at denne planen er vidareført. Dei skriv at dei vidare legg vi vekt på at verneføresegna opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til uttak av lausmassar til vegvedlikehald frå område som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplan. Forvaltningsplanen frå 2010 viser i sin tur til

vedteke reguleringsplan for masseuttaket ved Lauva sitt utlaup (M54) samt uttaket langs Finndalsvegen ved Measæterøye (M95). M95 ligg anslagsvis 6 km lenger vest enn M54.

Statsforvaltaren skriv at føresetnaden for å trekkje motsegna, er at kommunen i samråd med nasjonalparkstyresmakta og brukarane av Finndalsvegen set i gang eit arbeid for å vurdere om uttak av massar kan skje på annleis måte enn i dag.

Dei alternativa til dagens uttak Statsforvaltaren skriv at dei ser er i det følgjande lista opp i prioritert rekkjefølgje:

1. Transport av massar frå etablerte masseuttak utafor landskapsvernområdet.
2. Dekkje massebehovet frå eksisterande masseuttak i landskapsvernområdet på land (M95), evt. utvide dette noko.
3. Opning av nytt uttak på egna stad innafor landskapsvernområdet som ikkje ligg i vassdrag.
4. Uttak innafor eksisterande uttak (M54) på tørt land og elles slik at det kan dokumenterast at vassdrags- og verneverdiar ikkje blir negativt påverka.

Statsforvaltaren skriv at det vil vere naturleg at kommunen kallar dei, nasjonalparkforvaltninga og representantar for brukarane av vegen inn til eit møte der ein drøftar nærare korleis dette kan gjennomførast. Statsforvaltaren stiller også spørsmål ved kvaliteten til dei massane som blir teke ut i elva eller elvekanten i M54 og om dei er godt egna til vegmasse, og dei ber om at dette blir eit moment i den kommande vurderinga.

Kommentarar frå plankontoret:

Kommunen tek til etterretning at Statsforvaltaren, har trekt motsegnene mot M54 Finna ved Lauva. Kommunen vil ta initiativ til å setje i gong eit arbeid der kommunen i samråd med nasjonalparkstyresmakta og brukarane av Finndalsvegen, vurderer om uttak av massar kan skje på annleis måte enn i dag - eller alternativt om det vil vere meir tenleg at grus til bruk på vegen kan skaffast frå andre kjelder.

M99 Omondjorget.

Statsforvaltaren skriv at dei fremma motsegn til uttaksområdet av omsyn til og nærleik til artar vi har særleg ansvar for. Statsforvaltaren viser til at uttaksområdet ikkje berre vidareført, men også vesentleg utvida i areal. Statsforvaltaren skriv at dei har gjort ei grundigare vurdering av området og kva som skal til for å forstyrre den aktuelle arten som har tilhald i nærområdet. Dei skriv at deira vurdering og konklusjon er at avstanden så vidt er stor nok til at det er sannsynleg at den vil tole aktivitet knytt til uttak av masser, som graving og internttransport. Statsforvaltaren skriv at knusing av massar derimot, som gjev svært mykje støy, vil kunne påverke negativt i arten sin sårbare periode. Denne er rekna til frå 15. februar til 30. juni.

Statsforvaltaren skriv at dersom kommuneplanen blir vedteke med bindande føringar for utarbeiding av reguleringsplan med forbod mot knusing av massar i perioden frå 15. februar til 30. juni så har ikkje Statsforvaltaren lenger motsegn til planforslaget.

Kommentarar frå plankontoret:

Kommunen tek til etterretning at Statsforvaltaren, har trekt motsegnene mot M99 Omundjorget. Når det gjeld vilkåret for å trekkje motsegna som Statsforvaltaren set, vil plankontoret tilrå at ein godtek dette.

Plankontoret vil føreslå at ein tek inn vilkåret med datofastsetting som Statsforvaltaren krev, som punkt f) i planføresegnene til kommuneplanen kapitel 3.7. Tilsvarande vil ble teke inn i reguleringsføresegnene ved regulering av uttaket.

Framlegg om nye område ved andre gongs høyring:

BN02, Frisvollskogen, nytt næringsføremål, (totalt ca. 11 daa).

Statsforvaltaren skriv at dei ikkje har vesentlege merknader. Dei skriv at kommunen likevel bør vurdere kva type aktivitet dei opnar for i næringsområdet, ut frå omsyn til nærliggjande busetting og fare for støy og anna uheldig påverknad.

BFT24 og BFT25, Galdesanden, nye fritids- og turistføremål, totalt ca. 72 daa.

Statsforvaltaren skriv at dei ikkje har vesentlege merknader. Dei skriv at kommunen likevel bør vurdere korleis utvida område og utbygging her kan påverke og tilpassast det verdifulle kulturlandskapet Bøverdalen/Flåklipa/Visdalen.

Kommentarar frå plankontoret:

Kommunen tek til uttala når det gjeld dei nye områda til orientering.

Framlegg til endringar i planføresegnene.

Statsforvaltaren skriv dei er nøgd med at kommunen i all hovudsak har endra planføresegnene i tråd med deira faglege tilrådingar ved fyrste gongs høyring. Dei skriv dei no meiner planføresegnene er gjennomarbeidde og presise slik at dei gjev kommunen god styring med planarbeid og byggjesak.

Statsforvaltaren skriv at når det gjeld nytt pkt. 2.1, kan ein i ei retningsline gjerne få fram at dei generelle planføresegnene i ny kommuneplan vil gjelde for eldre reguleringsplanar, både ved motstrid og for tema der eldre reguleringsplanar er tause. Dette dersom ikkje anna går fram av føreseigna i KPA.

Kommentarar frå plankontoret:

Kommunen tek til merkningen til Statsforvaltaren til etterretning, og foreslår at ein tek følgjande tekst inn i planføresegnene pkt. 2.1 a): "Dei generelle planføresegnene og retningslinene gjeve i kapitel 2, vil også gjelde for eldre reguleringsplan ved motstrid eller for tema som ikkje er omhandla i reguleringsplanen."

Reindrift, innspel frå Statsforvaltaren i Trøndelag, reindriftseininga.

Dei viser til at kommuneplanens arealdel er eit av dei viktigaste verktøya for å sikre ei berekraftig forvaltning av reindriftsområda gjennom arealformålet LNFR i plankartet. Statsforvaltaren i Trøndelag, reindriftseininga, viser til at det under punkt 5.1.2 a) i planføresegnene, står at «oppføring av tilsynsbuer/gjetarbuer i utmark er berre tillate som fellestiltak i regi av beitelag, sankelag, grunneigarlag eller fjellstyret.» Her spelar dei inn at tamreinlaget også må stå i denne oppramsinga.

Statsforvaltaren i Trøndelag, reindriftseininga, ser ikkje at Lom tamreinlag står på adresselista over dei som har mottatt kommuneplanen på høyring. Dei går likevel ut i frå at kommunen har god dialog med reindriften i planprosessar, som med andre med rettar i utmark og næringsaktørar i kommunen.

Kommentarar frå plankontoret:

Kommunen tek til merkningen til Statsforvaltaren i Trøndelag, reindriftseininga, til etterretning, og legg til tamreinlaget i punkt 5.1.2 a) i planføresegnene.

1.16 Direktoratet for Mineralforvaltning, brev 15.09.2022 (dok.nr. 101).

Merknader til planføresegnene.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) viser til Planføresegnene § 3.7, bokstav a til område for råstoffutvinning som seier at: " For område M1, M6, M81, M99, M105, M109, MS3, MS7 og MS8 gjeld at innan to år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført, skal detaljreguleringsplan for uttaksområdet utarbeidast og godkjennast". Vidare i bokstav b at: "For områda som ikkje er nemnt i punkt a) ovanfor gjeld at dersom eksisterande område for råstoffutvinning vert utvida, skal det utarbeidast og godkjennast detaljreguleringsplan for området."

DMF peikar på at uttak av mineralressursar i mange tilfelle utgjer omfattande inngrep, og krav om reguleringsplan bidreg til å sikre openheit, føreseielegheit, og medverknad for alle interesser og myndigheiter. DMF meiner det derfor er eit godt plangrep å setje krav om reguleringsplan for uttak. Men dei er likevel i tvil om kor vidt formuleringa i bokstav a i § 3.7 vil vere tydeleg nok, slik at den inneberer at kommuneblir i stand til å følgje opp reguleringskravet. DMF viser til at ein reguleringsplan i nokre tilfelle kan gå over fleire år, og dei meiner formuleringa heller ikkje tydeleggjer kva for konsekvensar det vil ha for uttaka dersom kravet ikkje oppfyllest.

Kommentarar frå plankontoret:

Kommunen har forståing for innvendingane til DMF, og tek til merknaden frå DMF vedr. planføresegnene kapittel 3.7 a til etterretning. Kommunen vil føreslå punktet endra slik: "For område M1, M6, M81, M99, M105, M109, MS3, MS7 og MS8, gjeld at det seinast innan to år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført, skal det vere utarbeidd og innlevert forslag til detaljreguleringsplan for uttaksområdet for behandling i kommunen. Dersom reguleringsplanforslag er levert innan fristen, avgjer kommunen om det aktuelle uttaket kan halde fram medan reguleringsplanforslaget blir behandla i kommunen, og fastset eventuelle vilkår for drift i denne perioden. Dersom reguleringsplanforslag ikkje føreligg innan 2-årsfristen skal uttaket stansast, og drifta av uttaket kan da i fall ikkje takast opp at før de ligg føre reguleringsplanvedtak."

Merknader til konsekvensutgreiinga.

DMF skriv at dei etter ein gjennomgang av konsekvensutgreiingane (KU) for masseuttak utan reguleringsplan, har følgjande merknadar:

- M1: Stallhytta i Veodalen – Råstoffutvinning - eksisterande. I konsekvensutgreiinga er det vurdert at området ikkje er registrert som mineralressurs, noko som ikkje er riktig. Forslaget kjem i berøring med førekomsten Stallhytta, som Noregs geologiske undersøking (NGU) har vurdert til å være av lokal betyding som byggeråstoff.
- MS3: Graffer – Råstoffutvinning - eksisterande. I konsekvensutgreiinga er det vurdert at området ikkje er registrert som mineralressurs, noko som ikkje er riktig. Forslaget kjem i berøring med førekomsten Sørstrondvassvegen som NGU har vurdert til å være av liten betyding som byggeråstoff.

Kommentarar frå plankontoret:

Kommunen tek merknadane til etterretning og har gjort korrigeringar av KU i forhold til dette.

Melde- og konsesjonsplikt etter minerallova.

DMF skriv at i følgje DMF sitt uttaksregister er det berre registrert to uttak i drift i Lom kommune; Bøvra elv (Sulheim knuseplass) og Steinøye, vist til område M112 og M31 i plankartet. Dei skriv at begge desse er uttak i vassdrag og er vurdert som ikkje-konsesjonspliktige. DMF registrerer likevel at

det er mange reguleringsplanar for masseuttak og avsette områder i kommuneplanen til råstoffutvinning.

DMF peiker på at mineralloven som utgangspunkt gjeld «ethvert uttak av mineralske forekomster». Unntaket er for «uttak som hovedsakelig er en del av annen utnyttelse av grunnen». DMF minner derfor om at for samla uttak over 500 m³ gjeld meldeplikt til DMF, jf. minerallova § 42, og at samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse, samt eitkvart uttak av naturstein krev konsesjon før drift kan starte, jf. minerallova § 43.

DMF viser til at søknad skal sendast til DMF, og aktuelle partar og lokale myndigheiter vil bli høyrde før konsesjon eventuelt blir gjeve. DMF skriv at dette gjeld uavhengig av reguleringsplan og arealføremål i kommuneplanen sin arealdel. DMF skriv at det er den som er ansvarleg for uttaket, som også er ansvarleg for å avklare forholdet til mineralloven og som må sjå til at det nødvendige tillatingane føreligg før uttak settast i gang. Dersom det er tvil om eit masseuttak omfattast av mineralloven, kan tiltakshavar eller kommunen ta kontakt med DMF som kan gjere en vurdering av dette, og eventuelt fatte enkeltvedtak, jf. mineralloven § 3 tredje ledd.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek merknadane frå DMF til etterretning. I retningsline til føresegnene i kapitel 3.7 var det frå før teke inn tekst om kva som har meldeplikt og kva som krev konsesjon, men dette romma ikkje krav ved uttak av naturstein. Ein vil føreslå å her å endre teksten slik: " Alle masseuttak med samla uttak større enn 10.000 m³ samt eitkvart uttak av naturstein, krev driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning før drift kan starte, jf. minerallova § 43. Dette inneber også driftsplan som skal godkjennast av direktoratet."

Plankontoret vil også føreslå å ta inn teksten: " Det er den som er ansvarleg for uttaket, som også er ansvarleg for å avklare forholdet til mineralloven og som må sjå til at nødvendige løyve føreligg før uttak settast i gang."

1.17 Brimi sæter, brev 16.09.2022 (dok.nr. 102).

Brimi sæter ved Hans Brimi og Ola T. Brimi gjer først i uttala greie for korleis dei driv Brimi seter. Stikkord er: foredling av mesteparten av setermjølka til tradisjonelle seterprodukt, servering av seterkost, enkel overnatting i eit autentisk setermiljø, formidling av seterkulturen (historier, musikk), satsing på gamle husdyrrasar og vårkalving med høg mjølkeproduksjon i beitesesongen.

Dei skriv at dei no er 6 heilårs tilsette og i høgsesong har det vore over 35 namn på vaktlista. Dei skriv at dei ikkje har mål om å vokse særleg meir, men at dei ønsker å føle moglegheit for vidare utvikling på andre måtar.

Dei skriv at dei ofte oppfattar debatten om hytteutbygging vs beiterett/seterdrift som svart/kvitt og lite nyansert. Seterdrift og beitebruk/behov endrar seg på lik linje med utviklinga i resten av samfunnet, i både positiv og negativ retning. Dei skriv dei trur at det fortsatt er god plass til begge deler, og meiner at riktig utvikling av områder ved Tesse kan kome alle til gode, ikkje minst neste generasjon bønder. Dei peikar på at det er lite som tyder på at råvareproduksjon i landbruket vil bli meir lønnsam i framtida. Ein må ofte velje mellom å bli større og større eller å foredle/skape verdier på andre måtar tilknytt gardens ressursar, som foredling, aktivitetar og opplevingar. Som eigarar av Brimi seter har dei satsa på det siste og meiner at landbruket i vårt område har stort potensial her.

Dei skriv at deira fokus framover er berekraftig verdiskaping, både for dei sjølve og lokalsamfunnet, med utgangspunkt i dei ressursar dei har tilgang på. Brimi sæter brukar både seterretten og beiteretten og dei skriv at dei ikkje har opplevd utfordringar med fleire turistar/hyttefolk i området dei ca. 15 åra dei har drifta. Brimi sæter ønsker ikkje ein «hytteby» i området, men meiner at utvikling av dei areala som ligg ute til høyring nå vil vere meir positivt enn negativt for heile området sett under eitt.

Fritids- og turistformål BFT28 f.

Dei viser til at dei i samsvar med reguleringsplanen for Brimi sæter frå 2009, ikkje kan utvide overnattingskapasiteten ut over det som er knytt til seterdrifta og gardsturisme knytt til seterdrifta. Dei skriv at dei for framtida ser verdien av å behalde setra så autentisk som mogleg. Dei skriv at Brimi sæter har avgrensa overnattingskapasitet på setra i forhold til ete-plassar og er i dag ganske avhengig av naboseter til overnatting for å utnytte kapasiteten på anlegget elles. Dei viser til at dei ikkje kan tilby overnatting med høgare standard (eige bad/toalett) som fleire etterspør, og at dei også mistar også ein del firmakundar som ynskjer «enkeltrom». Dei skriv at firmamarknaden er eit potensial dei ønsker å utvikle vidare, for å utnytte skuldersesong og midtveke i større grad. Dei skriv at dette også vil kunne skape fleire arbeidsplassar.

Brimi seter skriv dei ser området BFT28-f som eit positivt innspel frå Lom kommune. Med gå avstand til setra, kan overnatting i dette området fint supplere enkel overnatting på setra og dekke behov dei manglar i dag. Dei meiner at utvikling på dette arealet i liten grad vil påverke trafikk og beiterett for dei andre setrene.

Hyttefelt Bjønnskardet BF14 f.

Brimi sæter er positive til fleire hytter i området, og ser ikkje at hytteutbygging i dette området/omfang er negativt for deira drift på nokon måte. Dei skriv at deira oppfatning er at hyttefolket i stor grad set pris på landbruksaktiviteten her og ønsker å støtte/nytte seg av tilbod knytt til dette. Dei peikar på at hyttefolk i dag brukar hyttene heile året og i lengre periodar og kan opne for nye og lengre sesongar for dei i framtida. Utfordringa for Brimi sæter er å skape fleire heilårs arbeidsplassar på grunn av avgrensa sesong. Fleire hytter kan gje nye moglegheiter her.

Brimi Fjellstugu- garasje.

Som næraste nabo til Brimi Fjellstugu stiller dei seg positive til ny garasje som er planlagt.

Nivå reiselivsaktivitet.

Brimi sæter viser til at det tidlegare har kome innspel på at reiselivsaktiviteten i området nå har nådd ei øvre grense før det går utover landbruket. Dei viser til at det har vore to «korona-somrar» med mange på norgesferie, rekordbesøk i reiselivet og at dei kan forstå at ei slik auke i trafikk/besøk på kort tid kan oppfattast på ulike måtar. Dei skriv at det i sommar (2022) har vore meir attende til «normalen», og vil også nemne at høgsesongen/fellesferien dreiar seg om nokre få veker som også ofte er same periode som seterslått med mykje aktivitet på setrene. Dei skriv at ei vidare utvikling av området vil nok ikkje utløyse same trafikken elles i sesongen som desse travlaste vekene om sommaren.

Kommentarar frå plankontoret:

Brimi seter gir ei nyttig og god orientering kring drifta og framtidstankar dei har.

Plankontoret tek til etterretning at Brimi seter meiner at BFT28_f kan vere med på å dekkje deira behov for auka overnattingskapasitet, og moglegheitene dette gir for å skape fleire arbeidsplassar. Ein legg til at Brimi sæter sjølv kom med innspel om eit område for bygging av overnatting på/i

nærleiken av det arealet som no er BFT28_f, men at kommunen har endra plassering og utforming av arealet noko i forhold til det opphavlege forslaget, jf. KU for området.

Plankontoret merkar seg at Brimi sæter er positiv til lokaliseringa av garasje-/lagerbygget som Brimi Fjellstugu har spelt inn (BFT29_f).

Plankontoret tek til orientering det Brimi sæter skriv knytt til nivå på reiselivsaktiviteten og deira syn på eigne framtidsplanar sett i forhold til "tole-grense" for området.

Plankontoret vil gjere ei samla vurdering av forslaga om hyttebygging ved Nordsetrene i saksframlegget ved sluttbehandling av planen.

1.18 Statskog SF, brev 15.09.2022 (dok.nr. 103).

Statskog skriv at dei ikkje har merknader til Lom kommune sitt forslag til revisjon av kommuneplanens arealdel.

Statskog viser til at Lom kommune har gjennomført KU etter 1. gangs høyring på alle områder for eksisterande turisthytter/turisthotell. Dei viser til at arealfigurane for turisthytter/-hotell ved 2. gangs høyring er fjerna for anlegg innafor nasjonalpark og redusert for de andre. Statskog viser til si uttale ved 1. gangs høyring, og ber om at Lom kommune, Statskog og Lom fjellstyre går saman for å definere areal kring turistanlegga. Dette med formål om overgang frå punkt- til arealfeste. Statskog foreslår at dette kan arbeidast vidare med som et eige prosjekt utafor revidering av kommuneplanens arealdel.

Kommentarar frå plankontoret:

Kommunen tek uttala til orientering.

1.19 Lom Bonde- og småbrukarlag, e-post 16.09.2022 (dok.nr. 106).

Lom Bonde- og Småbrukarlag viser til at det i arealplanen framleis er foreslege to område ved Tesse som framtidige område for hyttebygging. Lom Bonde og Småbrukarlag meiner dess områda bør tas ut.

Lom Bonde- og Småbrukarlag peikar på at Nordsetra ved Tesse er det området i Lom med flest setrer i drift, og at det i tillegg er det mykje turisme i området. Dei skriv at aktiviteten frå reiselivsbedriftene og talet på turistar i området har auka opp gjennom åra. Bonde- og småbrukarlaget skriv at dette har gått bra til no, og det er lite konflikt mellom beitebrukarar og turistverksemd. Dei skriv at det blir gjeve klart uttrykk for at det no nærmar seg ei grense og at ytterlegare tilrettelegging for auka ferdsel vil gå ut over den tradisjonelle bruken av området til beite og seterdrift.

Lom Bonde- og Småbrukarlag peikar på at det er vedteke overordna målsetjingar nasjonalt for å auke sjølvbergingsgraden og redusere utslepp av klimagassar. Dei skriv at skal ein nå desse måla, må den enkelte kommune nedfelle desse målsetjingane i eigne vedtak om arealbruk. Bonde- og småbrukarlaget skriv at dyrka mark og beiteareal må få sterkare vern mot nedbygging, og det må leggjast til rette for auka bruk av utmarksbeite, ikkje redusert. Dei skriv at det også må også takast omsyn til utsleppa ei omdisponering vil medføre både ved etablering og bruk.

Lom Bonde- og Småbrukarlag skriv at utmarksbeite er ein evigvarande, fornybar ressurs som må få ein auka verdi opp mot andre formål.

Lom Bonde- og Småbrukarlag skriv at delmål for berekraft i forslaget til kommuneplanens samfunnsdel:

- 1.5 Lom skal behalde sin nasjonale posisjon innafor berekraftig reiseliv.
- 1.6 Lom skal behalde sin nasjonale posisjon innan berekraftig beitebruk i landbruket.

Lom Bonde- og Småbrukarlag skriv at dersom desse delmåla skal innarbeidast i planverket, kan ein ikkje vedta nye område for fritidsbustader i eit beiteområde. Dei peikar på at det vil medføre både auka energibruk og tap av utmarksbeite i eit verdifullt kulturlandskap. Bonde- og småbrukarlaget peikar på at det ligg i dag 63 ubygde, ferdig regulerte hyttetomter til dette formålet i kommunen. Med vising til måla som kommunen sjølv har sett seg i kommuneplanens samfunnsdel, meiner Lom bonde- og småbrukarlaget at er det merkeleg om det da blir vedtatt å setje i gong ein prosess med å regulere nye område. Dei skriv at det vil vera i konflikt med overordna målsetjingar både lokalt og nasjonalt, samt redusere verdien av området for det som vil vera ei veldig viktig næring framover – landbruket.

Lom Bonde – og Småbrukarlag ber difor Lom kommune trekkje områda BF14_f og FT28_f ved Tesse som er foreslått omregulert til fritids – og turistformål.

Kommentarar frå plankontoret.

Ein merker seg det Lom Bonde- og Småbrukarlag skriv, og tek det med seg vidare i vurderinga av kor vidt ein vil tilrå å vidareføre forslaga om hyttefelt ved Nordsetrene . Det vil vere ulike oppfatningar av kor store konsekvensar dei attverande forslaga om hyttefelt, vil ha for setring og beitebruk ved Tesse, og i kor stor grad ei slik utbygging vil stri mot delmåla det er vist til i kommuneplanens samfunnsdel. Som bonde- og småbrukarlaget skriv, vil omdisponering av areal med skogsmark til hyttebygging, medføre klimautslepp både ved etablering og bruk. Forhold knytt til verknadane av klimautslepp ved dei to forslaga om hytteområde er nærare kommentert av plankontoret i kapittel 11 i dette dokumentet knytt til uttala frå lokallaga av Naturvernforbundet og Birdlife – ein viser til det. Den tomterreserve ein har i kommunen med ubygde, regulerte tomter for fritidsbustadar, vil også vere eit moment i vurderinga av kor vidt ein vil tilrå å vidareføre forslaga om hyttefelt ved Nordsetrene.

Plankontoret vil gjere ei samla vurdering av forslaga om hyttebygging ved Nordsetrene i saksframlegget ved sluttbehandling av planen.

1.20 Lom sau- og geitealslag, e-post 16.09.2022 (dok.nr. 107).

Lom sau- og geitealslag skriv at dei meiner at det ikkje bør etablerast nye område til hyttefelt i høgfjellet, dette for å unngå konflikhtar med beitenæringa. Dei viser til at ein stor del av utmarka blir brukt til beite for sau og storfe, og at dette er og gjennom alle tider, har vore ein stor og viktig ressurs for gardane i Lom. Lom sau- og geitealslag skriv at det er og teikn i tida som tyder på at desse ressursane kan bli enda viktigare, med tanke på auka sjølvforsyningsgrad. Dei viser til at det fram til no har vore avgrensa moglegheit for hyttebygging i kommunen, og at det har derfor heller ikkje vore det konfliktnivået som ein ser i mange andre kommunar. Lom sau- og geitealslag er redd dette kan endra seg i framtida, særleg mellom hyttefolk og beitebrukarar, med resultat at beitedyra kanskje kan bli utestengt eller fortrent frå visse område.

Lom sau- og geitealslag skriv at dei ikkje er imot meir hyttebygging i Lom, da vi ser at dette kan vera positivt og føra til nye arbeidsplassar og auka aktivitet. Men stillar spørsmål om det er det mogleg å leggja hyttefelt i lågareliggande delar av bygda i staden for i fjellet.

Kommentarar frå plankontoret.

Ein merker seg det Lom sau- og geitealslag skriv, og tek og tek det med seg vidare i vurderinga av kor vidt ein vil tilrå å vidareføre forslaga om nye hyttefelt.

1.21 Jo Rusten med familie, e-post 16.09.2022 (dok.nr. 108).

Rusten skriv at dei med dette uttrykkje sine tankar knytt til kommuneplanen sin arealdel med tanke til felt: LNF-B01_f. Dei skriv mellom anna at dei kjøpte huset sitt her med utgangspunkt i at dette sto for seg sjølv, da det ikkje var aktuelt å busette seg i eit byggefelt. Sjølv om det ikkje er særleg sentrumsnært, så var det ein pris å betale for å ha området for seg "sjølv".

Dei skriv at pr. i dag er eit godt miljø i området naboar imellom. Men det kan bli problem og misnøye, dersom planen for området blir i høve til kommunen si forslag med fleire tomter. Rusten skriv at det kan fort bli ein realitet at ein følar at det vert for tett mellom husa, og for godt innsyn hjå kvarandre. Dei skriv at ein også må også få fram at byggjekostnadene på tomtene her vert store, etter som det er nesten berre berg og stein i grunnen her. Dei meiner at ei ledig tomt her er meir enn nok.

Dei skriv mellom anna vidare at dei busette seg i eit roleg område av fleire grunnar, blant anna omsyn av barna. Om det kjem naboar tett på blir ikkje dette lenger eit attraktivt område for dei, og dei skriv at dei kan koma til å flytte, med eiga trivsel som grunn. Dei skriv at ved eventuelt sal vil bustaden truleg bli seld som fritidsbustad, og peikar på at det vel ikkje er det som er kommunen sin plan for å styrkje befolkninga i grendene.

Dei skriv elles at dei steller seg bak det som før har vore skrevet av Kari Ramen, Hans Slålien, Liv og Øyvind Angard til 1. gongs høyring.

Kommentarar frå plankontoret.

Ein merker seg det Rusten skriv. LNF-B01_f er lagt ut med arealbruksformål LNF med spreidd bustadbyggnad der føresegnene ved 2. gongs høyring opnar for 5 tomter. Det er 3 tomter som er frådelt og bygd på i dag. Ved 1. gongs offentlege høyring var talet på tomter sett til 6.

LNF-B01_f har eit totalareal på nær 45 dekar, og sjølv om det er gamle vegfar/turstigar m.m. som legg beslag på areal, gjorde plankontoret den vurdering før 2. høyring at det må ver plass for 5 tomter i området. Plankontoret finn ikkje grunn til å tilrå å endre på det talet.

1.22 Jehans Storvik jr., e-post 16.09.2022 (dok.nr. 109).

Storvik skriv at uttala gjeld hyttefelt ved Tesse. Han skriv at han som Tessending, så har alltid Tesse vore min hans hovudstad for utfluktar i naturen. Storvik skriv at samspelet mellom naturen, menneske, setrene og dyra, alltid har gjeve han positive opplevingar.

Storvik meiner mengda hytter og folk som er ved Tesse pr. no, er i samsvar med naturens eigne grenser. Han meiner at utbygging, vil ikkje være foreinleg, eller forsvarleg m.o.t. dagens økosystem.

Storvik skriv han også fryktar sterkt at dølakulturen som gjennom tidene har vorte forma på Tesse, vil svinne hen ved ei større utbygging av hyttefelt. Han skriv at ein får hyttefolk, men ofrar dølafolkets levemåtar i prosessen.

Storvik skriv at han, med familie, er i prosess for å ta over gard som ligg nokre kilometer frå Tesse, og at det flyttar tilbake for nærleik til natur og fred, ikkje for hyttefelt. Han skriv at å kunne nyte natur nære bustad, kanskje er det viktigaste privilegium for å bu i Norddalen.

Storvik skriv at han ikkje er i mot nokre fleire utleigehytter, men ein hyttelandsby, er han sterkt imot. Han skriv at om det i verste tilfelle blir bygd hyttefelt, så håpar han det inderleg det blir gjeve forbod mot innlagt straum og vatn.

Kommentarar frå plankontoret.

Ein merker seg det Storvik skriv. Plankontoret vil gjere ei samla vurdering av forslaga om hyttebygging ved Nordsetrene/Tesse i saksframlegget ved sluttbehandling av planen.

1.23 Vårdalen beitelag, e-post 19.09.2022 (dok.nr. 111).

Vårdalen beitelag skriv mellom anna at Lom kommune har peikt seg ut som ein kommune som ikkje har kasta seg på hyttebyggingstrenden. Dei skriv at har kommunen derfor har mykje urørt natur, fleire flott setergrender som er i aktiv bruk og verdifulle område for utmarksbeite. Beitelaget peikar på at utmarksbeita er avgjerande for å kunne drive eit berekraftig landbruk i denne landsdelen og beitedyra er med på å skjytte kulturlandskapet. Dei skriv at dette er faktorar som truleg er med på å gjere Lom attraktiv i reiselivssamanheng. Beitelaget viser til at kommunen har profilert seg som eit natur- og kultursenter, og at turistverksemdene profilerer seg gjennom mattradisjonar, storslått natur, levande kultur og med ekte opplevingar med vekt på berekraft i alle ledd. Dei skriv at ein fram til no, har unngått dei store konfliktane mellom landbruksinteresser og turisme, slik som dessverre er tilfelle i fleire av hytteutbyggingskommunane.

Vårdalen beitelag skriv at utbyggingsområda i planen ligg alle i området på Nordsetrene og i området ikring som tradisjonelt har vore og framleis er viktige område for beitedyr. Områda er trekkveg, beite- og kvileområde for storfe og sau på utmarksbeite. Dei skriv at området ved Bjønnskardet, også er eit viktig beiteområde, spesielt om hausten når dyra soppa og høgfjellsbeitet blir dårlegare.

Beitelaget meiner at hytteutbygging og utbygging til fritids- og turistformål utover det som er i området pr. i dag, vil forringe beiteretten, det vil bli konflikt mellom landbruk og turistnæring og det vil forringe det autentiske ved området. Dei meiner at presset på dette området og heile Heimfjellsområdet vil auke betrakteleg td. gjennom auka ferdsel med fleire folk, hundar/laushundar og auka biltrafikk, forsøpling og behov fleire tilretteleggingar/utbyggingar etterkvart som nye behov melder seg. Beitelaget skriv at det til no ikkje har vore konflikt mellom beitebrukarar og turistnæring, og at ein heller har utfyllt kvarandre. Dei skriv at gjestane på turistverksemdene opplever eit aktivt landbruksmiljø og landbruket har opplevd tryggleik gjennom at turistverksemdene er tett på gjestene og rettleiar dei, og at det på den måten er kontrollert ferdsel i utmarka. Satsinga til no med «varme senger», har gjort at turismen er kontrollert og innanfor ei viss styring/påverkand frå verksemdene si side. Beitelaget meiner at storstilt hytteutbygging og med firmahytter, vil vere med å forringe området. Viktig beiteareal vert privatisert, beiteretten vert utarma, og det vi truleg verte større konflikt mellom hytteeigarar og beitebrukarar. Beitelaget skriv at det er viktig å nemne at det alt er avsett tomter til hytter i området, at fleire av tomtene er ledige og at Uksfossen hyttefelt på Tessanden grensar heilt inn til Nordseterområdet. Dei meiner at fleire hytter enn det det alt er tilrettelagt for vil øydelegge Nordsetera/Tesse/Heimfjellsområdet heilt som utmarks-, landbruks- og rekreasjonsområde.

Vårdalen Beitelag ber om at Lom kommune vernar om og støttar opp om landbruksnæringa bygda, slik at ein opprettheld gardsbruka som framleis er i drift. Dei ber om at Lom kommune vernar om beiteretten som utgjer ein uvurderleg og viktig ressurs for eit berekraftig landbruk i vår landsdel. Vårdalen Beitelag ber om at Lom kommune ikkje tillet hytteutbygging eller bygging til fritids- og turistføremål på Nordsetrene og Bjønnskardet i Vårdalen Statsallmenning.

Kommentarar frå plankontoret.

Ein merker seg det Vårdalen Beitelag skriv. Plankontoret vil gjere ei samla vurdering av forslaga om hyttebygging ved Nordsetrene/Tesse i saksframlegget ved sluttbehandling av planen.

1.24 NVE, brev 22.09.2022 (dok.nr. 115).

NVE viser innleiingsvis til at dei trekk motsegnene dei hadde reist til kommuneplanens arealdel ved 1. offentlege ettersyn og høyring, og skriv at

- NVEs motsegn til områder lagt ut til råstoffutvinning i vassdrag utan krav til reguleringsplan, vil falle bort dersom kommuneplanen for Lom blir vedtatt slik som foreslått ved 2. gangs høyring.
- NVE trekk motsegna til masseuttak i verna vassdrag. NVE anbefaler likevel sterkt at kommunen sørger for å oppdatere reguleringsplanane for masseuttak i verna vassdrag, og skriv at det kan være aktuelt for NVE å innkalle masseuttaka i Bøvra til konsesjonsbehandling dersom det viser seg at det ligg føre sterke miljømessige omsyn og reguleringsplanane ikkje blir oppdaterte.

Masseuttak frå vassdrag utan reguleringsplan – Otta og Tesse.

NVE viser til at Lom kommune har nå stilt krav om reguleringsplan for nye og eksisterande masseuttak, jf. utkast til nye planføresegner § 3.7. Kommunen har også konsekvensutgreidd områder for råstoffutvinning som ikkje har godkjent reguleringsplan, der 7 områder omfattar masseuttak i vassdrag. NVE viser vidare til at Lom kommune foreslår å ta ut 5 av de 7 områda for masseuttak i vassdrag som ikkje har godkjent reguleringsplan. Dei områda som føreslege teke ut av planen, omfattar mellom anna områder der det er kartlagt elvesandjeger (M104- Otta ved Geitøye, M106A- og M106V- Otta ved Liabrue). I tillegg er område M108 – Otta ved Yttervikje og MS10 – Tessemagasinet foreslått teke ut. NVE viser til at kommunen krev reguleringsplan for de 2 attverande områda som er ønska vidareført; M105 – Otta ved Vulu og M109 - Tessemagasinet ved Ilva.

NVE meiner kommunen har gjort en god jobb når det gjelder vurderingar knytt til behov og konsekvensar av område for masseuttak frå vassdrag i kommuneplanen utan reguleringsplan. Dei visar til at det er lagt stor vekt på omsyn til biologisk mangfald, spesielt registrerte førekomstar av elvesandjeger. Når det gjeld området ved Vulu, er området registrert som et lokalt viktig deltaområde i Naturbase (2006). NVE skriv at masseuttaksverksemda er ei av årsakene til at området ikkje er vurdert med høgare verdi. NVE skriv at dette er et relevant moment å vurdere ved en evt. reguleringsplanprosess. Dei skriv at NVE si motsegn til områder lagt ut til råstoffutvinning i vassdrag utan reguleringsplan, vil falle bort dersom kommuneplanen for Lom blir vedtatt slik som foreslått ved 2. gangs høyring, i tråd med KU-notat datert 13.06.2022.

Masseuttak i verna vassdrag – Bøvra og Finna.

NVE skriv at dei har etterlyst fagleg dokumentasjon, samt effektar og konsekvensar av masseuttaka i verna vassdrag. Dei meiner eldre reguleringsplanar for masseuttak i vassdrag må reviderast og oppdaterast i tråd med dagens lovkrav og faglege tilrådingar. NVE skriv at deira motsegn ikkje var spesifikk på kva for vassdrag, men gjaldt i hovudsak eldre reguleringsplanar i Bøvra. Når det gjelder

masseuttaket i Finna, skriv NVE at det er forvaltningsmyndigheten for landskapsvernområdet som er vassdragsmyndigheit, jf. vrl. § 33 annet ledd.

NVE skriv at kommunen viser til at reguleringsplanane frå 1998 ikkje er i strid med vassressursloven §§ 8 og 35. NVE skriv at dei ser at kommunen har teke omsyn både verna vassdrag og vassdragslovgivinga ved utarbeidinga av reguleringsplanane i Bøvra og Finna. NVE viser til at dette likevel er ein prosess som var gjennomført for over 25 år sida. Dei viser til at Vassressursloven kom i 2001, Finndalen landskapsvernområde (Finna) vart oppretta i 2006, vassforskrifta kom i 2007 og at Naturmangfaldlova trødde i kraft i 2009. NVE viser til at FN's berekraftmål nr. 6 om berekraftig vassforvaltning, har som delmål å beskytte og restaurere vassrelaterte økosystem, og at FN har nyleg utpekt perioden 2021 – 2030 til restaureringstiåret. I tillegg har fylkeskommunen utarbeidd en regional plan for Gudbrandsdalslågen med sideelver (Lågenplanen).

NVE skriv at dei har sett nærare på dei gamle reguleringsplanane i Bøvra, bl.a. Medalen og Borgasanden. Dei skriv at føresegnene generelt har fokus på lågaste uttaksnivå (nedre nivågrenser), samt uttaksgrenser og vilkår mot elvebredd, vegfylling og vassdragstekniske anlegg. NVE viser til at det er lagt stor vekt på kor mye masse som kan tas ut og ikkje kva det reelle behovet er. Ved å fastsette en grense for når det faktisk er behov for å ta ut masser frå elva, unngår man at elva kontinuerleg blir reinska for masser. NVE viser til at det vidare går fram av føresegnene at grunneigar må sørge for at det kvart år blir nivellert opp lengde- og tverrprofilar, som skal sendast både til kommunen og NVE. I tillegg er det gitt opning for at planane blir teke opp til ny behandling dersom masseuttaket eller andre forhold medfører utilsikta endringar i vassdraget.

NVE skriv at dei ikkje har tilsynsmyndigheit med reguleringsplanar eller løyve etter plan- og bygningslova (pbl.). Dei skriv det er kommunen som kan føre tilsyn med at føresegnene i ein reguleringsplan blir følgt opp. NVE kjenner ikkje til i kva for grad kommunen har motteke og følgt opp nivellerte lengde- og tverrprofilar. NVE skriv at dei generelt ser at det kan være ei utfordring for kommunar å føre tilsyn med løyver til vassdragstiltak etter pbl.

NVE skriv at det generelt ikkje er ønskeleg at det blir utforma reguleringsføresegner der det skal rapporterast til NVE. Dersom det er behov for at NVE følger opp nødvendige krav for eit vassdragstiltak, må dette skje gjennom en konsesjon i medhald av vassressurslova.

NVE viser til at kommunen viser til at eldre vassdragstiltak som ikkje trengte løyve etter tidlegare vassdragslovgiving, kan fortsette utan konsesjon etter § 8. NVE skriv at vassdragsmyndigheten (NVE) i særlege tilfelle likevel kan krevje konsesjonsbehandling også for eldre tiltak som ikkje trengte konsesjon, jf. vrl. § 66. NVE viser til at det er likevel berre aktuelt å krevje konsesjonsbehandling når det ligg føre sterke miljømessige omsyn. Dei skriv at NVE gjennom en konsesjonsbehandling har mogelegheit til å fastsette nødvendige vilkår, og følge opp disse med tilsyn.

NVE viser til si vegleiing til vassressurslova (1/2021) pkt. 6.5.2 om uttak og utfylling i vassdrag, som seier at det må utarbeidast reguleringsplan for større masseuttak. NVEs praksis er at reguleringsplan som hovudregel erstattar konsesjon etter vassressurslova (§ 20) for slike tiltak. Føresetnaden er at verknadane tiltaket vil ha for allmenne interesser i vassdraget er godt nok opplyst og at føresegner til reguleringsplanen kan ivareta dei omsyna som vassressursloven skal ivareta. NVE peikar på at dette er et viktig argument for kommunen til å oppdatere reguleringsplanane for masseuttak i verna vassdrag.

NVE viser til at Bøvra er masseførande, og at masseuttak vil slik sett være en pågåande prosess. Dei peikar på at elvane vil over tid endre seg både med og utan masseuttak. NVE meiner generelt det vil vere behov for å oppdatere reguleringsplanar for masseuttak i vassdrag med jamne mellomrom, spesielt i verna vassdrag.

NVE skriv vidare at masseuttak i vassdrag bør vurderast ut frå eit konkret behov knytt til samfunnstryggleik og beredskap, og at verknadar av uttak derfor bør dokumenterast, både når det gjelder effektar på å forebygge flaum- og erosjonsskader, men også mot. miljøverknadar.

NVE viser til at Statsforvaltaren i brev av 15.09.2022, uttalt at de vil trekke innsigelsene til masseuttak i Bøvra, dersom kommunen tar inn ein føresegn i kommuneplanen om at uttak av grus må skje på tørt land i perioden 15. september – 15. juni. I tillegg må transporten bli planlagt slik at den medfører minst mogeleg tilslamming frå finstoff for yngel og rogn. I reguleringsplanane er det generelt satt krav til at uttak berre skal skje på låge vasstandar.

NVE skriv at det ut frå det kommunen skriv, er det et spørsmål om kor tett oppfølging kommunen har hatt med masseuttaka i Bøvra og om reguleringsplanane gir tydelege nok rammer for drifta. NVE meiner det er viktig med tydlege føresetnader, krav og vilkår ved uttak av masser i vassdrag. NVE skriv dei ser at kommunen har anledning til å vidareføre de nemnte reguleringsplanane.

NVE skriv at dei derfor trekk motsegna til masseuttak i verna vassdrag. NVE skriv at dei gir et sterkt fagleg råd om å oppdatere reguleringsplanane for masseuttak i verna vassdrag, og skriv at det kan vere aktuelt for NVE å innkalle masseuttaka til konsesjonsbehandling etter vrl. § 66, dersom det føreligg sterke miljømessige omsyn og at reguleringsplanane samtidig ikkje blir oppdaterte.

Kommentar frå plankontoret:

Kommunen tek til etterretning at NVE trekk motsegnene som vart reist i samband med 1. gongs ettersyn og høyring av planforslaget.

Plankontoret har forståing for NVE sine argument for å oppdatere reguleringsplanane for massetaka i det verna vassdraget Bøvre, både med omsyn til at vassdraget er sterkt masseførande og at elva endrar seg over tid, med dei konsekvensar det har med omsyn til samfunnstryggleik og miljøverknadar. Det er i første omgang viktig for kommunen og få revidert den gamle kommuneplanen, og plankontoret meiner at prosessar knytt til revisjon av dei gjeldande reguleringsplanane kan kome i ettertid av kommuneplanvedtaket. Når det gjeld oppfølging av masseuttaka i vassdraget, må kommunen vedgå at det her er eit klart forbettringspotensiale, og at ein vil søkje å setje opp rutinar som sikrar betre oppfølging.

1.25 Lom fjellstyre, uttale vedteke i møte 22.09.2022 (dok.nr. 116).

Ein gjengjev under heile vedtaket i Lom fjellstyre gjorde i møtet 22.09.2022 (sak 22/2022). Dok. nr. 116 har i tillegg ei omfattande saksutgreiing som er grunnlag for vedtaket som ikkje er referert, og ein viser til dette dokumentet for meir utfyllande opplysningar.

Lom fjellstyre syner til høyringsbrev med plandokument sendt 7. juli og kjem med følgjande merknader til 2. gongs høyring til forslag om kommuneplanens arealdel 2021-2030 for Lom kommune:

Byggeområder for fritidshytter.

Lom fjellstyre vil framheve at samla bruk og påverknad frå eksisterande fritidsbustader, reiselivs- og aktivitetsverksemd ved Tesse er ved ei tolegrense. Realisering av føreslegne byggeområde for fritidsbustader vil kunne medverke til at grensa for tåla bruk blir overskride og avvikling av eksisterande seter- og beitebruk kan bli ein realitet. Dette vil være i strid med lokale-, regionale- og nasjonale strategiar og føringar. Lom fjellstyre er positive til at BF01_f Nordsætrin og BF12_f Nåvårsetervangen er teke ut av forslaget, men negative til at BF14_f Bjønnskaret og BF05_f/BFT28_f Nordsetrene framleis ligg inne.

Som synt til uttale i fyrste høyringsrunde vil auka aktivitet knytt til fritidshytter og reiseliv ha ein negativ påverknad på seter- og beitebruk i Tesse området. Det er ikkje bygningar og installasjonar i seg sjølv, men auka aktivitet- og bruk av området som vil bli ei utfordring. Området BF14_f i Bjønnskardet ligg 1 km i frå og i gangavstand frå seterområdet på Nordsetrene. Ei realisering av dette hyttefeltet vil påverke eksisterande seter og beitebruk i heile området.

Fjellstyret meiner at påverknaden ei utbygging i dette området vil ha på landskapet, er for dårleg vurdert og vektlagt av kommunen. Området ligg på eit høgdedrag, som i dag er dominert av tettvaksen skog. Det er lett synleg frå store deler av Tesseområdet, spesielt frå seterområdet på Nordseter. Ei utbygging av 48 høgstandarhytter her vil bli svært dominerande.

BF05_f byggeområde for fritidshytter er i 2. gongs høyring endra til BFT28_f byggeområde for fritids- og turistformål. Lom fjellstyre meiner at dei negative konsekvensane for seter- og beitebruk ikkje blir mindre ved å knyte hyttene til eksisterande turistverksemd. Høgare belegg, auka bruk og gjester som i mindre grad er kjent med tilhøva vil truleg gje auka negativ påverknad jf. ordinære fritidsbustader. Som synt til i saksutgreiinga kan det, etter gjeldande føresegner i fjellov og seterforskrift, ikkje utvisast areal til oppføring av slike frittståande utleiehytter knytt til ei seter. Utvising må i tilfelle sjåast på som ei nyetablering. Ei ny reiselivsverksemd er ikkje ynskjeleg midt i eit seterområde.

Endring av arealbruksformål rundt reiselivsverksemdar.

Lom fjellstyre er positive til at verksemdene som ligg innanfor verneområda blir oppretthalde med punktssymbol, og at arealet elles er vist som LNF- område (Glitterheim, Gjendebu, Memurubu).

For «arealformål parkering», ved BFT10 Leirvassbu og BFT15 Spiterstulen, bør det tydeleggjerast at dette er areal som skal vere tilgjengelege for allmenn bruk og offentleg parkering. Det er av vesentleg betyding at allmenn tilgang til desse områda blir sikra, både for friluftsutøving og anna reiselivsverksemd i kommunen. Begge verksemdene er tilknytt godkjend bomveg. Ved kommunal behandling og godkjenning av bomveg/avgift bør det settast generelle vilkår om allmenn tilgjengelegheit, opningstider og parkering. Eventuelle utgifter knytt til opparbeiding og vedlikehald av parkeringsareal bør kunne dekkast gjennom bom- og/eller parkeringsavgift.

Nytt område for fritids- og turistformål BFT29 f Brimi fjellstugu.

Fjellstyret er positive til at det blir avsett areal for garasje/lagerbygg ved Brimi Fjellstugu, men ynskjer å vurdere alternative områder for plassering av eit slik bygg, før ein tek endeleg stilling til tiltaket.

Område for råstoffutvinning.

Fjellstyret ynskjer ei tydeleggjering av at masseuttak i samband med drift og vedlikehald av setervegar og mindre veganlegg, må kunne godkjennast etter landbruksvegforskrifta. Samstundes bør det arbeidast for å oppretthalde eksisterande masseuttak og at M50 Illmyrbakkjinn bør takast inn att i planforslaget.

Når det gjeld M-109 Tessemagasinet ved Ilva bør det gjerast ei ny vurdering knytt til tidspunkt og område for uttak. Dette er eit mykje brukt og viktig rekreasjonsområde for allmennheita.

Område for samferdselanlegg/ infrastruktur.

Fjellstyret er skeptiske til om ei utviding av felles parkeringsplass P01_f vil løyse parkeringsutfordringane ved Brimi seter, men vil ikkje gå i mot forslaget om å avsette arealet til parkering i kommuneplanen sin arealdel. Når det gjeld eventuell opparbeiding bør dette avgrensast til det nødvendige, store inngrep vil påverke kulturmiljøet og landskapet negativt. Verksemdene bør i større grad sjå på disponering av eiga areal framfor å ta i bruk nytt. Fjellstyret vil kome attende til saka ved ei eventuell behandling etter fjellova.

Område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø.

Fjellstyret syner til at riksantikvaren framhevar at framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande og viktig for å halde ved like kvalitetane i landskapet ved omsynssone for verdifullt kulturlandskap i Bøverdalen (H570_1) og omsynssoner for bevaring av kulturmiljø ved Tesse og Nordsetrene (H570_K1-K4). Dette må synleggjerast enda klarare i planføresegnene i kommuneplanen, slik at ein ikkje risikerer at omsynssonene sine føresegnar er til hinder for landbruksutøvinga.

Kommentarar frå plankontoret:

Byggeområder for fritidshytter.

Plankontoret merker seg det Lom fjellstyre uttaler, og tek det med seg vidare i vurderinga av kor vidt ein vil tilrå å vidareføre forslaga om hyttefelt ved Nordsetrene . Det er i høyringa kome fram noko ulike oppfatningar av kor store konsekvensar dei to attverande forslaga om hyttefelt, vil ha for setring og beitebruk ved Tesse.

Plankontoret merkar seg at Fjellstyret meiner at påverknaden ei utbygging i området BF14 ved Bjønnskardet vil ha på landskapet, er for dårleg vurdert og vektlagt av kommunen. Fjellstyret meiner ei utbygging av 48 høgstandarhytter her vil bli svært dominerande. I konsekvensutgreiinga som er utført av kommunen, er tiltaket vurdert til å ha middels negativ konsekvens. Plankontoret merker seg også at fjellstyret meiner at omgjeringa av BF05_f byggeområde for fritidshytter til BFT28_f byggeområde for fritids- og turistformål ved 2. gongs høyring endra til BFT28_f byggeområde for fritids- og turistformål, vil gje større negative konsekvensar enn det første forslaget.

Plankontoret kommenterer dette ikkje nærare her, men viser til ei samla vurdering av forslaga om hyttebygging ved Nordsetrene/Tesse i saksframlegget ved sluttbehandling av planen.

Endring av arealbruksformål rundt reiselivsverksemdar.

Plankontoret merker seg det fjellstyret uttaler om parkeringsplassar ved Leirvassbu og Spiterstulen knytt til at desse bør vere offentlege med allmenn tilgang. Ein merker seg også det fjellstyret uttaler knytt til kommunal behandling og godkjenning av bomveg/avgift, og at dei meiner det bør det settast generelle vilkår om allmenn tilgjengelegheit, opningstider og parkering.

Nytt område for fritids- og turistformål BFT29_f Brimi fjellstugu.

Ein merker seg uttala til fjellstyret, men plankontoret må innvende at det er no toget går for å plassert tomt via kommuneplanprosessen. Ønsker fjellstyret seinare å bidra til ein alternativ plassering av eit garasje-/lagerbygg utanom det eksisterande næringsarealet som er avsett for Brimi fjellstugu som er vidareført frå kommunedelplanen for Nordsetrene , vil det måtte skje utan avklaring gjennom ein breitt anlagt planprosess.

Område for råstoffutvinning.

Fjellstyret ynskjer ei tydeleggjering av at masseuttak i samband med drift og vedlikehald av setervegar og mindre veganlegg, må kunne godkjennast etter landbruksvegforskrifta. Om landbruksforskrifta sitt verkeområde står det i § 1-3 at: "Denne forskriften omfatter nybygging og

ombygging av landbruksveier, hvor landbruksvirksomhet utgjør hovedformålet. Forskriften gjelder også etablering av massetak som er nødvendig i forbindelse med bygging og vedlikehold av det enkelte veianlegg og eventuelle tilgrensende landbruksveier." Ved høyring av forskriftsendring i 2014 legg departementet til grunn at nytten av vegen for landbruksverksemd må utgjere minst 50% av samla nytte for å vere «hovudformål». Dersom nytten for landbruksverksemd er mindre en 50% er det føresett at kommunen behandlar søknaden etter plan- og bygningslova. Forskrifta omfattar også massetak langs vegtraseen når massetaket er relatert til den aktuelle vegen. Massetak som skal tene fleire veger eller til andre formål, føreset behandling etter plan- og bygningslova.

Plankontoret har vurdert dei massetaka som ligg til veganlegg innafor statsallmenning i forhold til om desse alternativt kan handsamast etter landbruksvegforskrifta:

Lokalitet	Veganlegg, bruksformål	Landbruk hovudformål?	Vidarført i kommuneplan	Sett krav om reg.plan i KP
M1 Stallhytta, Veodalen	Veodalsvegen	Nei	Ja	Ja
M6 Kyrkjeflaten	Veganl. Hesthagen – Smørli - Eklesæter	Nei	Ja	Ja
M13 Skauta	Visdalsvegen, ytre del	Nei	Ja	Nei
M50 Illmyrbakkjin	Veganl. Sålell - Foss	Ja	Nei	-
M81 Juvasshytta	Galdhøpiggevegen	Nei	Ja	Ja
M100 Tavelflye	Smådalsvegen	Ja	Ja	Nei

Det vil da berre vere M100 Tavelflye av dei uttaka som ligg i planforslaget ved 2. gongs høyring, som plankontoret meiner eventuelt kan bli handsama etter landbruksvegforskrifta. Det vil da vere berre uttak som ligg i område som er LNFR-område som kan bli behandla etter landbruksvegforskrifta. Når M100 Tavelflye ligg inne i planforslaget som område for råstoffutvinning, og også ligg inne i gjeldande kommuneplan frå 2003 og i kommunedelplanen for sand, grus og stein frå 1997, ser ikkje plankontoret det aktuelt å endre arealbruksformålet for dette. Uttaket er lite, og det er heller ikkje sett krav om utarbeiding av reguleringsplan for å halde fram med uttak her.

Når det gjeld uttaket M50 Illmyrbakkjin, vart det teke ut og ligg ikkje i planforslaget ved 2. gongs høyring, og nå ligg arealet som del av eit stort LNFR-område. Det skjedde etter møte med veglaget, og plankontoret vurderte det da slik dei attverande grusressursar i område M50 var små, og rådde til å ta uttaket ut av planen som område for råstoffutvinning. Fjellstyret meiner at dette at uttaket burde takast inn at i kommuneplanforslaget. Ved første gongs høyring oppmoda Statsforvaltaren sterkt kommunen å vurdere kritisk om M50 ikkje burde takast ut av planen av landskapsomsyn og vassdragsomsyn, evt. bli omfatta av krav om reguleringsplan. Plankontoret vil ikkje rå til at området vert teke inn att som areal for råstoffutvinning. Ein ser at Illmyrbakkjin er eit uttak som alternativt kunne falle inn under regelverket i landbruksvegforskrifta, da bruken av vegen det betener i hovudsak er landbruk. Da utaket i Illmyrbakkjin, har vore behandla etter plan- og bygningslova gjennom fleire år, først som i del av kommunedelplan for sand, stein og grus frå 1997, sidan som del av kommuneplanens arealdel frå 2003, meiner plankontoret det ikkje vil vere nokon enkel veg å no alternativt få godkjent uttaket etter landbruksvegforskrifta. Etter landbruksvegforskrifta § 1.1 skal det mellom anna leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv. Søknaden skal godkjennast av kommunen, og det må hentast inn høyringsuttaler.

Plankontoret vil føye til at også uttak av mineral frå uttak som er godkjend etter landbruksveg-forskrifta, kjem i prinsippet inn under minerallovens verkeområde. For samla uttak over 500 m³ gjeld meldeplikt til Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF), jf. minerallova § 42. For samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse, samt eitkvart uttak av naturstein krev konsesjon frå DMF før drift kan starte, jf. minerallova § 43. Det er DMF som avgjer om tiltaket er omfatta av minerallovens regelverk.

Område for samferdselanlegg/ infrastruktur.

Plankontoret merkar seg at fjellstyret er skeptiske til om ei utviding av felles parkeringsplass P01_f vil løyse parkeringsutfordringane ved Brimi seter, men at det ikkje vil gå i mot forslaget om å avsette arealet til parkering i kommuneplanen sin arealdel.

Område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø.

Plankontoret ser det er eitt godt poeng det fjellstyret uttaler vedr. landbruksdrift i område med verdifullt kulturlandskap. Plan kontoret vil føreslå at følgjande retningsline leggst til for omsynssone H570_1 – kulturlandskap i Bøverdalen og for H570_6 - Område kring setertuna på Nordsetrene: "Innafor det verdifulle kulturlandskapsområdet skal det kunne drivast aktiv jordbruksdrift med slått og beite, da dette er avgjerande og viktig for å halde ved like kvalitetane i landskapet."

1.26 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, uttale frå møte 13.09.2022 (dok.nr. 117).

Nasjonalparkstyret uttaler at dei registrerer at deira innspel om at det ikkje bør leggst inn areal med næringsformål turisme innan nasjonalparken er teke til følge, ved at dei tidlegare områda BFT20, BFT21 og BFT22 nå er tekne ut av plankartet ved 2. gongs høyring. Dei er nøgd med at areala rundt Memurubu, Gjendebu og Glitterheim nå er vist som LNFR-område med bandlegging H720 for naturvern på plankartet.

Nasjonalparkstyret peikar på at deira merknad om korrigering av planomtalen kap. 6.5, slik at også Jotunheimen blir nemnd blant dei bandlagte områda for naturvern (H720), framleis ikkje er retta opp. Dei reknar med at dette skuldast ei forgløyming, og ber om det blir retta opp.

Nasjonalparkstyret skriv det er fint at pkt. 3.1.4 i planføresegnene, no presiserer at det for tiltaka som er omtala her også kan vera nødvendig med ein dispensasjon i høve til verneforskrifta.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er tilfreds med endringane som er utført frå første til andre høyringsrunde, og uttaler at dei etter dette ikkje har andre merknader enn at kap. 6.5 i planomtalen må nemne Jotunheimen nasjonalpark saman med dei andre verneområda bandlagt som H720.

Kommentarar frå plankontoret:

Ein tek uttala til etterretning. Jotunheimen nasjonalpark er no lagt til blant dei andre verneområda i planomtalen kapitel 6.5.

2. Samandrag av uttaler til enkelte av utbyggingsområda.

For nokre av dei områda som er føreslege for framtidige utbyggingsformål i planen ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, har det kome mange uttaler. Det er i dette kapitelet laga eit samandrag for to av desse områda:

- BF14_f: Byggeområde for fritidsbustadar ved Bjønnskardet
- BFT28_f: Byggeområde for fritids- og turistformål ved Nordsætrin

2.1 BF14_f: Byggeområde for fritidsbustadar ved Bjønnskardet.

Det er mange som har merknadar til dette området ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Området er føreslege av kommunen som alternativt utbyggingsområde for fritidsbustadar til erstatning for forslag til utbyggingsområde for fritidsbustadar i det meir sentrale området på Nordsetrene som ikkje var tilrådd vidareført ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. I planomtala er BF14_f oppgjeve til 90,7 daa, med eit anslag på 48 tomter. Det er sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging. Området ligg i direkte tilknytning til eit enno ikkje utbygd hytteområde på Vågåsida av kommunegrensa, der det er 29 regulerte hyttetomter.

Lom og Skjåk brannvesen viser mellom anna til at det ved full utbygging på begge sidar av kommunegrensa, vil dette utgjera eit betydeleg tal på fritidsbustader. Dei skriv at det ved utarbeiding av VA plan må takast omsyn til krav om minimum sløkkevasskapasitet jf. byggt teknisk forskrift, og at det må leggjast til rette for tilstrekkeleg tal på uttak for sløkkevatn. Utan tilrettelagt trykkvatn vil det vera utfordrande for brannvesenet å skaffe tilstrekkeleg mengde sløkkevatn i dette området. Brannvesenet viser til at området ligg på ein åsrygg utan førekomstar av vatn eller bekkar. Avstand til brannstasjon i Lom er om lag 32 km. Avstand til brannstasjon i Vågå er om lag 15km. Brannvesenet skriv at ved ei eventuell hending, vil Vågå brannvesen stå for fyrsteinnsatsen sidan dei har kortast køyreveg. Ein viser til kapittel 1.1 framføre.

Emil Damstuen på vegne av eigarar av heilårsbustadar langs Tessvegen (på Vågåsida), viser mellom anna til at dei har den vegen som vil bli den mest nytta for tilkomst til hytteområda, tett inntil sine eigedomar. Dei viser til at Tessvegen er ein privat veg, eigd av Eidefoss Vannkraft, og at dei som brukarar er med på å finansiere vedlikehald på denne vegen. Dei skriv at det allereie i dag er på grensa av kva tolmodet deira taklar med auka trafikk langs denne vegen, og at dei ser med stor uro på den auka trafikkmengda som fleire fritidsbustadar vil føre med seg. Dei ønskjer ikkje eit nytt hyttefelt ved Bjønnskardet. Ein viser til kapittel 1.4 framføre.

Lokallaga av Naturvernforbundet (NVF) og Birdlife (BF) har ei omfattande uttale, der dei innleiingsvis skriv at uttala i hovudsak er mynta på dei to forslagene til hyttefelt ved Tesse ved Nordsetrene (BFT28-f) og Bjønnskardet (BF14-f).

Naturvernforbundet og Birdlife skriv at dei seier klart nei til de føreslegne hyttefelte ved Tesse, og med hovudgrunngeving av at hyttefelte:

- vil truge viktige naturverdiar
- ikkje er foreinleg med god arealforvaltning basert på klima- og miljøomsyn og mål for klima- og energi
- er tenkt plassert i eit verdifullt kulturlandskap med høg konfliktgrad

NVF og BF skriv mellom anna at det føreslegne hyttefeltet BF1_f i Bjønnskardet på vel 90 dekar og med opptil 48 hyttetomter, vil vere negativt for artar som elg og orrfugl, og innebere et forsterka press på disse artene ettersom det allereie er bygd mange hytter her, på Vågåsida. NVF og BF peiker på at området også er eit viktig friluftsområde for lokalbefolkninga, og at eit hyttefelt i skoglia mot

Bjønnskaret vil gjere at lokalbefolkninga vil tape det som i dag er et overvegande fredeleg og bygdenært friluftss- og rekreasjonsområde. NVF og BF åtvarar også mot lysforureining frå hyttefeltet.

NVF og BF viser til at Lom har 63 ledige tomter til fritidsbustadar, og meiner det bør være tid og mogelegheit for ein brei debatt og vurdering av korleis kommunen vil stelle seg til temaet fritidsbustadar, der ein også ser ut over kommunegrensene.

Ein viser til kapittel 1.11 framføre.

Setereigarar og beitebrukarar på Nordsetrene, peikar mellom anna på at området rundt Langmyra inkl. BF14_f er eit hyppig brukt beiteområde for kyr og sau på Nordsetrene. Nokre store kuflokkar og mykje sau har sine faste beiterundar her, og dei meiner ei utbygging av mange hytter vil øydeleggje for dette. Dei peikar vidare på at dette området er også det einaste med produktiv skog i Vårdalen Statsallmenning på sørsida av Otta elv, og at det har vore aktivt brukt for å ta ut trevirke, og blir framleis brukt til dette.

Setereigarane og beitebrukarane skriv at reiselivsaktiviteten på og rundt Nordsetrene har auka betrakteleg dei siste åra gjennom Brimi fjellstugu, Brimi klatrepark, Brimisæter og hyttefeltet på andre sida av Nordseterhøa (Uksfossen). Dei skriv at det er ei kjent sak at seter/beitebruk og reiselivsverksemd ikkje nødvendigvis går hand i hand, og at dei ser no at denne aktiviteten byrjar å overstige eit nivå som påverkar bruksutøvinga for dei som setereigarar og beitebrukarar.

Setereigarane og beitebrukarane ønskjer seg ikkje eit nytt hyttefelt ved Bjønnskardet. Ein viser til kapittel 1.12 framføre.

Styret i Vårdalen statsallmenning viser mellom anna til at Vårdalen statsallmenning forvaltar skogen i området, medan Lom fjellstyre forvaltar dei andre bruksrettane. Dei skriv vidare mellom anna at dette er gamle særrettar som ligg til setrane og kan ikkje utan vidare takast frå rettshavarane. Dei skriv at store delar av det området som BF14_Bjønnskardet dekkjer, er det einaste skogsområdet på sørsida av Ottaelva i Vårdalen statsallmenning der det er registrert produktiv skog. Vårdalen statsallmenning skriv at det framleis blir henta ut tømmer til bygging her og dei stiller seg undrande til kvifor det blir konkludert med at eit hyttefelt her ikkje vil få negative konsekvensar for dei som har bruksrettar.

Styret i Vårdalen ønskjer seg ikkje eit nytt hyttefelt ved Bjønnskardet. Ein viser til kapittel 1.13 framføre.

Brimi sæter er positive til fleire hytter i området, og ser ikkje at hytteutbygging ved Bjønnskardet av det omfang som er planlagt, er negativt for deira drift på nokon måte. Dei skriv mellom anna at deira oppfatning er at hyttefolket i stor grad set pris på landbruksaktiviteten her, og ønsker å støtte/nytte seg av tilbod knytt til dette. Dei peikar på at hyttefolk i dag brukar hyttene heile året og i lengre periodar, og at det kan opne for nye og lengre sesongar for dei i framtida.

Ein viser til kapittel 1.17 framføre.

Lom Bonde- og Småbrukarlag skriv mellom anna at dersom delmåla knytt til berekraft i forslaget til kommuneplanens samfunnsdel for Lom skal innarbeidast i planverket, kan ein ikkje vedta nye område for fritidsbustader i eit beiteområde. Dei peikar på at det vil medføre både auka energibruk og tap av utmarksbeite i eit verdifullt kulturlandskap. Bonde- og småbrukarlaget peikar på at det ligg i dag 63 ubygde, ferdig regulerte hyttetomter til dette formålet i kommunen. Med vising til måla som kommunen sjølv har sett seg i kommuneplanens samfunnsdel, meiner Lom bonde- og småbrukarlaget at er det merkeleg om det da blir vedtatt å setje i gong ein prosess med å regulere

nye område. Dei skriv at det vil vera i konflikt med overordna målsetjingar både lokalt og nasjonalt, samt redusere verdien av området for det som vil vera ei veldig viktig næring framover – landbruket.

Lom Bonde- og Småbrukarlag ber Lom kommune trekkje områda BF14_f. Ein viser til kapittel 1.19 framføre.

Lom sau- og geitealslag skriv mellom anna at dei meiner at det ikkje bør etablerast nye område til hyttefelt i høgfjellet, dette for å unngå konflikter med beitenæringa. Dei viser til at ein stor del av utmarka blir brukt til beite for sau og storfe, og at dette er, og gjennom alle tider har vore, ein stor og viktig ressurs for gardane i Lom. Lom sau- og geitealslag skriv at dei ikkje er imot meir hyttebygging i Lom, da vi ser at dette kan vera positivt og føra til nye arbeidsplassar og auka aktivitet. Men dei stiller spørsmål om det er det mogleg å leggja hyttefelt i lågareliggande delar av bygda i staden for i fjellet. Ein viser til kapittel 1.20 framføre.

Jehans Storvik jr. skriv mellom anna han meiner mengda hytter og folk som er ved Tesse pr. no, er i samsvar med naturens eigne grenser. Han meiner at utbygging ikkje vil vere foreinleg, eller forsvarleg m.o.t. dagens økosystem. Storvik skriv han fryktar sterkt at dølakulturen som gjennom tidene har vorte forma på Tesse, vil svinne hen ved ei større utbygging av hyttefelt. Storvik skriv at han, med familie, er i prosess for å ta over gard som ligg nokre kilometer frå Tesse, og at det flyttar tilbake for nærleik til natur og fred, ikkje for hyttefelt. Han skriv at å kunne nyte natur nære bustad, kanskje er det viktigaste privilegium for å bu i Norddalen. Storvik skriv at han ikkje er i mot nokre fleire utleiehytter, men ein hyttelandsby, er han sterkt imot. Han skriv at om det i verste tilfelle blir bygd hyttefelt, så håpar han det inderleg det blir gjeve forbod mot innlagt straum og vatn.

Ein viser til kapittel 1.22 framføre.

Vårdalen beitelag skriv mellom anna at Lom kommune har peikt seg ut som ein kommune som ikkje har kasta seg på hyttebyggingstrenden. Dei skriv at har kommunen derfor har mykje urørt natur, fleire flotte setergrender som er i aktiv bruk og verdifulle område for utmarksbeite. Beitelaget peikar på at utmarksbeita er avgjerande for å kunne drive eit berekraftig landbruk i denne landsdelen og beitedyra er med på å skjøtte kulturlandskapet. Dei skriv at dette er faktorar som truleg er med på å gjere Lom attraktiv i reiselivssamanheng.

Beitelaget skriv at området ved Bjønnskardet, også er eit viktig beiteområde, spesielt om hausten når dyra soppar og høgfjellsbeitet blir dårlegare. Beitelaget meiner at hytteutbygging og utbygging til fritids- og turistformål utover det som er i området pr. i dag, vil forringe beiteretten, det vil bli konflikt mellom landbruk og turistnæring og det vil forringe det autentiske ved området.

Beitelaget skriv at det er viktig å nemne at det alt er avsett tomter til hytter i området, at fleire av tomtene er ledige og at Uksfossen hyttefelt på Tessanden grensar heilt inn til Nordseterområdet. Dei meiner at fleire hytter enn det det alt er tilrettelagt for vil øydelegge Nordsetrene/Tesse/Heimfjellsområdet heilt som utmarks-, landbruks- og rekreasjonsområde.

Vårdalen Beitelag ber om at Lom kommune ikkje tillet hytteutbygging eller bygging til fritids- og turistføremål på Nordsetrene og Bjønnskardet i Vårdalen Statsallmenning. Ein viser til kapittel 1.23 framføre.

Lom fjellstyre skriv mellom anna at dei vil framheve at samla bruk og påverknad frå eksisterande fritidsbustader, reiselivs- og aktivitetsverksemd ved Tesse, er ved ei tolegrense. Realisering av føreslegne byggeområde for fritidsbustader vil kunne medverke til at grensa for tåla bruk blir

overskride og avvikling av eksisterande seter- og beitebruk kan bli ein realitet. Fjellstyret er negative til at BF14_f Bjønnskaret og BF05_f/BFT28_f Nordsetrene framleis ligg inne.

Fjellstyret viser til si uttale i fyrste høyringsrunde, og skriv at dei meiner auka aktivitet knytt til fritidshytter og reiseliv ha ein negativ påverknad på seter- og beitebruk i Tesseområdet. Fjellstyret peikar på at det ikkje er bygningar og installasjonar i seg sjølv, men auka aktivitet- og bruk av området som vil bli ei utfordring.

Området BF14_f i Bjønnskardet ligg 1 km i frå og i gangavstand frå seterområdet på Nordsetrene. Fjellstyret skriv at ei realisering av dette hyttefeltet vil påverke eksisterande seter og beitebruk i heile området. Fjellstyret meiner at påverknaden ei utbygging i dette området vil ha på landskapet, er for dårleg vurdert og vektlagt av kommunen. Området ligg på eit høgdedrag, som i dag er dominert av tettvaksen skog. Det er lett synleg frå store deler av Tesseområdet, spesielt frå seterområdet på Nordseter. Fjellstyret meiner at ei utbygging av 48 høgstandarhytter her vil bli svært dominerande. Ein viser til kapittel 1.25 framføre.

2.1 BFT28_f: Fritids og turistformål ved Nordsætrin.

Det er mange som har merknadar til dette området ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Området ligg mellom Tessvegen og Osvegen og er sett av som fritids- og turistformål for bygging av utleiehytter med tanke på turistbedriftene i området. Det var Brimi sæter som i starten av kommuneplanarbeidet, kom med innspel om eit område for bygging av overnatting på/i nærleiken av det arealet som no er BFT28_f. I løpet av planprosessen har arealet fått endra plassering og utforming i forhold til det opphavlege forslaget. I planomtala er BFT28_f oppgjeve til 24,2 daa (reduisert til 18,5 daa i framlegget til sluttbehandling). Det er sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

Emil Damstuen på vegne av eigarar av heilårsbustadar langs Tessvegen (på Vågå-sida), viser mellom anna til at dei har den vegen som vil bli den mest nytta for tilkomst til hytteområda, tett inntil sine eigedomar. Dei viser til at Tessvegen er ein privat veg, eigd av Eidefoss Vannkraft, og at dei som brukarar er med på å finansiere vedlikehald på denne vegen. Dei skriv at det allereie i dag er på grensa av kva tolmodet deira taklar med auka trafikk langs denne vegen, og at dei ser med stor uro på den auka trafikkmengda som fleire fritidsbustadar vil føre med seg. Dei ønskjer ikkje eit nytt hyttefelt BFT28_f ved Nordsætrin. Ein viser til kapittel 1.4 framføre.

Fylkesutvalet i Innlandet gjorde i møte 06.09.2022 i sak 99/2022 slikt vedtak vedrørande BFT28_f:

- Fylkesutvalget anbefaler at området BFT28_f Nordsetrene tas ut av planen, av hensyn til nærliggende kulturmiljø og landskapsbildet.
- I område BFT28_f Nordsetrene bør totalbelastningen i området vurderes og det må sikres at viktig areal for landbruket ikke båndlegges gjennom økte inngrep og økt aktivitet fra fritidsbebyggelse. For å sikre at landbruket kan videreføre driften på dagens nivå og ha vekstmuligheter, må arealplanlegging sørge for at næringen har sikres gode driftsforhold, og bygge ned potensielle konflikter mellom landbruk og fritidsbebyggelse med tilhørende aktivitet.

Ein viser til kapittel 1.8 framføre.

Lokallaga av Naturvernforbundet (NVF) og Birdlife (BF) har ei omfattande uttale, der dei innleiingsvis skriv at uttala i hovudsak er mynta på dei to forslagene til hyttefelt ved Tesse ved Nordsetrene (BFT28_f) og Bjønnskardet (BF14_f).

Naturvernforbundet og Birdlife skriv at dei seier klart nei til de føreslegne hyttefeltet ved Tesse, og med hovudgrunngeving av at hyttefeltet:

- vil truge viktige naturverdiar
- ikkje er forenleg med god arealforvaltning basert på klima- og miljøomsyn og mål for klima- og energi
- er tenkt plassert i et verdifullt kulturlandskap med høy konfliktgrad

NVF og BF skriv mellom anna at for det føreslegne hyttefeltet BFT28_f (utleigehytter) på om lag 24 dekar mellom Osvegen og Tessevegen, er hovudproblemet plasseringa av et hyttefelt med sannsynleg stort belegg (langt høgare enn for private hytter) midt i dette opne natur/kulturlandskapet. Dei peikar på at eit høgt belegg vil gi stor trafikk og aktivitet året rundt ut frå desse hyttene, og meiner det vil utgjere ei direkte forstyrring og trussel mot ville fuglar og dyr. NVF og BF åtvarar også mot lysforureining.

NVF og BF viser til at Tesseområdet allereie har stor turisttrafikk til turist-bedriftene Brimi seter, Brimi fjellstugu, klatreparken og Vianvang. Dei meiner ferdsel og aktivitet tilknytt turistnæringa her er så omfattande at ei auke vil føre til at området sine kvalitetar og attraktivitet vert forringa. Dei skriv at dei er kjent med at det er lokale turistbedrifter som har foreslått hyttefelt ved Tesse, noko som undrar dei, da det dei meiner det vel nettopp er naturen, kultur- og seterlandskapet/livet som er berebelken og det største aktiva for marknadsføring for desse bedriftene. NVF og BF oppfordrar det etablerte næringslivet ved Tesse til å «ha magemål», og heller bidra til å verne om dette unike landskapet.

NVF og BF peikar på at Lom kommune foreslår hyttefelt i et kulturhistorisk landskap av nasjonal verdi. Dei viser Riksantikvarens forslag om å registrere landskapet ved Tesse som eit kulturhistorisk område av nasjonal verdi (KULA). Ein viser til kapittel 1.11 framføre.

Setereigarar og beitebrukarar på Nordsetrene viser mellom anna til at BFT28_f vil bli utleigehytter som Brimi Sæter og evt. Brimi Fjellstugu skal disponere. Dei skriv at dette vil generere mykje meir folk i området, parkeringsproblematikk, konflikhtar med omsyn til beitedyr og folketrafikk. Dei meiner dessutan at ei seter som driv med «småskala turistverksemd» ikkje skal drive med utleige av mange hytter. Dei skriv at då er det ikkje småskala lenger, og at statusen på sætra i så fall må endrast. Setereigarane og beitebrukarane skriv at det er eit tankekors at dersom ei seter får gjennom dette, så må det vera ei moglegheit for at alle andre som har seter òg kan drive på samene måte. Dei skriv at dette vil ikkje på nokon måte vere berekraftig eller reelt.

Setereigarane og beitebrukarane skriv at reiselivsaktiviteten på og rundt Nordsetrene har auka betrakteleg dei siste åra gjennom Brimi fjellstugu, Brimi klatrepark, Brimisæter og hyttefeltet på andre sida av Nordseterhøa (Uksfossen). Dei skriv at det er ei kjent sak at seter/beitebruk og reiselivsverksemd ikkje nødvendigvis går hand i hand, og at dei ser no at denne aktiviteten byrjar å overstige eit nivå som påverkar bruksutøvinga for dei som setereigarar og beitebrukarar. Dei skriv at bruken av området er stor både med tanke på dyr på beite, fleire aktive setrer, mykje turistar og ikkje minst biltrafikk. Setereigarane og beitebrukarane peikar på at dyr på utmarksbeite blir forstyrta, vegane blir hardt belasta og at forsøplinga aukar. Dei skriv at ein no vipper på eit balansepunkt at ei utviding av turistverksemdene og eit evt. nytt hytteområde, vil føre til at ein ikkje lenger har kontroll på same måte som i dag og konfliktane som ein kjenner godt frå media i andre hyttekommunar vil gjera seg gjeldande.

Setereigarane og beitebrukarane ønskjer seg ikkje eit nytt område for fritids- og turistformål BFT28-f ved Nordsetrene. Ein viser til kapittel 1.12 framføre.

Brimi sæter gjer først i uttala greie for korleis dei driv Brimi sæter. Stikkord er: foredling av mesteparten av setermjølka til tradisjonelle seterprodukt, servering av seterkost, enkel overnatting i eit autentisk setermiljø, formidling av seterkulturen (historier, musikk), satsing på gamle husdyrrasar og vårkalving med høg mjølkeproduksjon i beitesesongen.

Dei skriv at dei no er 6 heilårs tilsette og i høgsesong har det vore over 35 namn på vaktlista. Dei skriv at dei ikkje har mål om å vokse særleg meir, men at dei ønsker å føle moglegheit for vidare utvikling på andre måtar.

Brimi sæter viser mellom anna til at dei i samsvar med reguleringsplanen for Brimi sæter frå 2009, ikkje kan utvide overnattingskapasiteten ut over det som er knytt til seterdrifta og gardsturisme knytt til seterdrifta. Dei skriv at dei for framtida ser verdien av å behalde setra så autentisk som mogleg. Dei skriv at Brimi sæter har avgrensa overnattingskapasitet på setra i forhold til ete-plassar og er i dag ganske avhengig av naboseter til overnatting for å utnytte kapasiteten på anlegget elles. Dei viser til at dei ikkje kan tilby overnatting med høgare standard (eige bad/toalett) som fleire etterspør, og at dei også mistar også ein del firmakundar som ynskjer «enkeltrom». Dei skriv at firmamarknaden er eit potensial dei ønsker å utvikle vidare, for å utnytte skuldersesong og midtveke i større grad. Dei skriv at dette også vil kunne skape fleire arbeidsplassar.

Brimi sæter skriv dei ser området BFT28_f som eit positivt innspel frå Lom kommune. Med gå-avstand til setra, kan overnatting i dette området fint supplere enkel overnatting på setra og dekke behov dei manglar i dag. Dei meiner at utvikling på dette arealet i liten grad vil påverke trafikk og beiterett for dei andre setrene.

Ein viser til kapittel 1.17 framføre.

Lom Bonde- og Småbrukarlag skriv mellom anna at dersom delmåla knytt til berekraft forslaget til kommuneplanens samfunnsdel for Lom, skal innarbeidast i planverket, kan ein ikkje vedta nye område for fritidsbustader i eit beiteområde. Dei peikar på at det vil medføre både auka energibruk og tap av utmarksbeite i eit verdifullt kulturlandskap. Bonde- og småbrukarlaget peikar på at det ligg i dag 63 ubygdte, ferdig regulerte hyttetomter til dette formålet i kommunen. Med vising til måla som kommunen sjølv har sett seg i kommuneplanens samfunnsdel, meiner Lom bonde- og småbrukarlaget at er det merkeleg om det da blir vedtatt å setje i gong ein prosess med å regulere nye område. Dei skriv at det vil vera i konflikt med overordna målsetjingar både lokalt og nasjonalt, samt redusere verdien av området for det som vil vera ei veldig viktig næring framover – landbruket.

Lom Bonde – og Småbrukarlag ber Lom kommune trekkje områda BFT28_f. Ein viser til kapittel 1.19 framføre.

Lom sau- og geitealslag skriv mellom anna at dei meiner at det ikkje bør etablerast nye område til hyttefelt i høgfjellet, dette for å unngå konflikter med beitenæringa. Dei viser til at ein stor del av utmarka blir brukt til beite for sau og storfe og at dette er, og gjennom alle tider har vore, ein stor og viktig ressurs for gardane i Lom. Lom sau- og geitealslag skriv at dei ikkje er imot meir hyttebygging i Lom, da vi ser at dette kan vera positivt og føra til nye arbeidsplassar og auka aktivitet. Men dei stiller spørsmål om det er det mogleg å leggja hyttefelt i lågareliggande delar av bygda i staden for i fjellet. Ein viser til kapittel 1.20 framføre.

Vårdalen beitelag skriv mellom anna at Lom kommune har peikt seg ut som ein kommune som ikkje har kasta seg på hyttebyggingstrenden. Dei skriv at har kommunen derfor har mykje urørt natur, fleire flotte setergrender som er i aktiv bruk og verdifulle område for utmarksbeite. Beitelaget peikar på at utmarksbeita er avgjerande for å kunne drive eit berekraftig landbruk i denne landsdelen og beitedyra

er med på å skjømte kulturlandskapet. Dei skriv at dette er faktorar som truleg er med på å gjere Lom attraktiv i reiselivssamanheng.

Vårdalen beitelag skriv at utbyggingsområda i planen ligg alle i området på Nordsetrene og i området ikring som tradisjonelt har vore, og framleis er, viktige område for beitedyr. Områda er trekkveg, beite- og kvileområde for storfe og sau på utmarksbeite. Beitelaget meiner at hytteutbygging og utbygging til fritids- og turistformål utover det som er i området pr. i dag, vil forringe beiteretten, det vil bli konflikt mellom landbruk og turistnæring og det vil forringe det autentiske ved området.

Beitelaget skriv at det er viktig å nemne at det alt er avsett tomter til hytter i området, at fleire av tomtene er ledige og at Uksfossen hyttefelt på Tessanden grensar heilt inn til Nordseterområdet. Dei meiner at fleire hytter enn det det alt er tilrettelagt for vil øydelegge Nordsetrene/Tesse/Heimfjellsområdet heilt som utmarks-, landbruks- og rekreasjonsområde.

Vårdalen Beitelag ber om at Lom kommune ikkje tillet hytteutbygging eller bygging til fritids- og turistføremål på Nordsetrene og Bjønnskardet i Vårdalen Statsallmenning.

Ein viser til kapitel 1.23 framføre.

Lom fjellstyre skriv mellom anna at dei vil framheve at samla bruk og påverknad frå eksisterande fritidsbustader, reiselivs- og aktivitetsverksemd ved Tesse, er ved ei tolegrense. Realisering av føreslegne byggeområde for fritidsbustader vil kunne medverke til at grensa for tåla bruk blir overskride og avvikling av eksisterande seter- og beitebruk kan bli ein realitet. Fjellstyret er negative til at BF14_f Bjønnskaret og BF05_f/BFT28_f Nordsetrene framleis ligg inne.

Fjellstyret viser til si uttale i fyrste høyringsrunde, og skriv at dei meiner auka aktivitet knytt til fritidshytter og reiseliv ha ein negativ påverknad på seter- og beitebruk i Tesseområdet. Fjellstyret peikar på at det ikkje er bygningar og installasjonar i seg sjølv, men auka aktivitet- og bruk av området som vil bli ei utfordring.

Fjellstyret peikar på at BF05_f byggeområde for fritidshytter er i 2. gongs høyring endra til BFT28_f byggeområde for fritids- og turistformål. Lom fjellstyre meiner at dei negative konsekvensane for seter- og beitebruk ikkje blir mindre ved å knyte hyttene til eksisterande turistverksemd. Høgare belegg, auka bruk og gjester som i mindre grad er kjent med tilhøva vil truleg gje auka negativ påverknad jf. ordinære fritidsbustader. Som synt til i saksutgreiinga kan det, etter gjeldande føresegner i fjellov og seterforskrift, ikkje utvisast areal til oppføring av slike frittståande utleigehytter knytt til ei seter. Utvising må i tilfelle sjåast på som ei nyetablering. Ei ny reiselivsverksemd er ikkje ynskjeleg midt i eit seterområde.

Ein viser til kapitel 1.25 framføre.